

# **Årsrapport 2013**

**Fylkesmannen i Hordaland**

## Innhold

<b>Kapittel 1 - Om embetet</b>	Side 4
<b>Kapittel 2 - Sentrale politiske føringer</b>	Side 15
<b>Kapittel 3 - Resultatområder</b>	Side 21
Kongehuset	Side 21
Miljøverndepartementet	Side 21
Landbruks- og matdepartementet	Side 29
Kunnskapsdepartementet	Side 46
Statens Helsetilsyn	Side 65
Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet	Side 68
Justis- og beredskapsdepartementet	Side 71
Kommunal- og regionaldepartementet	Side 79
Arbeidsdepartementet	Side 83
Helse- og omsorgsdepartementet	Side 85
Samferdselsdepartementet	Side 95
Utenriksdepartementet	Side 95
Kulturdepartementet	Side 95
Fornyings-, administrasjons- og kirkedepartementet	Side 96
Andre	Side 99
Endringer i årsrapporten	Side 100

# Kapittel 1 - Om embetet

## 1.1 Tilstanden i embetet og fylket generelt

### 1.1.1 OM FYLKET GENERELT

#### Hordaland – vekst og ikkje-vekst

Hordaland er samla sett eit vekstfylke med kraftig auke i folketalet. Veksten er også forventa å bli stor i dei neste 50 åra, og då særleg i Bergen og dei bynære kommunane. Bergensområdet har i dag om lag 380 000 innbyggjarar. Det er rekna med ein auke på 160 000 innbyggjarar innan 2040. Veksten vil i dei neste 30 åra tilsvare veksttakten ein har hatt i perioden frå 2002 – 2010. Som fleire andre stader i landet er det eit markant trekk at veksten er skjeivt fordelt, med kraftig vekst i kystkommunane og med liten eller ingen vekst i innlands- og fjellkommunane i fylket. Det er såleis ein betydeleg regional ubalanse i fylket, med klåre sentraliseringstendensar ved at Bergen og dei bynære kommunane har stor folkevekst, sjå nærmere omtale under avsnittet Utkantproblem i vekstfylket nedanfor.

#### Synleg stat i fylket

Denne sterke veksten gir seg også uttrykk i ein formidabel investeringstakt frå staten i fylket. I dei siste åra har staten investert eller teke beslutning om investeringar på vel kr 13 mrd til bygg og anleggsinvesteringar, med dei største investeringsobjekta slik:

- Gulating lagmannsrett, kr. 503 mill
- Håkonsvern marinebase, kr. 3 000 mill
- Norges Handelshøyskole – bygg, kr. 472 mill
- Universitetet i Bergen – nytt odontologibygg, kr. 853 mill
- Høgskolen i Bergen, Kronstad, kr. 2 560 mill
- Statsarkivet i Bergen, kr. 206 mill
- Haukeland universitetssjukehus – ny barneklinikk, kr. 4 500 mill
- Kunst – og designhøgskolen, Bergen, kr. 1 037 mill

Det er i 2013 brukt kr. 213 mill til førebuande arbeid i samband med ny tunell gjennom Ulriken. Dette prosjektet er til saman kostnadsrekna til kr. 3,7 mrd. Dessutan er det eit historisk høgt nivå på investeringane til gjennomføring av vegprosjekt i fylket.

Samla sett har derfor statlege løyingar bidratt i ikkje uvesentleg mon til den store økonomiske aktiviteten i fylket.

#### Næringsutvikling og samferdsle

Hordaland er eit olje- og gassfylke med sterke vekststimulansar til mange bedrifter som direkte og indirekte lever av olje-/gass-sektoren. Funna av to nye felt i Nordsjøen dei to siste åra, og ekspansjonen i oppdrettsnæringa gir betydeleg vekststimulering og optimisme til næringslivet. Denne vekstkrafta til mange bedrifter gir stor kamp om arbeidskrafta som utfordrar tradisjonelt næringsliv med lågare lønsevne. Det gjeld særleg eksportretta, tradisjonelt næringsliv utanfor olje-/gass-sektoren som vert pressa av m.a. auka lønsnivå.

Vekstkrafta i fylket (spesielt i Bergen og kystkommunane) gir formidable utfordringar når det gjeld reiseetterspørsel og transportavvikling for person- og gods- og varetransport. Transportmodellar viser auken i reiseetterspørsel frå 50 – 150 prosent i 2040 dersom befolkninga får reisa «uhindra», dvs utan kapasitetsskrankar, trafikantbetaling eller andre trafikkregulerande tiltak.

Den alt spengde kapasiteten på delar av transportnettet skapar særlege utfordringar for miljø og folkehelse i Bergen og bergensregionen. Regionen ligg mange år etter i etablering av kollektivsystem, då det i for lang tid har vore satsa på vegutbygging som svar på transportutfordringane.

#### Kommuneøkonomi og – struktur

Den demografiske utviklinga i fylket, med vekst og stagnasjon i ulike delar av fylket, stiller kommunane overfor særskilte økonomiske utfordringar.

Kommunane i indre strøk, med langvarig nedgang i folketalet, må tilpasse tenestene til lågare inntekter og samstundes ei aldrande befolkning. Utfordringa for desse er at ein stor del av utgiftene er meir eller mindre faste.

Vekstkommunane i bergensregionen har gjennomført store investeringar (m.a. innan skulesektoren og infrastruktur). Sjølv om inntektene aukar med fleire innbyggjarar, er det svært krevjande å dekke det auka tenestebehovet og dei aukande utgiftene som følgje av investeringane. Vekstkommunane har i den siste tida òg fått ei utfordring som følge av at andelen eldre innbyggjarar er aukande.

Kommunane i fylket utanom Bergen har no eit gjeldsnivå som ligg noko høgare enn landsgjennomsnittet.

Det er ikkje grunnlag for seie at kommunane i fylket skil seg ut med svakare økonomi enn gjennomsnittet i landet over tid. Det er likevel verd å merke seg at stadig fleire kommunar har sett eit behov for å utvide grunnlaget for egedomskatt for å nå desse resultata. Det har også vore tilfelle i 2013.

Ein del av det kommunaløkonomiske biletet er også at mange av kommunane i fylket har gjennomgått, og planlagt, til dels betydelege endringar i skulestrukturen. Endringane betyr større grad av sentralisering, med færre og større einingar.

Det er framleis fire kommunar i ROBEK-registeret i fylket; Stord, Kvinnherad, Meland og Osterøy, dvs inga endring frå 2012 til 2013. Talet har vore stabilt over nokre år, men det har ikkje alltid vore dei same kommunane.

Mange av kommunane i fylket har naturressursskatt og kraftinntekter og egedomsskatt frå kraftanlegg. Nokre få kommunar skil seg ut med svært høge inntekter frå egedomsskatt frå anlegg knytte til olje- og gassverksemda.

Kommunane i fylket hadde i 2013 (både med og utan Bergen) ei noko lågare prosentvis skattevekst enn landsgjennomsnittet.

Det er eitt strukturert kommunestrukturprosjekt på gong i fylket. Det er mellom kommunane i Nordhordland. Dessutan er det uformelle diskusjonar mellom fleire kommunar i lys av den varsla kommunestrukturreforma, og det er starta gode og nytige prosessar. Fylkesmannen meiner desse vil skyte fart nå det i noko større mon må ventast at føresetnadene for samanslåing vert klårgjorte i kommande kommuneøkonomiproposisjon. Med dei store kommunikasjonsendringane og -forbetringane som har skjedd dei siste 20 – 30 åra i fylket, er Fylkesmannen av den oppfatninga at vi i dag har ein forelda kommunestruktur i fylket. Den er hindrande for å få til betre oppgåveløysing med eksisterande ressursar på ulike område. Det gjeld t.d. innan beredskap, barnevern, omsorgstenester, skule/barnehagar, arealforvaltning.

### **Arealpress. Plan og areal**

Stor vekst i ytre delar av Hordaland fører til eit særskilt arealpress i Bergen og dei bynære kommunane. Med grunnlag i befolkningsprognosane vil det medføre trøng for om lag 86 000 arbeidsplassar og 60 - 80 000 nye bustadar innan 2040. Samla sett gjev dette store utfordringar for å sikre ei berekraftig og langsiktig arealforvaltning.

Det har lenge vore eit sagn at det har mangla ein overordna regional areal- og transportplan for å kanalisere vekst og utvikling i fylket. Hordaland fylkeskommune har no starta opp eit slikt revisjonsarbeid for området i Bergen og tolv omegnskommunar. Med den store veksten som er forventa i dette området er det avgjerande at regional planlegging inneholder høvelege verkemiddel for å styre denne veksten i eit regionalt perspektiv.

I Bergen har bybaneutbygginga ført til auka fart i fortettinga kring bybanen og såleis skapt eit momentum for ein betre miljømessig areal- og transportpolitikk. Fylkesmannen ser det som ei viktig oppgåve å sjå til at denne utviklinga held fram, og at uttrykte ønskjer om fortetting for å hushaldere med areal vert realiserte gjennom ei stram styring av planlegginga for nye bustadar i Bergen og omegnskommunane. Det er framleis for mange døme på utbyggarinitierte, reikt bilbaserte bustadprosjekt i marginale område både i Bergen og i omegnskommunane, som därleg harmonerer med intensjonane om fortetting og ein betre areal- og transportpolitikk.

Fylkesmannen i Hordaland har i denne samanhengen fått midlar til eit fireårig prosjekt for å verke til at det vert lagt til rette for tilstrekkeleg med bustadar i kommunane gjennom ei godt planlagd fortetting i området kring Bergen. Prosjektleiar har vore tilsett sidan hausten 2013. Vi har konsentrert oss om sju- åtte kommunar der temaet er særleg aktuelt. Det har vore samtaler med kvar av desse om aktuelle prosjekt knytte til byutvikling og bustadbygging. Vi tilbyr fagleg hjelpe, støtte og inspirasjon. Vi vil og opne for at nokre av dei aktuelle kommunane kan søke om skjønsmidlar til t.d. studiar om kva som er mogeleg og fornuftig i den aktuelle kommunen.

Kommunane i Hordaland har generelt godt oppdaterte kommuneplaner. Det vil elles vere eit fokusområde frå regionale styresmakter at dei kommunane som framleis ikkje har oppdaterte kommuneplaner etter ny plan- og bygningslov, skal rullera eksisterande plan.

Regjeringa har beslutta at planlegginga av kyststamvegen, E 39, skjer som statleg plan etter reglane om dette i plan- og bygningslova.

Med den sterke veksten som er og vil kome i Bergen og bergensområdet, saman med fråverande regional arealplanlegging, kan det vere fleire prosjekt og tiltak som burde har vore vurdert utvikle etter statleg plan. Vi nøyer oss her med å peike på eitt prosjekt/ tiltak; planlegging av flytting av jernbanegodsterminalen i Bergen sentrum, sett i samanheng med ny godshamn for bergensområdet, der Flesland, med Bergen lufthamn, er eitt av alternativa som vert utgreidd. Spørsmålet her omfattar komplekse tema som delvis kan vere kommuneoverskridande og der ansvarsområde for fleire statlege instansar, Jernbaneverket, Avinor, Kystverket, Statens vegvesen, er involverte.

Det har lenge vore og framleis er eit problem i Hordaland at det har vore gitt mange dispensasjonar frå gjeldande planar. Likevel ser vi no ei positiv utvikling. I 2011 fekk Fylkesmannen ca 1500 dispensasjonar til uttale, medan det i 2012 var redusert til noko i overkant av 1000 dispensasjonar. Talet for 2013 er nokolunde det same. Det vi ser, er at dispensasjonar etter kvart vert brukte som unntaksregel etter det som er intensjonen i plan- og bygningslova, og at ein ikkje i like stor grad som før brukar dispensasjonar for tiltak som krev plan. Det medfører også at klager på dispensasjonar frå Fylkesmannen er gått ned, frå 174 klager i 2011 til 59 klager i 2012 og 37 i 2013. Denne utviklinga meiner vi har samanheng med at det i kommunane ei auka merksemd på at arealutviklinga må styrast etter plan. Fylkesmannen har lagt stor vekt på dette i kommunikasjonen med kommunane.

Hordaland har ei stor og variert strandsone. I samband med auka arealpress generelt, aukar òg presset på strandsona. Særleg i tettbygde strok er strandsona delvis nedbygd og privatisert. Det har skjedd gjennom både godkjende planar og ved dispensasjonar. Fylkesmannen har også i 2013 vore deltarar og premissleverandør i det pågåande arbeidet med interkommunal strandsoneplan og regional kystplan. Vi merkar ei generell aukande merksemd frå kommunane om dei utfordringane dei står overfor ved vidare nedbygging av strandsona.

### **Motsegnsprosjektet – vellukka, men ufullstendig**

Hordaland tek del i forsøket der Fylkesmennene er gitt mynde til å samordne og om nødvendig avskjere statlege motsegner. Forsøket vart sett i gang frå 1. september 2013. Det har i tida etter vore mange møte med kommunar og statlege organ for så tidleg som mogeleg å drøfta løysingar på spørsmål som er reiste enten av kommunane eller statlege motsegnsorgan. Forsøket er ennå ikkje systematisk evaluert, men Fylkesmannen sitt hovudinntrykk er at det er etablert ein god dialog med kommunane på eit tidlig stadium, slik at det p.t. nærast ikkje blir nytta motsegner då dei aktuelle spørsmåla blir løyste etter dialog.

Slik forsøket har fungert i embetet, kan det seiast at det har funne stad eit paradigmeskifte i måten embetet, saman med kommunane og andre statsetatar, arbeider med arealplanane på. Det kan seiast å vere framskotne meklingsmøte, der fokuset og konsentrasjonen er å finne løysingar i dialog med kommunane og andre regionale statsetatar, i motsetning til tidligare der fokuset lett var å ha konsentrasjon på det restriktive, i.e. kvar grensene går når det gjelde vesentlege regionale og statlege interesser.

Forsøket har etablert ein framgangsmåte der det er eit betre balanseforhold mellom stat og kommune, og der det er dei gode argumenta som vinn fram og står i fokus, og ikkje statens maktmiddel på dette området, motsegn.

Når regjeringa no vurderer å gjere denne forsøksordninga permanent for alle Fylkesmenn frå 2015, vil vi tilrå at det blir gjennomført. I denne samanhengen bør det vurderast om ansvarsområde kulturminne også bør bli ein del av forsøket. Også innan dette ansvarsområdet er det vesentlege regionale og statlege omsyn med utgangspunkt i kulturminnelovgjevinga som skal vurderast. Det vil ikkje minst for kommunane vere ein stor fordel å ha ein møtestad der dei kan diskutere dei samla omsyn som gjer seg gjeldande i arealplanlegginga, og der det kan bli gitt autoritative utsegner om det vidare planarbeidet.

### **Miljøutfordringane er mange og komplekse**

Klimaendringane er den største utfordringa vi står framfor, og vi ser stadig nye teikn på endringane. For å redusere klimagassutsleppa må vi endre grunnleggjande samfunnsstrukturar. Skal vi avgrense temperaturauken til to-graders-målet, må vi snu vekst i utsleppa til reduksjon raskt.

Den sterke veksten i fylket gjev i tillegg mange andre miljøutfordringar.

Fortsatt vekst i oppdrettsnæringa gav meir rømt fisk i 2013 enn tidlegare. Ei stor oppdrettsnæring gjev miljøutfordringar knytte til lokalisering, sakshandsaming, og tilsyn med utslepp og miljøstyring. Bestandar av laks og sjøaure er hardt pressa av effektar av lakselus og fisk. Redningsaksjonen for Vossolaksen, fiskefelle i Etne-elva og kalking er døme på tiltak for å ta vare på dei viktige laksebestandane våre.

Aktiviteten innan naturforvaltning er retta mot forvaltningsplanar for verneområda, tiltak i verneområda, prioriterte artar og naturtypar etter naturmangfaldlova. Artar som hubro og elvemusling har fått særleg merksemd i 2013. Det er gjort eit godt arbeid for å forberede frivillig skogvern i fleire område. I august vart det gjennomført ein rotenon-aksjon for å stogge spreieing av ørekryt inn i Hardangervidda nasjonalpark frå aust. To risikoområde vart behandla etter at det vart bygde nye oppgangshindre i vassdraga i områda.

Det er framleis stor interesse for å byggje småkraftverk. Det set vassdragsnaturen under press. Drivkraftene her er nasjonale mål om fornybar energi og grøne el-sertifikat. Hordaland har flest søknader. Opprusting av fleire eksisterande kraftverk er og i gong.

Den sterke veksten i fylket gjev generelt mange søknadar om løyve etter forureiningslova og høg tilsynsaktivitet. Bruken av uanmeldt tilsyn er auka.

God vassforvaltning etter vassforskrifta er eit satsingsområde som skal gje reint og godt vassmiljø.

Fleire av dei største kommunane i fylket har store utbyggingsoppgåver med å reinse kommunal kloakk.

Det er og eit etterslep på å rydde opp i miljøgiftforureina grunn og sjøbotn. Her er innsatsen retta inn mot Bergen hamn og Sørfjorden i Hardanger.

Miljøinformasjon vert oppdatert på vår regionale side på miljøstatus.no

### **Inga løysing for luftkvaliteten i Bergensdalen**

Utsleppa frå transportsektoren er framleis for høge målt som årsmiddel i Bergensdalen. Fortsatt sterkt vekst i trafikken i åra som kjem, vil føre til nye køar då vegkapasiteten er for liten i rushtida. Nye rapportar viser at køprising vil gje betre luftkvalitet og betre framkomst. Køprising vil i tillegg vere samfunnsøkonomisk lønsamt. Det kan forsterkast ytterlegare ved å nytte inntektene til å betre kollektivtilbodet og legge til rette for gang- og sykkelveg og innfartsparkering. Køprising som tiltak er så langt ikkje sett i verk av Bergen kommune.

### **Barnehage og skule**

Vekst i folketetalet og sentraliseringstendensar gir utfordringar på barnehage- og utdanningsfeltet. Retten til barnehageplass er realisert i Hordaland, men problemstillingar knytte til dimensjonering, reiseavstand til barnehage og oppfylling av retten til plass på nærskulen gjør seg gjeldande i kommunar og område med stor tilflytting og auke i talet på barn og unge. Kommunane er opptatte av korleis dei kan utnytte ledig kapasitet i skular som ikkje er utsette for same press utan at dei kjem i konflikt med nærskuleretten. Frå fylkesmannen si side rettleiar vi kommunane om handlingsrommet gjennom dei resultata vi kjem fram til i klagesaker, i tillegg til løpande dialog om regelverket.

Eit anna område som gir grunn til betydeleg uro er tilstanden når det gjeld skulebygg og fysisk tilrettelegging for elevar i klasserom. I Hordaland viser kartlegginga frå 2013 at nær halvparten av skulane manglar godkjenning/endeleg godkjenning.

Det er grunn til å sjå på situasjonen med stor uro. I tillegg til dei plagene og det ubehaget som følgjer av skulebygg med til dømes fuktpåtematikk, därleg isolering, därleg skjerming av lyd og lys osb, har Hordaland fleire døme på at skular vert stengde, heilt eller delvis, og at undervisninga blir flytta til avlastningsbygg, midlertidige bygg eller andre skular med ledig kapasitet. Det utløyser nye problemstillingar som vi no ikkje har heilt oversikt over. Det vi førebels har registrert er at spørsmål knytt til retten til å gå på nærskulen vert utfordra samt skyssreglane. Ut frå den tilstanden som er dokumentert når det gjeld skulebygg i fylket, vil Fylkesmannen vidareføre tilsynet med reglane i opplæringslova som skal sikre elevane rett til eit godt fysisk skulemiljø.

### **Barnevern, rusomsorg og bustadsosiale utfordringar**

Det er ikkje grunnlag for sikkert å fastslå at vi i Hordaland har fleire barnevernssaker og hendingar enn i andre fylke, sjølv om talet på saker i media kan tyde på det. Barnevern får mykje merksemd i fylket, både enkeltsaker og som debatt om tenleg organisering. Fylkesmannen har det siste året sett inn større ressursar både på tilsyn, klager og oppfølging.

Det er påtrengjande at det trengs omfattande strukturelle endringar i barnevernet dersom ein skal ha von om endringar som vil tena hovudmålet i barnevernlova. I påvente av ei kommunestrukturreform med større og bedre kompetente kommunar, bør det byggjast opp eit fagleg sterkt interkommunalt barnevern som på sikt får ansvar for alle typar tilbod, også institusjonstilbodet i ein region eller eit fylke. Det kan byggje kommunale tenester som er robuste, og med nok fagleg breidde til sjølv å ha eit heilskapleg ansvar for handtere alle delar av dette krevjande fagfeltet.

Tilbodet til rusmisbrukarar er blitt mykje meir omfattande og variert i fylke vårt dei siste to åra. Det har vore ein stor satsing både i kommunane og i spesialisthelsetenesta. For å lukkast med dette arbeidet er det no bustader og buoppfølging i kommunane som er det viktigaste.

Bustadsosiale utfordringar og bygging av fleire bustader for vanskelegstilte er eit sentralt problem. Dei mest utsette gruppene er personar med psykiske lidingar og/ eller rusproblem, flyktingar og personar som har sona ein dom. Det er i hovudsak personar som ikkje sjølv kan eiga bustad og difor trengs det leigebustader. Det er ikkje ei einsarta gruppe og det er trøng for differensierte bustader. I tillegg til bustad er det og trøng for oppfølging. Vi samarbeider med andre statlege etatar om desse utfordringane. Skal dette bli prioritert av kommunane, bør staten bidra sterkare.

## **Landbruk**

Utviklinga i det tradisjonelle landbruket i fylket er sentralt for Fylkesmannen og dei strategiane vi har trekt opp ilag med næringa. I denne samanheng er det to viktige utfordringar : at vi stort sett makter å oppretthalde den samla landbruksproduksjonen målt i tonn, sjølv om talet på sysselsette og bruk i drift er fallande. Den andre utfordringa vert å skape nye arbeidsplasser for dei som går ut av næringa og rekruttere inn nye folk i næringa ved generasjonsskifte. Dette er krevjande og det er heilt avhengig av utforminga av dei landbrukspolitiske verkemiddla.

Regionalt er det eit grunnleggjande skilje mellom ytre delar av fylket som er knytte til olje/gass/ tenestesektoren og indre strøk, der landbruket har ei viktig næringsmessig rolle. Det er ei stor utfordring å legge til rette for utviklinga i den delen av fylket som ligg i "oljeskuggen". Ved kysten dreg godt betalte jobber folk ut av næringa. I indre strøk finns i mindre grad denne arbeidsmarknaden, jfr. nedanfor om *Utkantproblem i vekstfylket*. Det må setjast i gang tunge utviklingstiltak innanfor landbruk og regional utvikling, herunder samferdsle, for at indre strøk skal henge med i velstandsutviklinga. At Hordaland er eit vekstfylke ved kysten, bør ikkje medføre avkorting av landbruks- og regionalpolitiske verkemiddel . Det bør framleis vere eit potensiale for å utvikle marknadsbaserte tenester og produksjonar knytte til landbrukets ressursbase. Viljen til samarbeid i og langs alle aksar er sentralt for å lukkas. Mat, reiselivsopplevelingar, tenesteproduksjon for smale og betalingsdyktige nisjer er prioriterte tiltak. Vi har i 2013 trekt oss ut av NCE-samarbeidet i FjordNorge regionen i 2013 og vil setje i gang tiltak i eigen regi i 2014 retta mot landbrukssektoren direkte ilag med Innovasjon Norge og fylkeskommune

## **Beredskap**

Kombinasjonen av stor vekst, høgt folketal og særskilt høg aktivitet i økonomien, både på fastlandet og utanfor kysten, medfører at Hordaland som fylke er særskilt utsett for risiko. Mykje av denne aktiviteten er dessutan knytt til særskilt risikoutsett verksemnd (m.a. innan olje/gass). Dette biletet vert ikkje betre av at fylket har mykje "vêr", m.a. nedbør og vind, som gjer at fylket har stadig aukande klimamessige utfordringar.

Fylket har difor samla sett eit stort og aukande potensiale for at det kan oppstå alvorlege beredskapsmessige situasjonar. Knappe og spreidde beredskapsressursar som til dels også er dårlig samordna, forsterkar dei beredskapsmessige utfordringane. M.a. som følgje av at det i utsette delar av fylket ofte er små kommunar med lite ressursar, er det stort behov for å sjå nærmere på organiseringa av brann- og redningstenesta (Jf. Brannstudien som er ute på høyring med frist 17.2.2014) med tanke på forsterking av både kapasitet og kompetanse. Fylkesmannen er av den klare oppfatninga at Brannstudiens tilråding om fylkesvise brann- og redningstenester bør realiserast. I dette biletet opplever vi også at Fylkesmannen si rolle i beredskapsituasjonar kan vere uklår. Det har vi i har teke opp i brev til DSB datert 20.02.2013. Temmeleg nøyaktig eitt år etter at vi sende brevet har vi framleis ikkje mottatt svar frå DSB.

## **Utkantproblem i vekstfylket**

Utkantkommunar med fall i folketallet og aldrande befolkning kjem ofte i «oljeskuggen» av vekstkrafta langs kysten. Dei slit og med merksemda rundt utfordringane samanlikna med meir typiske distriktsfylke. Fylket er meir enn dei fleste andre fylke differensiert i vekst - og stagnasjons-/ fråflyttingsområde. Mellom anna kampen om arbeidskrafta driv flyttestraumen mot kysten. Generasjonsskiftet i Nordsjøen forsterkar dette. Demografisk ubalanse og forvitring av næringsliv og sysselsetjing i dagens tempo vil innebere kraftig utarming av desse samfunna. I Hordaland gjeld dette kommunar i indre delar av fylket, som i all hovudsak er primærnæringskommunar. Vi nemner og industrikkommunen Odda i indre Hordaland, med sine særlege utfordringar.

Vi har tidlegare peika på at arealpolitikken i fylket i liten grad har vore underlagt regional styring. Det same kan i same grad seiast om den regionale politikken for å skapa ei balansert geografisk utvikling av fylket. Det manglar ein klår politikk for å styra noko av vekstkrafta og folketilveksten mot indre delar av fylket, der det er betre tilgang på areal. Det er i den regionale politikken få spor og verkemiddel for byggje opp større regionsentra som kan tene som motor for næringsliv og tenestetilbod i ein stor, felles arbeidsregion i indre strøk. Heller ikkje det

forhold at det no er truffe avgjerd om at kyststamvegen, E 39, skal gå i ein nokså kystnær trase, vil motverka den todelinga i fylket, som ein no ser. Det blir då viktig å leggje opp til tiltak/etableringar/ sambandslinjer som knyter ytre og indre delar av fylket saman. Eitt slik tiltak vil vere ei rask utbygging/modernisering av ny jernbane-og vegtrase mellom Arna og Voss. Forutan at dette vil bøte på alvorlige trafikktryggleiksomsyn, vil det, saman med Hardangerbrua, kunna utvikla Voss som eit hovudregionsenter med stor betydning for vidare vekst og utvikling i indre Hardanger.

## 1.1.2 Om embetet

### Organisering og tilsette

Fylkesmannen i Hordaland er organisert med seks fagavdelingar, jf. lenkje til organisasjonskartet: [Fylkesmannen i Hordaland](#)

Fylkesmannen fekk i fjor endringar i leiargruppa med tilsetting av ny utdanningsdirektør og ny miljøvernsjef. Leiargruppa er representert av embetsleiinga og seks avdelingsdirektørar. Vi har god kjønnsbalanse med fire kvinner og fire menn i leiinga.

Talet på tilsette var pr. 31.12.2013 210 årsverk. I årsverka inngår alle faste tilsette og lengre engasjement uavhengig av finansiering. Embetet har stabil bemanning med kompetanse som er godt tilpassa oppgåvene. Det er generelt god søking til ledige stillingar. Utskiftinga (turnover) i arbeidsstokken i fjor var på 6%. Samla sjukefråvær var på 3,5%.

Den største organisatoriske endringa i fjor var knytt til implementeringa av verjemålsforvaltninga i embetet på ein god og trygg måte. Embetet har etablert eigen verjemålsseksjon med 15 tilsette i administrasjons- og verjemålsavdelinga.

### Organisasjonsutviklinga

Embetet har i 2013 arbeidd vidare med intern utvikling av organisasjonen og "embetsfornying". Vi starta i 2010 ein organisasjonsprosess med målsetning om å utvikle ein meir ressurseffektiv og samordna organisasjon. Det var eit naudsynt prosjekt for å løyse ein utfordrande ressurssituasjon med lite samsvar mellom tildelte ressursar og oppgåver. I 2013 har vi evaluert resultata av organisasjonsprosessen. Vi kan konkludere med at dette har vore ein vellukka prosess. Organisasjonen leverer betre resultat, og vi har auka effektivitet og kvalitet i oppgåveløysinga.

Prosessen med organisasjonsutvikling har hatt tre føremål:

#### Betre organisering og oppgåveløysing

Fleire organisatoriske tiltak er sette i verk for å få ein meir effektiv og samordna organisasjon, og slik sikre betre og smartare oppgåveløysing. Det er gjennomført endringar for å få ein meir heilskapleg og samordna organisering av beredskapsoppgåver/ planområde/ plansaker og helse-/ sosial-/ barnevernsområde. Omorganiseringa har vist seg å ha hatt forventa effekt. Vi har innanfor fleire fagområde hatt ein markant nedgang i sakshandsamingstid. Trass i knappe ressursar har medarbeidarane våre gjennom innsatsen sin på alle område klart å innfri krava til høg kvalitet og sakshandsamingstider i 2013.

#### Budsjettilpasning og «lønsløft»

Ei anna tiltak har vore å gjøre embetet meir konkurransedyktig. Embetet har gjennom fleire år slete med eit lågt lønsnivå. Det har gitt seg utslag i m.a. høg turnover og problem med rekruttering. For å bøte på dette har embetet gjennomført eit lønnsløft gjennom nedbemannning, og effektivisering. Prosessen har vore krevjande, men har gitt resultat med auka lønsnivå i alle stillingsgrupper og redusert sakshandsamingstid på dei fleste område. Det vart ikkje gjennomført lokale forhandlingar i 2013, då det ikkje var sentrale avsetningar til dette og den ressursmessige situasjonen i embetet ikkje ga rom for lokale avsetningar. Effekten av lønnsløftet som har vore gjennomført i åra 2010-2012 har gjort det enklare å rekruttere medarbeidarar dei siste par åra. Sjølv om effekten frå lønnsløftet er minkande, har vi i dag eit betre utgangspunkt for å konkurrere lønsmessig med andre offentlege verksemder. I særskilte grupper slit vi framleis, og då særleg i konkurransen med private verksemder. Vi har og hatt ei positiv utvikling når det gjeld utskifting av personal ( turnover). Embetet hadde i 2013 ein utskifting på omlag seks prosent. Dette er ein stor nedgang frå perioden 2010-2012 då talet var på ca ti prosent.

#### Heilskapleg og strategisk leiing

Embetsleiinga og leiargruppa har arbeidd med å styrke den heilskaplege og strategiske leiinga ved embetet. Fleire tiltak er sette i verk, mellom anna skal alle strategiske og prinsipielle saker opp til drøfting i leiargruppa. For å få til ei heilskapleg leiing har det vore viktig å inkludere seksjonsleiarane tettare til leiargruppa. Vi har etablert fire faste leiarmøte i året for den "store" leiargruppa. Møta er lagt inn i styringshjulet. Seksjonsleiarane har vidare etablert eit eige møteforum som mellom anna har fokus på erfaringsutveksling, kunnskapsdeling og læring på tvers av avdelingane. I 2011 fekk vi midlar frå Difi til å etablere eit leiarutviklingsprogram for leiargruppa og

mellomleiarane. Programmet vart avslutta i 2013. Formålet med leiarprogrammet har vore å utvikle ei lokal leiarplattform som bl.a. byggjer på plattform for leiing i staten. Det har vidare vore eit mål å skape ei omforeint og myndiggjort leiargruppe som saman evner å styre embetet mot god måloppnåing både fagleg, økonomisk og personalmessig. Vi har mellom anna sett resultat av leiaropplæringsprogrammet i form av betre personaloppfølging.

Det vart hausten 2013 gjennomført evaluering av omorganiseringa. Evalueringa vart gjort både internt, blant medarbeidarane i embetet, og eksternt - blant ordførarar og rådmenn. Evalueringa ga inga klare signal om vegval og moglege organisasjonsendringa framover, men synte at dei fleste såg god effekt av dei tiltaka som var gjennomførte og at vi fortsatt må ha fokus på vidareutvikling av organisasjonen. Embetet har framleis noko å hente på samordning og samhandling på tvers av avdelingar og fagområde. Blant dei eksterne var tilbakemeldinga på korleis dei opplever Fylkesmannen som samhandlingspartner alt i alt god.

## **Visjon, verdiar, leiarprinsipp**

Fylkesmannen har definert eit verdisett med leiarprinsipp som ligg til grunn for all aktivitet i verksemda.

Vår visjon: Fylkesmannen skal utføre godt styresett og møte urett med rett

## **Risikostyring**

Embetet har dei siste åra arbeidd med å implementere risikostyring i det ordinære styringssystemet vårt. Arbeidet har vore forankra i leiargruppa. Risikostyring er integrert i verksemndplanarbeidet og i styringshjulet. Frå 2013 har avdelingane i samband med verksemndplanarbeidet gjennomført risikovurderinger av kritiske faktorar knytte til å nå hovudmåla i oppdraga. Risiko på dei ulike områda blir vurdert i samband med gjennomgang av verksemndplanen jf. styringshjulet. Leiargruppa har gjennomført ein overordna, samla risikoanalyse på verksemndkritiske område.

Embetet har hatt åtte overordna risikoområde i 2013:

- Verjemål
- Informasjonstryggleik
- Tilskotforvaltning
- Beredskap
- Medarbeidarundersøkinga
- Internt plansamarbeid
- Ombygging i Statens Hus
- Arkivet

Vi har utarbeidd eigne retningsliner for risikostyring som klargjer roller, ansvar og metodikk for risikovurdering. Retningslinene skal ligge til grunn for arbeidet med verksemndplanen i avdelingane og i embetet. Risikovurderingar skal generelt vere eit element i kvalitetssikring av alle arbeidsprosessar med sikte på å unngå feil, og sikre god ressursutnytting. Embetet har nytta ei metodisk tilnærming med utgangspunkt i DFØ sin rettleier for risikostyring.

## **Implementering av verjemålsforvaltninga**

Fylkesmannen i Hordaland overtok 1. juli 2013 4730 aktive verjemålsaker fra 33 kommunar. Embetet la ned mykje arbeid internt og eksternt for å førebu ei god og trygg overføring av verjemålsforvaltninga frå overformynderia. Vi fekk åtte medarbeidarar Frå Bergen kommune etter verksemndovertredring.

På grunn av ei dårleg og mangelfull dataløysing, har implementeringa av verjemålsforvaltninga vore ein langt meir kompleks og krevjande prosess for embetet enn det vi var førebudd på. Embetet har måtte omdiagonere ressursar og ta i bruk kriseløysingar og rutinar for ei meir manuell sakshandsaming enn planlagt. Ein føresetnad for heile verjemålsreforma var at dataløysinga ARVE skulle vere på plass 1. juli 2013. Etter sju månader kan vi konstatere at minimumsløysinga framleis ikkje er ferdig. Det er framleis store utfordringar i systemet knytte til feil, yting, og stabilitet. Problema med dataløysinga har og vore ei stor belastning for våre tilsette.

Vi er sterkt uroa over dei konsekvensane dette får for brukarane våre, og at tilliten og omdømme til Fylkesmannen vert svekka. Vi forventar at denne kritiske situasjonen snarast blir handtert slik at vi kan ivareta verjemålsforvaltninga i samsvar med dei mål og intensjonar som ligg til grunn for reforma.

## **Finansiering av stillingar utanfor kap. 2505**

Vi har tidlegare meldt tilbake at det er ei betydeleg utfordring for styringa av embetet at ikkje alle midlar vert tildelte i kap. 2505. Skal fylkesmannen ha fullt handlingsrom og kunne drive så ressurseffektivt som mogeleg, må alle stillingar inn i kap. 2505 og dei må vere fullfinansierte når dei vert lagt inn. Vi har fleire døme dei seinare åra

der stillingar vert overført til kap. 2505 utan å vere fullfinansierte. Embetet har i dag omlag 25 stillingar som er finansiert av prosjektmidlar, særleg frå Miljøverndepartementet og Helse- og omsorgsdepartementet med underliggende direktorat. Det er krevjande å ha så mange tilsette finansierte gjennom prosjektmidlar. Midlane kjem ofte så seint på året at det er vanskelege å planleggje aktivitetar og ha rett kompetanse tilgjengeleg. Ordninga er m.a.o. ikkje optimal ressursforvaltning. Det er og fleire personalmessige utfordringar knytte til mellombelse tilsetjingar.

## Rapportering

Det er sterkt ønskeleg at det gjennomgående blir større samsvar mellom mål, resultat og rapporteringskrav. På enkelte område er det særskilte rapporteringskrav utanom årsrapport. Det er etter vår oppfatning unødvendig dobbeltarbeid både å rapportere særskilt og gjenta, eventuelt i forkorta versjon, i årsrapport til KMD. Målet må vera at den einaste rapportingsmåten skal vera gjennom årsrapporten.

## Statistikk overregistrerte saker og journalposter (i ordinær ephorte) og innsynskrav registrert i OEP

Talet på journalførte dokument i ordinær ephorte fortsatte å auke i 2013.

	<b>2013</b>	<b>2012</b>	<b>2011</b>	<b>2010</b>
Saker	16277	16071	16640	15879
Journalposter	69510	65967	64439	63926
Herav inngåande	39983	38446	36916	36072
Herav utgåande	26160	24232	24007	25391
Herav interne	3367	3283	3516	2459
Innsynskrav	3482	5584	2565	344

## fylkesmannen.no -ikkje som forventa

Den 4. desember 2012 vart den nye nettstaden til Fylkesmennene presentert med store vyar. Desse forventningane er ikkje innfridd.

Det har gjennomgåande vore ein kamp med tekniske problem, abonentflukt, lågare produksjon, svake resultat i Difi-undersøkinga "Kvalitet på nett" og fallande besøk på nettstaden. Det gjeld for alle embeta.

I statsbudsjettet for 2014 står det under innleiinga til kap 1510 Fylkesmannsembetene, fjerde avsnitt, følgjande: *"Embetene og departementet har ferdigstilt arbeidet med ny teknisk plattform for internetsidene «fylkesmannen.no», og vil arbeide med å legge til rette for flere digitale brukerrettede publikumstjenester i 2014. Departementet vil også prioritere drift og videre utvikling av felles løsninger for en IKT-sikkerhetsinfrastruktur for alle embetene."*

Det kan vanskeleg seiast at arbeidet med plattforma er ferdig, og vi vil særleg nemne:

Samlege embete mista 1-2 stjerner i Difi-undersøkinga "Kvalitet på nett". Dei fleste problema var knytte til plattforma, og ikkje det einskilde embetet, og forbausande nok kunne vi sjå at ting som kontrasten på sidene ikkje tilfredsstilte krava til universell utforming – på ei ny nettløysing. Mykje er ordna, men ikkje alt lar seg ordne med dagens løysing utan vidare utvikling.

Abonnementsordninga, med varsel, var av ein sånn kvalitet at mange ikkje lengre ønskte å abonnere på fylkesmannen.no. Først seint i haust vart det ordna – nær eit år etter lansering.

Mange embete melder om at problema har ført til færre saker på nett. Også i Hordaland har talet på saker gått ned fordi vi nyttar meir tid til å komme rundt dei tekniske problema.

På grunn av faktorane over har talet på relevante treff falt med cirka 20 % på fylkesmannen.no/hordaland.

Det er ingenting i plattforma og det verktøyet Fylkesmennene har til rådvelde som minner om *"Flere digitale brukerrettede publikumstjenester i 2014"*. Det vert arbeidd med løysingar utanfor, men har so langt ikkje sett konkrete resultat på våre område.

Trippelnett, som administrerer EPiServer-løysinga frå Sogn og Fjordane, har for lite ressursar til å handtere problemretting.

Opplæringa i ny plattform vart avgrensa til eit par dagar med det mest elementære. Trippelnett/S&F har ikkje ressursar til å vitje alle embeta. Det betyr at fylke må slå seg saman for kursing, noko som vil bli dyrt i.o.m. at det er mange som publiserer i kvart embete og som i så fall må reise.

Embata sender stadig inn ønske om retting og forbetingar. Trippelnett driv i hovudsak akutt feilretting. Sjølv det minste innspel om forbeting vert normalt rekna som "utvikling" og sett på ei liste for eventuell seinare

oppfølging. Siste tilbakemelding var at alt slikt må vente til Intranett er oppe på ny plattform – i beste fall hausten 2014.

Samanlikna med andre statlege IKT-løysingar er prisen på fylkesmannen.no svært låg, og det blei gjort stor innsats frå embeta sjølv med fellestekstar, forslag til utforming og teknisk. Skal vi lukkast i tråd med forventingane som departementet sjølv har uttrykt, må det bli lagt større økonomiske og menneskelege ressursar inn i arbeidet.

## Vidareutvikling av fylkesmannsembeta

### Fornying og effektivisering av administrative oppgåver

Det har i nokså lang tid og ved fleire høve, t.d. i fylkesmannsmøte, vore diskutert fornying og effektivisering på det administrative området i fylkesmannsembeta. Vi viser og til arbeidet og den rapporten ei arbeidsgruppe hausten 2013 har lagt fram om det same. Ein av konklusjonane til gruppa er at det er eit klart potensiale for betre samla styring av embeta knytta til det administrative området. På bakgrunn av den tida desse problemstillingane har versert, har vi no ei klar forventning om at KMD så snart som mogeleg konkluderer, slik at det kan bli gjennomført tiltak, gjerne som pilotprosjekt, som har som mål ei meir effektiv og hensiktsmessig organisering av dei administrative gjeremåla i embeta.

### Fornying og effektivisering av faglege oppgåver

På same måte som for administrative oppgåver kan det argumenterast for at det også bør skje eit spesialisering av dagens faglege oppgåver mellom embeta, særleg der det er "stordriftsfordelar" eller "fagleg kritisk masse".

Vi vi nemner nokre oppgåver der slik samordning/spesialisering kan vere aktuell.

- saker om separasjon og skilsmisser
- saker om fri rettshjelp/fritt rettsråd
- utbetaling av støtte til trussamfunn
- utbetaling av støtte til politiske parti
- førarkortsaker
- sjuketransportsaker
- sosialhjelpsklager
- tilsyn med spesialisthelsetenesta.

Spørsmål i samband med samordning og fornying av offentleg kan også ha verknad for fylkesmannsembete. Det omtalar vi under punkt 2.1.

## 1.2 Ressursbruk og andre økonomiske forhold

### Overordna vurdering av den økonomiske situasjonen i embetet

I 2013 utvida fylkesmannen fullmaktene til avdelingsleiar slik at kvar avdeling fekk ei budsjetttramme som inneholdt lønnsutgiftene, reise- og kompetansemidlar samt variable driftsutgifter. Dette skulle vere med å gi avdelingane større innverknad på resultat og intensiv til å styre saker. Det vart inngått ny leigeavtale med arealutviding og ombygging med verknad frå 01.07.2013 som ville medføre ein vesentleg auke i leigeutgiftene. Dette saman med eit svært høgt lønnsoppgjør i 2012 som ikkje var kompensert fullt ut, gjorde at vi auka innsparingskravet til avdelingane frå 4 mill. kroner til 6 mill. kroner. Vi hadde også fleire andre usikre moment som førde til ei svært stram økonomisk styring. Mellom anna måtte vi ordne opp i gammalt arkivmateriale som vart avlevert til Statsarkivet. Ein stor del av dette var mindre enn 25 år gammalt og det ville difor medføre ekstra leigeutgifter. Telefonsentralutgiftene auka med vel ein halv mill kroner etter at vi gjekk over til Engerdal, ca. ei dobling av utgiftene frå året før. Vi har fått ei periodisk forskyvning av utgifter frå 2013 til 2014 fordi ombygginga på Statens Hus av ulike årsaker vart sterkt forseinka, det er avtalar på ein del ekstraordinære engasjement inn i nytt år m.m. Dermed er mindreforbruket på kap. 1510 post 01 høgt i 2013, men vi dreg altså med oss store eingongsutgifter over i nytt år.

Når det gjeld mindreforbruket på kap. 1510 post 21, skuldast dette større prosjekt som ikkje vil bli sluttført før i 2014.

	Tileiling 2013	Rekneskaps -resultat 2013	Avvik
Kapittel 1510 post 01	-	105 693	-1 549 918

	<b>107 243 740</b>	<b>822</b>	
<b>Kapittel 4510 post 15, 16, 18 og 02</b>	<b>0</b>	<b>-3 246 257</b>	<b>-3 246 257</b>
<b>NETTO</b>	<b>-107 243 740</b>	<b>102 447 565</b>	<b>-4 796 175</b>
<b>Kapittel 1510 post 21</b>	<b>0</b>	<b>15 384 724</b>	<b>15 384 724</b>
<b>Kapittel 4510 post 01</b>	<b>-456 000</b>	<b>-17 133 920</b>	<b>-17 589 920</b>
<b>NETTO</b>	<b>-456 000</b>	<b>-1 749 196</b>	<b>-2 205 196</b>

### Ressursrapportering

Til kap. 1510 er det viktig å ta med at innsparingskravet auka med 2 mill. kroner i 2013 og resultatet viser 1,8 mill kroner høgare enn kravet. Dette er skuld i reduksjon på dei fleste resultatområda. Det var rammeoverført ca. 4,1 mill kroner frå SHD og dette har gitt ein vesentleg auke på resultatområda 840 Kommunale helse- og omsorgstjenester og 880 Kvalitet og samhandling og Andre oppgåver. Frå KD vart det rammeoverført 0,5 mill kroner og dette ligg på resultatområde 360 Landsdekkande oppgaver KD. Totalforbruket under KD er likevel lågare enn i 2012, og dette skuldast mellom anna vakanse over ein lengre periode i stillinga som utdanningsdirektør samt ei tildeling på fagkapitlet som kom i desember. Dette vil det bli ei endring på i 2014 ved at tilsetting og tildeling vil skje på starten av året. Det er også ein stor reduksjon under BLD på resultatområde 450 Barnevern. Dette skuldast vakanse over lengre tid i ei stilling som det no blir føreteke tilsetting i. Fylkeslegen har vore med å utføre desse oppgåvene utan at det er føreteke endringar i ressursrapporteringa på det.

Når det gjeld kommentarar til ressursrapporteringa på fagkaitla vises det til kap. 3.

<b>Resultatområde</b>	<b>Kapittel 1510</b>	<b>Fagdep.</b>
-----------------------	----------------------	----------------

Miljøverndepartementet	kr 16 677 713,39	kr 4 803 496,49
Landbruks- og matdepartementet	kr 12 519 894,86	kr 0,00
Kunnskapsdepartementet	kr 9 136 933,08	kr 13 671 424,36
Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet	kr 3 531 080,86	kr 1 828 115,13
Justis- og beredskapsdepartementet	kr 5 135 983,11	kr 5 965 217,88
Kommunal- og regionaldepartementet	kr 6 433 155,64	kr 0,00
Arbeidsdepartementet	kr 2 350 742,15	kr 1 545 009,38
Helse- og omsorgsdepartementet	kr 18 284 939,98	kr 5 289 588,14
Andre	kr 28 678 875,99	kr 0,00
Sum:	kr 102 749 319,00	kr 33 102 851,00

## 1.3 Andre forhold

### Tryggleik i Statens Hus

I samband med ombygging av Statens hus er det iverksett fleire tiltak for å auke tryggleiken i og rundt huset. Bombesikre vindauge i resepsjonen, alarmknapp i samtalerom og direkte alarm til Securitas i resepsjonen er blant tiltaka. Det vil også bli installert kamera rundt huset. Vi har utarbeidd eigne rutinar for å sikre adgangskontroll og handtering av uønska hendingar/truslar.

### Informasjonstryggleik

Informasjonstryggleik har vore eit av fokusområde i 2013 og fleire tiltak er sett i verk. Vi har installert "Follow me-print" og Data Loss Prevention (DLP). Vi er i gang med å gjennomføre ein ROS-analyse. Arbeidet med ROSanalyse og vidareutvikling av systemet for informasjonstryggleik er lagt til embetet sitt tryggleiksutsval. Fylkesmannen har utarbeidd eit opplegg for trygg handtering av informasjon basert på malen frå Informasjonstryggleiksprosjektet. Det er ein del av embetet sitt interkontrollsysten. Alle tilsette har underteikna instruks for trygg handtering av informasjon.

### Miljøtiltak

Embetet har iverksett fleire miljøtiltak. I 2013 vart vi sertifisert som miljøfyrtårn. Vi følgjer opp handlingsplanen for miljø og samfunnsansvar i offentlege innkjøp, og vi har inngått kontrollmedlemskap i Grønt Punkt Norge AS. Med dette stiller vi krav til leverandørane våre om at dei er medlem av ei returordning for emballasje, eller

oppfyller vilkåra ved eiga handsaming av emballasje på ein miljøvenleg måte.

I Statens Hus har vi inngått samarbeid med huseigar Entra Eigendom AS om miljøleiings-system. Vi har saman med huseigar signert "Grøn fordelsavtale" som inneber ein energireduksjon på omlag 250 000 kWh i året for Statens hus. Det svarer til 15 prosent av energiforbruket i bygget. Fordelsavtalen inkluderer alle aspekt ved forvaltning, drift og bruk av eigedomen. Det er sett i verk tiltak for energisparing knytte til varme og lys, miljøvenleg avfallshandtering og val av miljøvenlege byggjematerialar. Fylkesmannen skal saman med Entra prioritere miljøaspektet og alltid ha miljømessige belastningar med i vurderinga når det gjeld bruk av lokala. Minst ein gong kvart år skal vi saman gå gjennom miljøstatus og oppfølging av tiltak.

Embetet har ei målsetning om å redusere tenestereisane. Ein skal alltid grunngje om det er naudsynt å reise eller om ein i staden kan gjere nytte av telefonmøte og videokonferanse. Alle tenestereiser skal gjennomførast på billegaste og snarastee måte, og mest mogleg trygt og miljøvenleg. Embetet har leasingavtale av ein Volvo V50 som eit tiltak for å redusere reiseutgiftene i embetet.

### **Innkjøp**

Vi har eigen innkjøpskoordinator som kvalitetsikrar og rådgjer i innkjøpsprosessar. Vi har utarbeidd tenlege rutinar og støttesystem i eigen organisasjon som sikrar at risikoen er låg for brot på regelverket for innkjøp. Vi har inngått innkjøpsavtale med Bergen kommune om reiser, kontorrekvista, kontormøblar og hotell/konferanseavtale.

### **Klart språk**

- Embetet har utarbeida ein "klart språk"-folder som vert delt ut til alle nytilsette.
- Embetet har nynorskkurs kvart år
- Kva gjeld det som vert publisert på nett, er språk eit særskilt tema på Nettredaksjonen sine jamlike møter.

## Kapittel 2 - Sentrale politiske føringer

### 2.1 Generellesamordningsoppgaver. Fornying av offentlig sektor

Når det gjeld spørsmålet om generelle samordningsoppgåver, vel vi å omtale dette i tre relasjonar:

- intern samordning
- horisontal samordning av regional statsforvaltning
- vertikal samordning – fleire nasjonale/direktoratsoppgåver til fylkesmannsembeta.

I omtalene av desse tre dimensjonane vil også tangere spørsmål om fornying av offentleg sektor.

#### **Intern samordning**

Med den omorganiseringa som er omtalt under punkt 1.1.2 *Om embetet*, var eitt av måla å få til ei meir fornuftig samordning av embetsinterne oppgåver. Embetet sine samla planoppgåver vart samla i ei felles eining, Kommunal- og samfunnsplanavdelinga. Samstundes er det på dette området utarbeidd retningsliner for plansamarbeid mellom avdelingane i embetet, med tillegg av ein faglege rettleiar om hva planomsyn er dei viktigaste som skal ivaretas innan embetes arbeidsområde. Samstundes vart det også ein integrasjon med ein annen viktig del innan dette området – byggjesaker etter plan- og bygningslova.

Same målsettinga var det med å etablere ei samla helse- og sosialavdeling, der dei ulike sosial- og helsefaglege spørsmål kan sjåast i samanheng, slik som også no ein viktig del av lovverket, den kommunale helse- og sosialtjenestelova, legg opp til.

I tillegg er det eit utstrakt samarbeid mellom avdelingane i arbeide med å løyse ulike oppgåver etter embetsoppdraga, på både formelle og meir uformelle møteplassa, som t.d. leiarmøte og utvida leiarmøter (med seksjonsleiarane), planmøter, tilsynsforum, nettredaksjon, møter når det gjeld avdelingsoverskridande oppgåver. Embetet har og nær fullført utviklinga av ein informasjonsdatabase om kommunane, som skal skildre tilhøva i alle kommunane i fylket, og kva vi gjer på dei ulike fagfelta.

I eit vidare perspektiv er det viktig at det frå sentralt hånd vert lagt opp til at embeta står fritt til å organisere embeta, slik det vert vurdert som det mest føremålstenelge i kvart embete. Til nå har vi oppfatta at det er visse restriksjonar når det t.d. gjeld å finna andre organisatoriske løysningar der Landbruksavdelinga og Miljø- og klimaavdelinga inngår. Skulle det bli aktuelt, reknar vi med at det vert løyst opp i slike administrative avgrensingar.

#### **Horisontal samordning av regional statforvaltning**

Samordning av statleg politikk overfor kommunane er vanskeleg på grunn av den fragmenterte statsmakta på regionalt nivå. Oppdraget er omfattande, men vanskelig å konkretisere og med manglande verkemidlar for å få til ei reell samordning av statleg politikk overfor kommunane.

Forutan det som tidlegare er omtala om motsegnsprosjektet som representerer ei faktisk og reell samordning av staten på regionalt nivå, må nemnast den eksterne samordninga som skjer ved møte i Fylkesberedskapsrådet og det årlege møtet mellom statsetatane og kommunane - Solstrandsmøtet.

Det er på fleire måtar eit betydelig problem det svært fragmenterte regionale statsapparatet. Eit slikt system kan neppe vera ressurseffektivt med spreidd kompetanse, med forvaltingseiningar med ulike administrative grenser, med til dels overlappende oppgåver. Det ligg her ei klår utfordring i å sjå på eit meir samordna og heilskapleg system. Eit anna problem med denne strukturen er det demokratiske. For kommunar og andre blir systemet uoversiktleg og det kan vera vanskeleg å finna den rette eigar til eit problem.

Eit godt døme på ei effektiv og hensiktsmessig samordning, med verknad for kommunane, er det motsegnsforsøker som har vore i gang frå 1. september 20113, der Hordaland er eit av fylka som deltar i forsøket. Vi viser til tidlegare omtale av dette, jf. punkt 1.1.1.

Det bør vere ei kontinuerleg vurdering om fleire av dei sjølvstendige regionale statlege oppgåvene kan leggjast til fylkesmannsembeta. Det vil gi ei betre samordning og ein meir einskapleg regional stat, jfr. det som er målet i Fylkesmennenes samordningsinstruks og det som kjem frå i stortingsmeldinga om tilhøvet mellom staten og kommunane. Utifra erfaringar i Hordaland gir det rasjonaliseringsevinstar og synergistar som til dømes gjer at ein kan få meir gjort for same ressursinnsats. Eit eksempel kan vere IMDI som manglar den sterke kontakten med kommunane som fylkesmannsembetet har, og som er nødvendig for busetting av flyktningar. Noko kan oppnås

med samarbeid, men vi meiner at innlemming av oppgåvene hos Fylkesmennene vil gi betre føresetnader til å løysa oppgåvene, med Fylkesmannen nære kontakt med kommunane, kunnskap om økonomi, nærleik til det kommunale politisk system, kunnskap om organisatoriske tilhøve i kommunane. Eit anna eksempel kan vere NVE med openbare synergiar med beredskapsarbeidet og miljø/klima oppgåvene. Sidan mange av dei regionale statlege oppgåvene utanfor fylkesmannsembete dekker fleire fylke, kan oppgåvene eigne seg for spesialisering mellom fylkesmannsembeta.

### Vertikal samordning - fleire nasjonale /direktoratsoppgåver til fylkesmannsembeta

Fylkesmannen vil generelt peika på Dolly Parton-syndromet i oppbygginga av norsk statsforvaltning, som i denne samanheng kan beskrivas som svulmende sentral/overordna statsadministrasjon, særleg på direktoratsnivå ( jfm t.d. Difi-rapport 2013:11 *Merverdi eller unødig omvei ? Om direktoratenes rolle i gjenneomførong av nasjonal politikk*). Det har som konsekvens ein ubalanse i statsapparatet mellom sentralt og regionalt nivå. Ein annan konsekvens er det voldsomme tilfanget på sentrale rettleiarar, retningsliner, faglege råd m.m som særleg små kommunar, som vi framleis har absolutt flest av i landet, ikkje har kapasitet til å nytte seg av. Til dømes kan nemnast at det i 2912 låg det 150 vegleiarar og 50 faglege retningsliner som var publiserte på Helsedirektoratets nettsider. Dette er eit styringsproblem og eit demokratisk problem.

For å bøte på noko av dette har Fylkesmannen i Hordaland hatt gode røynsler med direktorat/nasjonale oppgåver lagt til embete ved opplæring i Kriminalomsorga. Oppgåvene vert utførte på eit høgt fagleg nivå med lav ressursinnsats (tre årsverk), og ikkje minst med lokal (her: regional) tilpassing. Det er fleire føremoner å flytte oppgåver fra sentrale direktorat til fylkesmannsembeta rundt i landet. Oppgåveløysinga kan som sagt bli tilpassa lokale tilhøve, og rekruttering av fagfolk frå universitet/høgskular frå fylkeshovudstadar gir fagleg dyktige medarbeidarar. Til dømes er juristar "billigare" i Bergen enn i Oslo på grunn av arbeidsmarknaden for juristar. Statleg desentralisering "innanfor" etatane vil vere vesentleg meir smertefritt enn flytting av heile institusjonar (med rot). Prinsippet bør og vurderast utanfor fylkesmannssystemet. Skatteetaten kan desentralisere vesentleg innanfor eigen etat.

Med nemnde utgangspunkt vil vi foreslå at følgjande oppgåver vert vurder regionaliserte:

- Tilskotforvaltning på eitt nivå og med ein tildeling pr år (HOD,AD,BLD):  
I dag går det med unødige ressursar og dobbeltarbeid fordi Fylkesmennene først gir ein vurdering av søknader/tiltak. Deretter foretar direktorata si vurdering og tildeling. Det er ingen grunn til at det ikkje er Fylkesmennene, som etter retningsliner trekte opp av direktorata, bør stå for vurderinga og tildelinga. Det sikrar effektiv løysing av oppgåvene, samstundes som lokalkunnskap blir ein del av vurderinga. Dessutan bør tilskota samlast i større postar og kome tidleg på året
- Fylkesmannen bør få mynde til å gi pålegg ved tilsyn med helseteneste og – personell:  
I dag utreiar, vurderer og påpeiker Fylkesmannen avvik og pliktbrot ved tilsyn i mange sektorer. Mynde til å gi pålegg er på dei fleste områda lagt til Fylkesmannen. Innafor helsetenesta er det Statens helsetilsyn som har denne mynden. Det er lite rasjonelt og vert oppfatta lite hensiktmessig. Det fører til dobbeltarbeid og lang saksbehandlingstid
- Fylkesmannen bør få tilsyn med spesialisthelsetenestene:  
Dette er krevjande arbeid og det er vanskeleg å bygge opp tilfredsstillande kompetanse i 18 fylke. Regionalisering av tilsynet til helseregionene vil være både meir effektivt og gi betre kvalitet. I Helse Vest-området er det semje om ei slik ordning, og det bør her etablerast ein pilot for å prøve ut ei slik ordning
- Fylkesmannen bør få tilsyn med kommunanes arbeid innan miljøretta helsevern:  
Kommunane sjølv er tilsynsmynde i dag. Oppgåva er jamt over därleg ivaretatt. Det går ut over borns oppvekstmiljø og læring gjennom därleg vedlikehaldne barnehagar og skular. Ordninga i dag er etablert etter prinsippet om «at bukken passar havresekken»

## 2.2 Velferd,helse og personlig tjenesteyting

Fylkesmannen samordnar oppdraget frå HOD, BLD og AID. Vi vurderer måloppnåinga som god. Det er nødvendig å sjå dei ulike resultat- og satsingsområda i samanheng. Vi meiner dette gir betre og meir effektive tenester til befolkninga. I dei kommunale velferdstenestene er det er ei gjennomgåande utfordring å skaffe nok personell med tilstrekkeleg fag- og leiarkompetanse. Det gjeld ikkje minst i barnevernet.

Ein anstendig bustad er grunnleggjande for å kunne nyttiggjere seg andre tilbod og tenester. Det er ikkje minst viktig for at born kan ha ein stabil og trygg oppvekst. I 2013 prioriterte vi bustadsosialt arbeid for barnefamiliar, einslege og personar psykisk liding og rusproblem. Omstilling og utvikling av kommunale tenestetilbod tek tid.

Arbeidet med å etablere fleire tilrettelagte mellombelse og permanente butilbod til personar med samansette behov går seint. Innsatsen på dette feltet må styrkast. Vi vil bruke verkemiddel som blir stilt til rådvelde for å stimulere til betre kapasitet og kvalitet i tilboda, men med enno større vekt på barn og unge.

Frå og med 2014 gjennomfører Fylkesmannen i Hordaland ei særskilt satsing på oppvekstvilkår til barn og unge, og særleg fattige barnefamiliar. Arbeidet er forankra i utdanningsavdelinga, men både Helse og sosialavdelinga og Kommunal og samfunnspolitisk avdelinga er med i den interne arbeidsgruppa. Vi vil invitere andre samarbeidsinstansar til å delta i ei referansegruppe. Deretter vil vi invitere kommunar til å delta i ein femårs periode der målsettinga vil vere å bidra til tilbod som særleg fattige barnefamiliar og barnevernets barn kan dra nytte av utan å bli stigmatiserte. Siktemålet er å bidra til meir robuste tenester for utsette barn og fattige barnefamiliar. Satsinga blir gjennomført i samarbeid mellom fleire avdelingar i embetet, eksterne kompetanse-/fagmiljø og eit utval av kommunane i fylket.

Vi følgjer særskilt med på gjennomføring av samhandlingsreforma. Det er krevjande for fleire av kommunane å oppfylle sin del av avtalane med helseforetaka. Ein lite ønskjeleg og utilsikta effekt av merksemld på utskrivingsklare pasientar, er utarming av lågterskeltilbod til mindre krevjande pasient-/brukargrupper i omsorgstenestene og høgare terskel for å få heildøgns tilbod for pasientar som ikkje har vore innlagt i sjukehus. Det er mykje å hente på eit nærrare samarbeid mellom omsorgstenestene og fastlegane og løysningar for elektronisk kommunikasjon om felles pasientar.

Fylkesmannen forvaltar ei rekkje tilskot. Erfaring tilseier at somme kommunar er flinke til å skrive søknader, andre er det ikkje. Vi meiner det er viktig å samordne, forenkle og effektivisere arbeid med dei ulike tilskotsordningane. Det er særleg viktig at tilskota er føreseielege og gir rom for langtidsplanlegging i kommunane. Dei fleste ordningane har krav til eigenfinansiering. Alle kommunane har ikkje eller finn ikkje rom til denne. Kommunar med dårlig økonomi kan såleis falle utanfor, noko som på sikt fører til større skilnader mellom tenestetilbod i kommunane.

## 2.3 Oppvekst,barnehager og opplæring

Embetet vurderer den samla måloppnåinga med tilsyn på områda opplæring og barnehage som god. Aktivitetskravet er følgt opp etter det omfangskravet og dei retningslinene for gjennomføring av tilsynsarbeidet som er definert av Utdanningsdirektoratet. Under dette punktet vil vi legge til at to av tilsyna er gjennomførte i eit samarbeid mellom embetsleiinga og leiinga i fagavdelingane, Utdanning og Helse- og sosialavdelinga. Dette gjeld tilsyn med det fysiske skolemiljøet, der Bergen kommune er ein av tilsynskommunane.

Situasjon i Bergen når det gjeld fysiske og bygningsmessige tilhøve i skulesektoren krev omfattande prioriterings- og oppfølgingsarbeid frå kommunen for å nå «lovlege» tilstandar. Embetet har av den grunn funne det naudsynt å vidareføre tilsynet til 2014. Det er difor ikkje utarbeidd ein tilsynsrapport i tradisjonell forstand. Status og oppfølging er likevel godt dokumentert gjennom den dokumentasjonen kommunen legg fram for Fylkesmannen, samt dei munnlege rapportane vi får frå kommunen si politisk og administrativ leiing i møtepunkta. Manglande helseverngodkjenning av skolebygg er eit stort problem, også nasjonalt. Frå Hordaland si side meiner vi det er avgjerande at dei avdelingane i embetet som har ansvar for dei aktuelle lovverka går saman om tilsynsarbeid og rettleiingsarbeid. Vi meiner denne samordninga er eit viktig bidrag for å løyse utfordringane på ein betre måte. Samarbeidet er difor ført vidare og ytterlegare formalisert i 2014.

Embetet registrerer at talet på klagesaker innanfor likeverdig behandling framleis aukar. Det er gjennomført interne prioriteringar som har resultert i at embetet no er ajour i behandlinga av klagene. Vi ser at kvaliteten på kommunane si klagebehandling framleis er svak i mange av sakene. Vi må difor vidareføre rettleiing om emnet i 2014 på same nivå som i 2013. Konklusjonen vår er difor at målsettinga om god sakshandsaming i embetet er nådd v/utgangen av 2013, men vi kan ikkje konkludere med at rettleiinga viser seg i betre saksbehandling i kommunane. Ei mogleg forklaring på dette, meiner vi, er knytt til auka utskifting av personale i kommunane, noko vi må ta konsekvensar av i organiseringa av rettleiingsopplegget.

Når det gjeld tilsyn med introduksjonsordninga, er kravet nådd. Gjennomføringa av tilsyna var noko prega av at opplegget var nytt, men Fylkesmannen i Hordaland sin konklusjon er likevel at dei uklare punkta ikkje var verre enn ein måtte vente. Samhandlinga med andre embete var nyttig og vi vil legge vekt på samhandling med andre embete også i 2014. Embetet konkluderer med god måloppnåing når det gjeld klagehandsaming og samarbeidet med VOX.

## 2.4 Arealdisponering, byggesaker og universell utforming

Når det gjeld byggjesaksklagar, har vi i 2013 vore innanfor fristen på tolv veker i nær alle saker. I tredje tertial var gjennomsnittleg sakshandsamingstid 33 dagar. Vi meiner no å ha kontroll på dette feltet, og at det også framover vil vere mogleg å halde oss innanfor fristen. Dei saksfelta som mellombels har vore nedprioritert for å greie dette, vil no kunne takast opp att.

Talet på dispensasjonar til uttale har gått marginalt ned frå 2012 til 2013. Samstundes ser vi at dispensjonssakene har endra karakter. Vi ser ikkje lenger dei store prosjekta på dispensasjon. Dispensasjonar blir no brukt etter intensjonen i plan- og bygningslova. Vi har også klaga på færre dispensasjonar. Vi opplever at bodskapen frå Fylkesmannen til kommunane om å bruke plan framfor dispensasjon, har nådd fram. Det har og vore færre motsegner i 2013. For tal, syner vi til kap. 3.

To spennande prosjekt var nye i 2013:

"Oppfølging av bolig- og arealutviklingen i storbyene", også kalla "Fleire bustader i betre by": Her har prosjekteiar vore på plass sidan medio august, og vi er allereie i god dialog med sju - åtte utvalde kommunar der folkevekst og bustadbehov vil krevje ei medvete byutvikling. Kommunane uttrykker i samband med prosjektet ønske om rettleiing på feltet. Nokre ønskjer mellom anna at vi deltek i styringsgrupper for konkrete utviklingsprosjekt. Fylkesmannen planlegg i det vidare arbeidet mellom anna å nytte noko av skjønsmidlane for å stimulere til konkrete prosjekt.

"Meir effektiv saksbehandling plansaker": Vi har i 2013 mellom anna brukt ein del ressursar til kurs for kommunane i planjuss og utarbeiding av gode og "juridisk rette" føresegner. Vi har som ei oppfølging av dette også brukt ekstra mykje tid på gjennomgå planføresegner i samband med høyring av plansaker, og har gjeve mykje rettleiing i dette. Samordning av statlege motsegner har tatt størstedelen av ressursane i prosjektet, jmr omtale under punkt.

## 2.5 Landbruksbasertforvaltning og næringsutvikling, naturressursforvaltning og miljøvern

Forvaltningskontroll av kommunane er den viktigaste del av kontrollarbeidet til Fylkesmannen på landbruksområdet, og er ei prioritert oppgåve for Fylkesmannen. Fylkesmannen har i 2013 intensivert arbeidet med kontrollar etter ein kontrollplan. Vi har i tillegg gjennomført fleire føretakskontrollar. Erfaringar så langt er at dette er ressurskrevjande saker, med omsyn både til juss, rekneskap og økonomi. Vi har vedteke å styrke kompetansen på dette feltet i 2014 med ein ny stilling.

Regionalt bygdeutviklingsprogram er utarbeidd i samsvar med Landbruksmeldinga (St.meld. 9 2011/2012) Innsatsen blir konsentrert om dei viktigaste produksjonane i Hordalandslandbruket: mjølk/ kjøtt, sau, frukt og skog. Vi har alt hausta utbytte av desse strategiane i 2013, med investeringar som har auka produksjon som siktemål. Struktur på eigedomsida og stort tal på nedlagde bruk er ein hemsko for å utvikle rasjonelle driftseiningar.

Inn på Tunet-samarbeidet er godt i gjenge innad i embetet og handlingsplanen er no ferdigstilla. Fylkesmannen har utvikla gode kontaktar til dei ulike forskingsmiljøa i Bergen. Vi har no mastergradstudentar som tek oppgåve innanfor feltet. Det vert likevel ei stor utfordring å profilere dette som eit adekvat tiltak i kommunesektoren, sjølv om vi opplever at det som vi har fått i gang, vert godt motteke i "marknaden". Økonomiske begrensningar i kommuneøkonomien og vanetenking i administrasjonane er faktorar som påverkar avgjerdene.

Vi reknar med å få på plass i 2014 samarbeidsutvalet for landbruk i Hordaland og Sogn & Fjordane og det offentlege for å styrke samarbeidet innan forsking og utvikling.

Vi held god kontakt med kommunesektoren både i form av dialogmøter og kursaktivitet. Det er viktig å formidle behovet for kapasitet og kompetanse på landbruksområdet i kommunane og vi oppmodar til interkommunalt samarbeid der det ligg til rette for det. Vi må slå fast at det er tungt for enkelte kommunar å oppretthalde god bemanning og kompetanse på dette feltet, enten det gjeld forvaltningskapasitet eller utviklingsressursar. Kommunesamanslåing som no er vedtatt iverksett, vonar på sikt vil sikre kompetanse og kapasitet. Kommuneleddet er ein sentral aktør i gjennomføringa av den nasjonale landbrukspolitikken.

Det er tett kontakt med fylkeskommunen og Innovasjon Norge ift lokalsamfunnsutvikling og felles innsats for å

utvikle nye arbeidsplasser og sikre eksisterande. Matfestivalen i Bergen er eit sentralt tiltak for å synleggjere det store matmangfaldet . Arbeidet for felles matstrategi mellom blå og grøn matsektor blei avslutta i 2013 og vert vedtatt i første kvartal 2014. Dersom Bergen kommune får Unescostatus som " Gastronomisk by " i 2014, reknar vi med at interessa for lokalprodusert mat vil forsterkast. Fylkesmannen er tett involvert i denne prosessen.

Etter moderniseringa av Granvin Bruk i 2011/2012, er det no etablert ei komplett verdikjede på skog. Skogplantinga på femtitalet er i hovudsak vellukka og no leverer dette sagbruket trelast til husbygging over heile fylket. Den store utfordringa no at av 10.000 skogeigarar som er i fylket, er det berre årleg bevegelse på 500 skogkontoar dvs. 2 % av eigedomane. Skogsektoren har ein svær utfordring når det gjeld struktur og storleik på eigedomssida. Skogveger er framleis viktig for å sikre positivt driftsresultat for skogeigarane.

Mange eigedomar vert lagde ned i vårt område samstundes som det er etterspørsel etter landbrukseigedomar og bustader i bygdene. Mange drivande bønder har behov for tilleggsareal i rimeleg nærleik både for å utvide drifta og sikre seg beite. Fylket vårt har i utgangspunktet eit strukturproblem ved at eigedomane er små. Innretninga av landbrukspolitikken forsterkar dette. Forslag til endringar i jordlova kan vere eit tiltak for å løyse opp i dette strukturproblemet, men med utgangspunkt i eigedomsstrukturen langs kysten og nordover, bør det gjennomførast ei grundig analyse av dagens tilstand. Med utgangspunkt i SLF sin statistikk og Skog og landsskap sine overvakingar/kartdata, burde det kunne vere muleg å utvikle eit system og tilhøyrande verktøy for å fange opp utvikling og status – også på dei nedlagde brukna.

### **Naturressursforvaltning og miljøvern**

Miljøvern og klimaavdelinga har i hovudsak gjennomført dei prioriterte oppgåvene i 2013 innanfor den kapasiteten vi har. Summen av oppdraga i embetsoppdraget frå miljødirektorata ligg godt over kapasiteten slik vi er dimensjonert etter tildelte ressursar.

### **Auka aktivitet innan forvaltning av naturmangfaldet**

Det har vore god aktivitet knytt til utarbeiding av nye forvaltningsplanar for verneområda . Det er gjennomført konkrete tiltak i fleire verneområde. Vi har og mykje arbeid med faggrunnlag for nye naturtypar og prioriterte artar. Arbeidet med gjennomføring av regionale planar for Hardangervidda og Nordfjella er starta opp etter at planane er godkjent. Folgefonna nasjonalpark er med i den nye nasjonalparkreforma, mens Hardangervidda nasjonalpark vert forvalta som før.

### **Stor aktivitet innan vass og energiforvaltning**

Fornybardirektivet har ført til mange søknader om kraftutbygging i Hordaland dei siste åra. Hordaland ligg på landstoppen i talet på utbyggingssøknadar for småkraftverk. Det er og høg aktivitet knytt til arbeidet med den første vassforvaltningsplanen for fylket. Arbeidet vårt med revisjonar av eldre vassdragskonsesjonar er så vidt starta opp, men vert viktig i åra som kjem. Det same gjeld oppfølging av naturforvaltningsvilkår i eksisterande kraftkonsesjonar. Desse oppgåvene er å sjå på som varige utan at det dei seinare åra er tilført ressursar til å løyse dei utover avgrense prosjektmidlar til arbeidet med vassforskrifta fram til 2015. Arbeidsoppgåvene vert mange i åra som kjem.

### **Meir forureiningstilsyn**

Forureiningstilsynet nådde målkravet i 2012 for planlagde tilsyn og gebyrinntekter. Ein omfattande innsats og 3,2 gebyrfinansierte stillingar gjorde at måla i tilsynsplanen vart nådde. Gebyrinntektene er på 2,5 millionar kronar. Val av tilsynsobjekt vert gjort i tilsynsplanen med bakgrunn i ei risikovurdering.

Samla er gebyrsystemet likevel sårbart, ved for eksempel permisjonar og langtidssjukemeldte. Inntektene i form av gebyr ved tilsyn står ikkje alltid i forhold til arbeidsmengda ved tilsynsaktiviteten. Ein bør differensiere gebyra meir og utjamne inntekter over fleire år.

### **Miljøgifter i grunnen og på sjøbotn**

Det statleg prioriterte fagområdet forureina grunn og sediment er også eit område som ligg etter planane. Forureina grunn ligg etter med bakgrunn i kapasiteten på avdelinga. Når det gjeld sjøsediment er derimot avdelinga ajour. Tiltak på lokalitetane trekk ut i tid på grunn av finansieringsproblem mellom partane i oppryddingsarbeidet. Dessutan har forundersøkingar både i Sørfjorden og i Bergen hamn trekt ut i tid, men er no ferdige. Fortsatt høge verdiar av DDT to stader Sørfjorden har framleis ikkje funne si løysing.

### **Opplæring i naturmangfaldlova**

Fylkesmannen har halde fram med opplæringsprogram i naturmangfaldlova for kommunane og andre instansar. Lova er relevant for alle sektorar som har aktivitet som kan påverke naturmangfaldet. Utifra kvalitet på kommunale vedtak og planar er det framleis trond for fortsatt opplæring.

## Sterkare nasjonale krav i klimaarbeidet

Vi har lenge etterlyst klarere oppdrag for å få ned norske klimagassutslepp per capita. Det vert i dag ikkje nytte gode oppdaterte statistiske data på utviklinga i klimagassutslepp for å styre samfunnsutviklinga lokalt og regionalt.

## 2.6 Samfunnssikkerhet og beredskap

Fylkesmannen freistar innanfor dei rammene vi har, å samordne samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet i fylket så godt som råd. Vi følgjer opp kommunane med systematiske tilsyn og øvingar. Samstundes freistar vi å vere pådrivar og gje best mogleg og tilpassa opplæring og rettleiing av kommunane innan feltet. I samband med planarbeidet legg vi stor vekt på at kommunane gjennomfører ein heilskapleg ROS-analyse.

Embetsoppdraget femner for vidt sett i høve til tildelte ressursar. Difor er det naudsynt å prioritere hardt mellom oppgåvene. I tillegg er Fylkesmannen si rolle med omsyn til krisesituasjonar uklår. Det er, slik vi ser det, m.a. ikkje samsvar mellom lovmessige føringar og forventningar i embetsoppdraget. I tillegg er det òg for mange og unrealistiske forventningar i samfunnet til kva rolle Fylkesmannen skal ha i krisesituasjonar. Vi har difor i arbeidet med revisjon og oppdatering av eigen kriseplan sett behov for å definere vår rolle i beredskapssituasjonar slik:

*Fylkesmannen si primæroppgåve er å vere bindeledd, dvs. å koordinere informasjonsflyt, mellom sentrale og lokal aktørar. Utover dette har Fylkesmannen ei tilbaketrekt rolle der hovudoppgåva er å overvake situasjonen og sjå til at dei aktuelle aktørane ("kriseeigarane") gjer det dei skal gjere og tek det ansvar dei faktisk har for å handtere situasjonen på ein adekvat måte. Om naudsynt kan Fylkesmannen gripe inn og rettleie aktørar som ikkje agerer i samsvar med forventningane. Berre unntaksvis vil det vere aktuelt for Fylkesmannen å ty til samordning med referanse til samordningsinstruksen.*

Denne definisjonen vart sendt DSB 20.2.2013 med kopi til JD i samband med tilbakemelding til DSB på rapporten etter tilsynet med embetet. I brevet bad vi om rask tilbakemelding på rolledefinisjonen, ei tilbakemelding vi framleis ventar på.

Å øve åtte til ni kommunar årleg er særslig ressurskrevjande dersom vi skal lage gode øvingar, noko vi bør gjere for ikkje å miste truverd. Vi klarar ikkje å nå dette målet, og må difor framleis basere oss på større fellesøvingar.

## Kapittel 3 - Resultatområder

### Kongehuset

#### **00.1 Kongelige besøk**

2013 var eit unormalt roleg år i Hordaland med kun to besøk over tre dagar.

21. januar: H.M. Dronninga og H.K.H. Kronprins Haakon besøkte pårørandesenteret på Kokstad i samband med terrorhandlinga ved In Amenas

6. og 7. mars besøkte H.K.H. Kronprins Haakon Bergen og Voss. I Bergen foresto Kronprinsen åpningen av konferanse i regi Senter for internasjonal utdanning (SiU), før turen gikk direkte til Myrdalen på Voss med åpning av skredbane (Røde Kors/Norsk Luftambulanse m.fl) og VM i freestyle.

### Miljøverndepartementet

#### **Resultatområde 01 – 06 Naturmangfold, vannforvaltning og vannforurensning**

##### **Framgang for skogvernet**

Hordaland har lenge hatt eit etterslep når det gjeld frivillig skogvern, noko som i hovudsak skuldast få konkrete tilbod på tilstrekkeleg interessante areal frå skogeigarane. Dette arbeidet skaut fart i 2013. Ingen nye verneområde vart oppretta i Hordaland dette året, men det er arbeidd mykje med aktuelle kandidatområde. Vårt første frivillige skogvernområde (Heltveit-Bjørge naturreservat i Lindås) vart sendt til sentral handsaming i 2013, for endeleg vedtak ved kgl. res. februar 2014. Området får samstundes ferdig forvaltingsplan.

Eit høginteressant område ved Skarvatun i Kvinnherad har "stoppa opp" i noka grad, ettersom grunneigarane ikkje fann å kunne godkjenne det økonomiske tilbodet frå staten. Det er arbeidd vidare for å finne ei tenleg løysing her. Arbeid med to andre kandidatområde for frivillig vern er påbegynt, og Vestskog BA har i 2013 arbeidd for å få fram tilbod også frå tilgrensande eigedomar slik at tilbodet vil dekke dei viktigaste vernekvalitetane.

Ånuglo statsskog i Tysnes vart kjøpt av Miljødirektoratet i 2012 for naturvernformål. Fylkesmannen har i 2013 førebudd denne prosessen for eit formelt vernevedtak. Verneforskrift og forvaltingsplan er no til høyring, og endeleg vedtak i statsråd kjem truleg i 2014. Tilsvarande er gjennomført for Lofthus prestegardsskog i Ullensvang, men denne prosessen ligg to-tre månader etter Ånuglo i løypa.

Det er særskilt godt samhandling mellom skogeigarorganisasjonane og fylkesmannen om denne verneforma. Sjølv om relativt lite skog er verna i Hordaland så langt, er likevel nivået på skogforvaltinga høgt med tanke på å sikre viktige naturkvalitetar i vestlandsskogen.

##### **Forvalting av verneområde**

Dette arbeidsfeltet er høgt prioritert ved fylkesmannsembetet, og vil alltid vere det. Auka løvyingar til skjøtsel og tilrettelegging for bruk i slike område gjer at forvaltinga er langt meir aktiv enn tidlegare. Dette gjeld særleg i kulturlandskapsprega verneområde, der utfordringa gjerne er å fjerne småtre og kratt for å motverke attgroing. Dette er krevjande område å forvalte ettersom arealbruken frå tidlegare tider langt på veg har gått ut, og områda er i dag avhengige av omfattande, vedvarande og i høg grad kunnskapsbasert skjøtsel. I Hordaland har vi særleg to slike kulturlandskap som er underlagt særskilt vern etter naturmangfaldlova som over tid har krevd mykje skjøtsel. Det er Berge landskapsvernombord i Kvam og Gjuvlandsia landskapsvernombord i Kvinnherad. I begge desse områda har det vore uvanleg høg aktivitet i 2013, og delar av desse områda står no fram på eit heilt anna vis enn tidlegare, i samsvar med målsetjingane i forvaltingsplanane.

Herdla naturreservat i Askøy er eit anna kulturmåverka verneområde med talrike utfordringar. Her har det i 2013 vore særskilt fokus på tilrettelegging for allmenta, på slik måte at det ikkje reduserer - men heller fremjar - verneføremålet. Slikt arbeid krevjer høg kompetanse hjå forvaltingsstyresmakta. Det er difor gledeleg å sjå at dette naturreservatet er inne i ei tydeleg positiv utvikling, samstundes som stadig fleire turgåarar får oppleve dei unike naturkvalitetane her på kort hald.

Sjøfuglbestandane i Hordaland er i dag sterkt reduserte, samanlikna med tilstanden for 30 år sidan. Vedvarande næringssvikt for sjøfuglartar som er avhengige av fisk som næring er hovudårsaka, noko som igjen har samanheng med den brutale nedfiskinga av norsk vårgytande sild på 1960-talet. Dei seinare åra har det vore bra med sild på vestlandskysten, men sjøfuglane har enno ikkje respondert på dette. Vi opplevde like fullt eit skifte på dette i 2013, ved at fuglane - i alle fall på ein del kystavsnitt - tilsynelatande fann godt med mat i hekketida. Utgangsbestanden for hekkande terner er no særstakt låg som følgje av tiår med vedvarande kapital hekkesvikt, men til tross for dette kom det heile 300-400 terneungar på vengene i Hordaland i 2013. Det er truleg det beste årsresultatet sidan meir målretta registreringar kom i stand i 1993! Om næringstilgangen vert tilsvarende for sjøfuglane i 4-5 av dei nærmaste 10 åra på kysten vår, kan det vere god von om å få bygd opp att bestandane på eit nivå som i 1980 eller faktisk betre. Tilstanden i 1980 er utgangspunktet for sjøfuglverneplanen i Hordaland, men avgangen i bestandane var nok allereie då påtakleg.

Eit anna gledeleg trekk ved vestlandskysten er at det no er vesentleg mindre mink her, i alle fall i ytre strok. Dette vart godt dokumentert i 2013, ved at ei rekke sjøfuglreservat vart undersøkte for territoriell mink ved hjelp av spesialtrena hund. Påfallande få mink vart no funne, og dei som vart påvist blei fjerna permanent. Visjonen er med tida å halde delar av kysten permanent frie for mink, noko som vil vere positivt særleg for ein tradisjonell sjøfuglart som teisten.

4 våtmarksreservat i Sveio fekk forvaltingsplan i 2013. Det gjeld Skiftestad naturreservat, Bjellandsvatnet naturreservat, Mannavatn naturreservat og Færås naturreservat, som alle er knytt til Vigdarvassdraget. I tillegg vart det utarbeidd forvaltingsplan for 2 framtidige skogreservat (sjå avsnittet om frivillig skogvern).

## Meir aktivitet i nasjonalparkane

Folgefonna nasjonalpark fekk eigen nasjonalparkforvaltar i 2012, og 2013 vart såleis det andre heile virkeåret her. Det har generert mykje aktivitet, ikkje minst ved innfallsportane til nasjonalparken. Nasjonalparken har eige forvaltingsstyre som er politisk oppnemnt. Dette fungerer greit, og gjer at nasjonalparkforvaltinga er tilført vesentleg større ressursar i høve til tidlegare. Hardangervidda nasjonalpark har dverre ikkje teke del i denne "nye" ordninga enno. Forvaltinga av denne nasjonalparken legg såleis beslag på ein vesentleg del av fylkesmannen sine personellressursar til forvalting av verneområde generelt, ei belasting som i særleg grad vert Hordaland til del ettersom Fylkesmannen i Hordaland er koordinerande fylkesmann for denne nasjonalparken. Hardangervidda er den største nasjonalparken i Noreg, og kanskje også den som har flest forvaltingsutfordringar.

## Utvalde naturtypar og prioriterte artar

Norske fylkesmenn har dei siste åra hatt mange utfordrande oppgåver i samband med å utarbeide faggrunnlag for utvalde naturtypar og prioriterte artar. Ikke minst gjeld dette i Hordaland, der oppgåvene har medverka til å auke den biologiske kompetansen ved embetet.

Vi fekk ikkje oppdrag med å utarbeide nye faggrunnlag i 2013, men har hatt høg aktivitet ved å videreføre faggrunnlaga for naturtypane rik sumpskog og kystfuruskog. Dette er tunge oppgåver som krev omfattande nykartlegging, kvalitetssikring av eksisterande data og nytenking. Særleg for naturtypen kystfuruskog skjer det viktige omdefineringar, som vil ha stor betyding for alle som forvaltar skog i Noreg. Fylkesmannen har knytt til seg det meste av spisskompetansen i landet til dette viktige arbeidet, og samhandlinga er god også med skogbruksnæringa og landbruksforvaltinga.

Faggrunnlaget for raudlistearten dvergålegras (som Fylkesmannen i Hordaland tidlegare har utarbeidd) er no oppdatert og sendt til endeleg handsaming for å bli oppnemnt som prioritert art etter naturmangfaldlova. Ein kan vente vedtak i stasråd om dette i 2014 saman med 4 andre artar på landsbasis. Førekomstane av denne arten i Hordaland er godt overvaka.

I Hordaland har vi også høgt fokus på raudlisteartar som hubro og elvemusling. Desse vert forvalta som prioriterte artar (utan at dei formelt er det enno) frå andre fylke enn Hordaland. Hubroen i Hordaland nyter godt av god samhandling med BKK for å motverke tap av fuglar ved elektrokusjon knytt mot kraftlinjer. Elvemuslingen er uvanleg høgt fokusert hjå oss, ettersom eit nasjonalt anlegg for bevaring av elvemusling er etablert i Austevoll. Levande individ frå alle attverande bestandane av elvemusling i Hordaland er samla inn og teke vare på ved dette anlegget. Her produserer dei unge muslingar under kontrollerte tilhøve, som skal førast

tilbake til det oppghavlege vassdraget ved 3-4 års alder for å styrke dei lokale bestandane. Dette er avansert, men diverre naudsynt, miljøvern.

## Framleis stor innsats i kulturlandskapet

Vårt engasjement innan kulturlandskap krev nær samhandling mellom landbruksforvaltinga og miljøvernforvaltinga. I Hordaland vert dette samarbeidet stadig betre og tettare, og krava til oppfølgjing vert stadig meir omfattande i embetsoppdraget både til landbruksavdelinga og miljøvern- og klimaavdelinga. Drift av eit levande kulturlandskap skal mellom anna ivareta det biologiske mangfaldet som er knytt til dei aktuelle naturtypane, noko som fordrar rett - og omfattande - skjøtsel. Dette er gjerne driftsformer som i dag er gått ut av bruk ettersom dei ikkje er rekningsvarande. Dermed krev utvalde lokalitetar omfattande oppfølgjing frå offentlege instansar (herunder fylkesmannen) med store krav til samarbeid mellom involverte aktørar og riktig bruk av tilskotsmidlar. Saksfeltet legg såleis beslag på stor kapasitet ved begge avdelingane ved embetet.

I Hordaland er vi særleg engasjert i å effektuere nasjonale handlingsplanar for naturtypane kystlynghei og slåttemark, men og naturtypen haustingsskog krevjer no innsats. For tida følger vi opp 6 lokalitetar med kystlynghei og tilsvarande 20 lokalitetar med slåttemark. Talet er aukande.

## Rovviltforvalting

Temaet har tradisjonelt vore lite fokusert i Hordaland ettersom vi har små eller ingen bestandar av totalfreda rovdyr. Likevel auka arbeidsomfanget sterkt i 2013, som følgje av at kongeørn skapar problem lokalt i fylket. Særleg i Fitjarøyane og Austevoll har innmeldte tap av villsau til kongeørn teke seg sterkt opp, noko som genererer høgare erstatningsutbetalingar enn tidlegare. Utfordringa er spesiell, ved at det her går føre seg aktiv drift og landskapspleie vei hjelpe ei småvaksen og gamal rase villsau, som ein lekk i oppfølgjinga av den nasjonale handlingsplanen for kystlynghei. Samstundes har eit par kongeørn etablert seg sentralt i det same området, og utanom hekketid opererer også andre kongeørner i området. Tapstala har eskalert som følgje av dette, og arbeidet med å finne gode og varige løysingar på denne spesielle problemstillinga vil ha høg prioritet dei nærmaste åra.

## Naturen er best naturleg

Budsjettrammene er på same låge nivå som tidlegare, men arbeidet med å motverke spreying av framande artar i naturen vert stadig meir omfattande ved embetet, og også elles i samfunnet. Utfordringa i Hordaland er massiv slik den elles er på Vestlandet, og den vert større og større for kvart år som går utan at vi kjem i gang med effektive, tverrsektorielle tiltak for å motverke ei ekskalerande utvikling.

Utfordringa relaterer seg i stor grad til spreying av framande treslag. Ny forskrift i 2012 set strenge krav til utsetjing av utanlandske treslag i norsk natur. Denne forskriften har generert mykje arbeid ved embetet i 2013, både ved miljøvern- og klimaavdelinga og landbruksavdelinga. Med unnatak av ein søknad om utsetjing av sitkagran til skogbruksføremål, har vi handsama vel 20 saker om usetjing av utanlandske treslag for juletreproduksjon. Samtlege julereplantasjer er blitt godkjent ettersom dei alle hadde små konsekvensar for naturmangfaldet, men søknaden om utplanting av sitkagran vart avslepen i januar 2014 etter grundig vurdering og befarung i 2013.

Samhandlinga internt på embetet er konstruktiv og god i slike saker. Eit hovudproblem i dag er seineffektar av massiv utplanting av utanlandske treslag i vestlandsnaturen i tidlegare tider, og som i dag spreier seg ukontrollert i stor grad inn i ei rekke viktige naturtypar. Mange av desse spreingsfelta vil aldri bli økonomisk drivverdige og difor ikkje hogd. Problematikken vert handtert så godt som råd innanfor etablerte verneområde, men i forsvinnande lita grad utanfor desse områda. Særleg i kyststroka vil landskaps- og miljøpåverknaden bli vesentleg om eit par tiår dersom ikkje omfattande tiltak vert sett i verk i nær framtid.

Dei avgrensa økonomiske ressursane som Fylkesmannen disponerer til å motverke spreying av framande artar i naturen, vart i 2013 - som tidlegare år - prioritert på følgjande artar: Boersvineblom (Moster-området, Bømlo), kjempespringfrø (Vosso-vassdraget), vestamerikansk hemlokk (Os, Lindås og fleire andre stader i fylket), og vasspest (Vigdarvassdraget, Sveio og Ålandsvatnet, Stord). Tematikken kring spreying av vasspest er relativt ny i Hordaland og ei særstilt prioritert utfordring. Eit særskilt prosjekt i denne samanhengen er administrert av Sveio kommune, med skjønsmidlar frå fylkesmannen. Alle røysnler tilseier at vasspest er bortimot uråd å bli kvitt når den først har etablert seg i eit vassdrag.

## Fiskeforvaltning

Sakshandsaming etter lakse- og innlandsfiskelova. Vi gav i 2013 ut 50 fiskeløyver i fylket. I hovudsak for fiske

etter rømt oppdrettsfisk i vassdrag, men og nokre til diverse fiskeundersøkingar i fylket.

Fylkesmannen sit i styret for fiskefella i Etne, ein del av det nasjonale pilotprosjektet Hardangerfjorden. Fella var på plass i vassdraget i april, etter løyve frå Fylkesmannen. Fella fanger all oppvandrande fisk, og er eit samarbeid mellom forvaltning, oppdrettsnærer og villfiskinteresser. Havforskinsinstituttet levere følgjeforskinga.

Vi har starta planlegginga av reetablering av laks i Modalsvassdraget. På oppdrag frå Fylkesmannen har LFI Uni Miljø vurdert kva stamme som bør brukast som donorstamme for ein reetablering.

### **Prosjektet for Vossolaksen går mot slutten, men bestanden er ikkje berga**

2013 var siste år med slep av smolt frå Evangeranlegget. Smoltslepa vil halde fram, men då berre med smolt frå Voss klekkeri, og i eit langt lågare antal.

I tillegg til forskingsfiske med kilenøter og sitjenot i sjøen, vart det gjennomført eit forskingsfiske etter laks i vassdraget òg. Både i sjø og elv vart all CWT merka laks avliva, mens umerkt villfisk vart sett ut att.

Forskingfiske i elv var organisert gjennom fiskerettshaverane med sal av fiskekort. Laks som vart avliva i forskingsfiske i sjøen, vart sold til oppkjøpera. Midlane frå dette salet er sett inn på ein konto ved Voss klekkeri, og skal brukast i redningsaksjonen.

Det vart publisert ein DN-utredning om Redningsaksjonen for Vossolaksen i 2013. Dette er den andre store rapporten frå prosjektet. Det årleg forskarmøtet på Fleicher vart arrangert 5. og 6. desember. Her vart resultatar frå 2013 lagt fram. Folkemøtet vart haldt 5. desember, med blant anna klipp frå filmen som kjem om Redningsaksjonen for Vossolaksen.

Forutan tilbakeføring av materiell frå genbank, er andre tiltak som det er jobba med i 2013 planlegging av restaurering av gyteområde Lilandsosen (Voss kommune), vi har hatt ein pådrivarrolle ovanfor Mattilsynet og akvakulturnæringa i samband med luseproblematikken, uttak av rømt fisk mm.

Prosjektstillinga hjå Fylkesmannen vil ikkje bli vidareført.

### **Tiltak mot ørekryt på Hardangervidda**

Ørekryt er ein framand art i vestlandsnaturen, men det er ein "dørstokk-art" som lett vil vandre inn til fylket om ikkje effektive mottiltak vert sett i verk. Trugsmålet kjem frå aust på Hardangervidda, ved at bestanden er tett like aust om vasskiljet og vidare spreieing lett kan skje i dette særslate landskapet som følgje av ekstrem flaum, fuglar, sportsfiskarar eller uvettig framferd.

Det er difor bygd fleire fiskesperrer i to område på vidda, og ovanfor desse vart vatn og vassdrag handterte med rotenon i 1999 og 2000 for å halde dei permanent frie for ørekryt og annan fisk. Dette fungerte lenge, men dei seinare åra er ørekryt påvist på ny ovanfor sperrene. I 2013 er fleire av sperrene vølte, og fleire nye fiskesperrer bygd. Dessutan vart det gjennomført ein omfattande ny rotenonaksjon. Sjølv aksjonen vart gjennomført i samarbeid med Veterinærinstituttet i august 2013, med sterkt medverknad av personell frå Fylkesmannen, Statens Naturoppsyn og Eidfjord fjellstyre. Aksjonen var etter alt å dømme vellukka, men må repeterast i 2014.

### **Kalking i nasjonale og lokale prosjekt**

Kalking skjer i Hordaland i samsvar med planar både når det gjeld lokale og nasjonale kalkingsprosjekt. Den offisielle opninga av den flytta og oppgraderte kalkdoseraren i Yndesdalsvassdraget fann stad hausten 2013.

Vi starta i 2013 opp planlegginga med kalking og reetablering av laks i Modalsvassdraget.

### **Kanskje ikkje helse i kvar dråpe, men 188 vassførekomstar har fått helsetilstand**

I 2013 har vi arbeidd med overvakingsprogram etter vassforskrifta, eit arbeid som vil halde fram ut i 2014 i tråd med fylkeskommunen sin tidsplan for ferdigstilling av høyringsdokumenta etter vassforskrifta. Fylkesmannen har i 2013 teke del i arbeid i vassområda for å lage tiltaksanalyser.

Det er lagt ned stor innsats i å karakterisere ferskvatn og kystvatn etter regelverket i vassforskrifta. Oppdatering av data om kyst-, innsjø-, elv- og grunnvassførekomstane er eit kontinuerlig arbeid som også har blitt gjennomført i 2013 i tråd med forskriftskrava. Dette omfattar mellom anna innhenting og innlegging av informasjon i databasane Vannmiljø og Vann-Nett, for deretter å klassifisere/karakterisere vassførekomstane etter dei nyaste tilgjengelege data.

## Opplæring i naturmangfaldlova

Det er halde to regionale kurs i sakshandsaming etter naturmangfaldlova, mynta på sakshandsamarar i kommunane og også konsulentbyrå som involverer seg i utarbeiding av planar etter plan- og bygningslova. Eitt kurs vart halde i Bergen med om lag 60 deltakarar, eit anna på Stord med vel 30 deltakarar. Eit tredje kurs var tillyst på Voss, men vart annulert grunna låg påmelding. Kursa vart arrangerte av miljøvern- og klimaavdelinga og kommunal- og samfunnsplanavdelinga i fellesskap.

Vi minner kommunane om at naturmangfaldlova skal vurderast i alle planar og dispensasjonssaker etter plan- og bygningslova.

## Mange akvakultursøknader og meir tilsyn

Sakshandsaminga vår når det gjeld akvakultur skjer innanfor forskriftsregulerte fristar. Vi har halde fram tilsynsaksjonen vår frå 2011 og 2012. Vi har hatt 60 saker til uttale, og det er gitt 26 løyve til utslepp. Ingen saker fekk direkte avslag i 2013. I tillegg har vi hatt 29 andre saker der vi ikkje gir nytt eller endra løyve, men der dokumentasjonsgrunnlaget eller andre tilhøve knytt til forureining frå anlegget vert vurdert. I 15 av desse sakene er saka returnert med merknad.

## Resultatområde 07 Godt bymiljø

### Prosjekt "Flere boliger i bedre by"

I 2013 vart det tilsett prosjektleiarar for prosjektet Fleire boliger i betre by. Det er utarbeidd prosjektskildring, og arbeidet er starta opp. Vi er i samtale med ein del utvalde kommunar der byutvikling og auka bustadbehov vil presse seg fram i samband med venta folkevekst.

For å vere i forkant med å sikre fleire boligar i klimavenlege og attraktive byar og tettstadar, ønskjer vi gjennom prosjektet å gje inspirasjon og fagleg støtte. I tillegg ønskjer vi å stimulere til moglegstudiar ved å gje skjønsmidlar til nokre gode prosjekt.

Det er oppretta kontakt med mellom anna Hordaland fylkeskommune og andre aktuelle fagmiljø.

## Resultatområde 08 Aktivt friluftsliv

### Fylkesmannen som grunneigar/rettigheitshava på vegne av staten i dei statleg sikra friluftsområda

Verneprosess for Ånuglo er i gong. Denne tidligare Statskog-eigedomen blir då eit naturreservat, der dagens friluftslivsfunksjon vert oppretthalden.

Raudlia i Os kommune er sikra som friluftsområde. Os kommune overtok Statskog-eigedomen hausten 2013. Vi har teke initiativ overfor Miljødirektoratet for å bidra i eit spleislag for å sikre at ålmenta sin friluftslivsfunksjon vert godt ivaretaken fremover.

Midler er tildelt Vestkystparken.

### Tilrettelegging for jakt og fiske

Refusjonskrav for jegerprøva vert utbetalt etter søknad frå kommunane.

## Resultatområde 09 Giftfritt miljø

### Forureina sediment

Vi har delteke på kurs i risikovurderingsrettleiarane, og vore med å utarbeide ny risikovurdering for Bergen havn saman med delar av prosjektgruppa. Ein studietur til Harstad og Tromsø og erfaringar frå arbeidet der var nyttig. Vi ser at grundig oppfølging av prosjektet i Bergen vil kreve ressursar. Vi fekk derfor derfor prosjektpengar frå Miljødirektoratet til ein 50 % stilling for 2014-2016 for å følgje opp tiltaksplanarbeidet i Bergen og Sørkjorden.

Vi liste ut oppdrag i Doffin/TED om undersøking av straummøsteret i Sørfjorden. Fristen for å gi tilbod var 31. januar 2014.

Vi har gjennomført oppdatering av pålegg til skipsverft som eit prosjekt. Skipsverftgruppa har:

- Avslutta oppfølging for H&E Nordtveit Skipsbyggeri i Fusa. Kopi av brev vart sendt Miljødirektoratet. Oppfølging ved to Ole Kvernernes Båtbyggeri og Ottesens skipsbyggeri vil også bli avslutta.
- Vi har gjennomført tilsyn ved eitt av de prioriterte verftene.
- Løyve til tiltak på sjøbotnen i Rosendal er gitt. Står att å avklare om det er nødvendig med tiltak på land.
- Bedrifter ved Rabbavika i Austevoll gjennomfører undersøkingar. Rapport frå grunntilhøva vart ferdig i september.
- Har holdt innlegg om skipsverftoppfølginga vår på fellesfagsamlinga i Oslo

### **Grunnforureining**

Vi oppdaterer Grunnforureiningsdatabasen og gir råd til kommunar om meir aktiv bruk av denne. Vi har fleire grunnforureiningssakar under arbeid.

## **Resultatområde 10 Rein luft**

### **Lokal luftforureining**

Vinteren 2013 var det igjen søkelys på forurensingssituasjonen i Bergensdalen på kalde vinterdagar. Ny bybanetrase til Lagunen og auka satsar i bompengeringen har ikkje redusert sentrumssretta trafikk. Regelverket for luftforurensning i befolkede områder er modent for revisjon og innskjerpning.

Det er inga løysing for luftkvaliteten i Bergensdalen. Utsleppa frå transportsektoren er framleis for høge målt som årsmiddel i Bergensdalen. Fortsatt sterk vekst i trafikken i åra som kjem, vil føre til nye køar då vegkapasiteten er for liten i rushtida. Nye rapportar viser at køprising vil gje betre luftkvalitet og betre framkomst. Køprising vil i tillegg vere samfunnsøkonomisk lønsamt. Dette kan forsterkast ytterlegare ved å nytte inntektene til å betre kollektivtilbodet og legge til rette for gang- og sykkelveg og innfartsparkering. Køprising som tiltak er så langt ikkje sett i verk av Bergen kommune.

### **Støy**

Fleire saker knytt til helikopterstøy er handsama. Vi har og følgd arbeidet med ny strategisk støykartlegging i Bergen etter forurensningsforskriften.

Bergen kommune har fått utsett frist til å levere handlingsplan for strategisk støykartlegging. De er nå godt i gang med arbeidet. Handlingsplanen blir lagt ut til offentlig ettersyn i august 2013.

## **Resultatområde 11 Stabilt klima**

Vi er i gang med kartlegging av status for dei kommunale klima- og energiplanane. 20 av 33 kommunar har svart. Vi vil oversende ein samanstilt rapport når vi har fått svar frå alle kommunane. Vårt inntrykk så langt er at ein revisjon av dei kommunale planane ikke er prioritert.

Vi har delteke i revisjonsarbeider for gjeldande regionale klimaplan i regi av Hordaland fylkeskommune. Revidert plan vert godkjent i 2014.

Det er få konkrete oppgåver knytt til reduksjon av klimautslepp i Hordaland. Måling av utslepp til bruk for miljøstyring er lite utvikla både på kommunalt og regionalt nivå.

## **Resultatområde 12 Resultatkrav knyttet til Tverrgående virkemidler**

### **12.1 Planlegging for en bærekraftig utvikling**

#### **Arealpolitikk og kommunale planprosessar**

Kommunal og samfunnsplanavdelinga har i 2013 halde fram med å legge vekt på arbeidet med overordna planar. Vi har hatt tett dialog med kommunane i arbeidet med dei overordna planane for å gje tydelege tilbakemeldingar tidleg i planprosessane. Fylkesmannen har i og ordførarmøte vore tydeleg på at det er viktig med gode kommuneplanar.

## Prosjekt Meir effektiv plansakshandsaming

Kommunal og samfunnsplanavdelinga har i 2013 arbeidd for å få ned sakshandsamingsstida på plansaker. Vi har halde oss innanfor fristane og berre bede om utsett frist i få saker.

Andre halvår vart det frigjeve ytterlegare ressursar til dette gjennom prosjekt for meir effektiv plansakshandsaming. Det vart arrangert eit kurs i planjuss for kommunar og fylkeskommune. 24 av 33 kommunar deltok. Med fylkeskommunen og deltakarar frå Fylkesmannen var det 95 deltakarar. Tilbakemeldinga på planjusskuset var at det var svært nyttig. I tillegg til kurset valde vi ut nokre planar der vi gjekk nøyne gjennom planføresegner som ei rettleiing til dei aktuelle kommunane på dette temaet.

KSA har også i år undervist på etterutdanningskurset planrett ved universitetet i Bergen.

## Forsøk med samordning av statlege motsegner

Etter å ha blitt utvald som eit av 6 forsøksfylke, starta Fylkesmannen opp prosjektet "Samordning av statlege motsegner til kommunale planar" den 1.9.2013, som planlagt. Det er tilsett prosjektleiar i full stilling for ein periode på 3 år.

Gjennom prosjektet har vi allereie hausta nyttige røynsler for korleis staten kan opptre meir koordinert i si medverknad innan kommunalt arealplanarbeid.

I samsvar retningslinene for forsøket, har vårt hovudfokus vårt vore å samordne statlege interesser i kommunale arealplanar i høyringsfasen, der ei eller fleire statlege sektorstyresmakter finn grunnlag for å fremje motsegn. Gjennom ein utvida og koordinert dialog mellom etatane og aktuelle kommunar, legg Fylkesmannen til rette for at samarbeidet mellom fagstyresmaktene og kommunane som planstyremakt skal bli styrka, slik at vi oppnår raskare planprosessar for kommunane og ferre motsegner. Attendumdelingane frå dei andre statsetatane og frå kommunane er så langt svært positive.

## Prosjekt "Flere boliger i bedre by"

Sjå ovanfor under 07 Godt bymiljø

## Kommunal planstrategi

Det var ved starten av året sju kommunar utan communal planstrategi. Fylkesmannen hadde i samarbeid med fylkeskommunen eit oppfølgingsmøte med kommunane. Tre av kommunane tok i mot invitasjonen og kom på møtet. Status per 31.12. er at alle kommunane utan ein er i gang med arbeidet. Dei fleste utarbeider planstrategi samstundes med rullering av kommuneplanen.

## Strandsone

Fylkesmannen har i 2013 delteke i strandsonenettverket for vestlandsfylka og i styringsgruppa og arbeidsgruppa for utarbeiding av interkommunal plan for kystsona i Sunnhordland. Planen er i ein avsluttande fase. Fylkesmannen deltek også i arbeidsgruppe i Regional kystroneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger med stort fokus på strandsona. Planarbeidet er starta opp. Til dette arbeidet er det brukt ca 0,5 årsverk.

## Naturmangfold

I samarbeid med miljøvern og klimaavdelinga har communal og samfunnsplanavdelinga halde regionale kurs i sakshandsaming etter naturmangfaldlova. Vi minner elles kommunane om at dette skal vurderast i alle planar og dispensasjonssaker etter plan- og bygningslova.

## Ressurssituasjonen

På plansida har det vore stor utskifting av sakshandsamarar. Vi er ni sakshandsamarar, der to er midlertidige og ein leiar prosjektet Fleire boligar i betre by. Vi har p.t. lyst ut ei sakshandsamarstilling og ei seksjonsleiarstilling. Stor utskifting av tilsette er ei utfordring for kontinuiteten i arbeidet med dei ulike kommunane, men vi har mykje

god kompetanse att, og medarbeidarane er engasjerte og kunnskapsrike.

## Tal frå Hordaland 2013

### Meklingar

Fylkesmannen har avvikla seks meklingsmøter i 2013. Ei sak gjeld kommuneplan, dei resterande fem er reguleringsplaner. Mekling ført fram i fem av sakene. I ei sak, mellom Masfjorden kommune og Kystverket, ført ikkje mekling fram og saka er sendt til departementet.

Fire av sakene gjalt motsegn frå Fylkesmannen i Hordaland til reguleringsplaner, tre av dei var eldre reguleringsplaner i Bergen. Mekling ført fram i alle desse.

### Dispensasjonar (tal for 2012 i parentes)

Vi mottok 1059 saker til uttale. Vi har gitt uttale i 144 saker. Vi mottok 1444 (1373) saker til klagevurdering. Det vart klaga på 37 (59) saker og 4 vart vedtak vart oppheva av oss av di vi såg dei som klårt ugyldige, og ikkje send settefylkesmann.

### Reguleringsplan

Vi mottok oppstartsmelding til 268 (261) reguleringsplanar og 168 (209) planar til offentleg ettersyn. Vi hadde motsegn til 19 (56) planar. Grunnlaget for motsegnene var 11 (9) på strandsone, 5 på naturmangfald, 3 born- og unge, 4 landskap, 4 ATP/Klima, 1 landbruk, 2 samfunnstryggleik og 3 grunna i andre tilhøve.

### Kommuneplanlegging

Kommunal planstrategi er omtalt over. Ut over dette har vi mottatt 10 oppstartsmeldingar og planprogram til uttale. Vi har mottatt 16 saker til offentleg ettersyn. Det vart fremja motseng til 4 planar. Grunnlaget for motsegnar fordeler seg slik: 4 strandsone, 2 naturmangfald, 4 landskap, 1 ATP/Klima, 1 landbruk og 2 smafunnstryggleik.

## 12.2 Tilsyn og konsesjonsbehandling

### Tilsyn og konsesjonsbehandling

I 2013 vart det handsama 60 konsesjonssaker der 18 var endring av eksisterande utsleppsløyve. Det vart gjennomført 91 tilsyn, 5 av disse var systemrevisjonar. Innteningskravet vart nådd. Tallet på konsesjonssaker auka i 2013.

Vi bruker 2,7 årsverk på konsesjonshandsaming og 3,2 årsverk på tilsyn for heile 2013. Ingen verksemder er anmeldt eller avkrevd tvangsmulkt.

Alle eigenrapporter vart godkjent.

Kommuneundersøkinga er gjennomført i Etne, Os og Voss innan temaet landbruksforurensing og er rapportert til Miljødirektoratet.

## 12.3 Kunnskapsgrunnlag og miljøinformasjon

### Miljøstatus

Vi har overført og gjennomgått alle sider våren 2013. Framleis manglar sidene om kulturminne til tross for purring på fylkeskommunen. Vi har ikkje klart å mobilisere til innsats frå plan.

Miljøstatus har vore bannersak med nyhende sommaren 2013. Sida er lenka opp frå Miljøstatus til sider med fast informasjon og nyhende på fylkesmannen.no. Vi har og lenka opp Miljøstatuskart på intern kommuneprofil. Vidare markedsføring vert gjennomført når Miljødirektoratet har fiksa diverse feil på sidene.

### [www.fylkesmannen.no/hordaland](http://www.fylkesmannen.no/hordaland)

Det har vore færre nyhetssaker enn tidligare, i tråd med ønska profil. Deror har det og vore vanskelegare å motivere til innsats då sidene vert opplevd som dårligare og mindre lest enn tidligare med færre abonnentar og besök, pluss ein del negative tilbakemeldingar.

**Naturbase**

Noko ajourføring av Naturbase er utført. Alle grunneigarar som er omfatta av kartlegging av edellauvskog har fått brev med resultat av kartlegginga. Kartlegging av hule eiker i fylket er starta opp.

**Forurensning**

Vi kontrollerer oss sjøl med jamne mellomrom for å unngå hol i registreringane i databasen. Dei fleste er flinke til å bruke Forurensning. Likevel ser vi at det er trong for ny *kursing* for dei som ikkje har jobba så mykje med databasen. Vi planlegg ein intern gjennomgang av Forurensning starten av 2014. Vi arbeider også med å lære oss å bruke Rapport Builder, no etter den nye omlegginga av systemet.

**12.4 Internasjonalt samarbeid**

Ingen tilsette er for tida engasjert i internasjonalt arbeid.

**Ressursrapporter**

Auken på fagkapitlet her skuldast ny tildeling på resultatområde 121 Planlegging for en bærekraftig utvikling og auka bemanning på resultatområde 122 Tilsyn og konsesjonsbehandling. Vi gjer også merksom på at ein stilling på resultatområde 010 Naturmangfold, vannforvaltning og vannforurensning blir lønna over kap. 1510 post 21 mot refusjon frå Miljødirektoratet.

<b>Resultatområde</b>	<b>Kapittel 1510</b>	<b>Fagdep.</b>
01-06 Naturmangfold, vannforvaltning og vannforurensning	kr 7 356 459,04	kr 2 138 351,12
09 Giftfritt miljø	kr 2 134 764,58	kr 48 554,97
Andre oppgaver under MD	kr 107 242,45	kr 0,00
11 Stabilt klima	kr 0,00	kr 0,00
12.1 Planlegging for en bærekraftig utvikling	kr 4 670 600,37	kr 1 184 826,31
12.2 Tilsyn og konsesjonsbehandling	kr 1 367 947,07	kr 1 431 764,09
12.3 Kunnskapsgrunnlag og miljøinformasjon	kr 1 040 699,88	kr 0,00
12.4 Internasjonalt samarbeid (Finnmark)	kr 0,00	kr 0,00
Sum:	kr 16 677 713,00	kr 4 803 496,00

**Landbruks- og matdepartementet****Resultatområde 21 Matsikkerhet**

Landbruket i Hordaland har hatt ein høg effektivitetsauke dei siste åra, og har vore tilpassingsdyktig. Særleg mjølkebruka har blitt mykje større. Dei som tidlegare gjekk inn i samdrift har erfart at inntektene ikkje har auka, men ein har heller fått frigjort arbeidskraft til å gå i anna arbeid. I stadig fleire føretak stangar ein no hovudet i taket i forhold til å kunne hente ut stordriftsfordelar. Avstand mellom fjøs og jord og utfordring med å nytte tidsvindauga ein har til våronn, utkjøring av husdyrgjødsel og innhausting gjer at vidare vekst i drifta gir stordriftsulemper. I slike føretak har ein gjerne høg gjeld etter store investeringar, og ein må no oppnå god lønnsemd med små moglegheiter til vekst i drifta.

I sterk konkurranse om arbeidskrafta er rekruttering ei grunnleggjande utfordring. På mange føretak trengst større investeringar i hus og jord, og mange vegrar seg difor for å ta over drifta. Kostnadene med bygging har auka sterkt dei siste ti åra, slik at nødvendig utviding og modernisering kan vere økonomisk uforsvarleg. Gode investeringsordningar er enda viktigare enn tidligare. For å kunne få lønnsemd i drifta slik at ein tør å investere, er det også avgjerande å ha langsiktig tilgang til jordbruksareal av god kvalitet og mest mogleg samanhengande. I store delar av Hordaland er den langsiktige tilgangen til leigejord usikker.

Jordbruksareala er i ferd med å bli ein potensielt god inntektskjelde ved mogleg framtidig utbygging, heller enn grunnlag for matproduksjon. Denne forventinga gjer at ein ikkje sel jorda når ein sluttar med drifta eller trappar ned. Arealet blir heller drive meir ekstensivt, utan investeringar og med lite produksjonsvolum, eller arealet går ut

av bruk og blir tilrettelagt for utbygging. Av eksisterande jordbruksareal i Hordaland er 17 % ute av drift. Behov for fritid er også ein drivkraft til eit meir hobbybasert landbruk.

Moglegheit til ferie og fritid er avgjerande for å sikre rekruttering til landbruket. Høg andel av mjølkerobotar i Hordaland er eit uttrykk for at ein kjøper seg fritid med teknologiske løysingar. I det siste har ein sett tilsvarande i sauehaldet, med auka satsing på fôrhekkar og fôringsautomatar. Nye brukarar har oftast ikkje landbruksutdanning og det er etterspørsel etter kompetanseheving. Det kan vere behov for å sikre betre oppfølging frå kommunen og rådgivingstenesta i høve til overtaking og utvikling av føretaket.

Det samla inntektsgrunnlaget for jordbruksføretak i Hordaland er mangesidig og med mykje entreprenørskap. Gardbrukarane er viktige for lokalsamfunnsutvikling i kommunane. I indre strøk er jordbruket viktig for sysselsettinga og busettinga. Ein veksande Bergensregion utgjer ein kjøpekraftig og kvalitetsmedviten marknad, og gir potensiale for auka produksjon av mellom anna lokal mat, som ein har kome langt med i Hordaland. Importvern, tett samarbeid og høg kompetanse gir gode villkår for fruktodyrkinga i Hardanger. Med målretta innsats kan det ligge til rette for å utvide sesongen for norsk frukt. Gode fjellbeite utan rovdyr utgjer ein stor ressurs, men med stadig større sankeområde og færre folk til å gjere jobben blir fjellbeita vanskeleg å nytte fleire plassar.

## 21.1 Økt matproduksjon og trygg mat

Fylkesmannen har støtta fagleg informasjon om drenering, inkludert opplæring for kommunetilsette og gardbrukarar. Investeringar i jorda gjort på ei god måte er avgjerande for å kunne auke matproduksjonen. Fylkesmannen har også bidrige til å dele erfaringar med oppdyrkning av areal basert på massedeponi av utbyggingsjord.

### Aktuelle tiltak for å auke matproduksjonen

#### NyGiv i sauehaldet i Hordaland

I 2013 vart det starta eit prosjekt for å styrke sauehaldet i Hordaland. Målsetting for NyGiv er å auke tal lammeslakt i fylket og å styrke fagmiljøet slik at vi får meir aktive og levande lokallag i sau og geit. NyGiv er eit samarbeid der Sau og Geit, Fatland, Nortura og FMLA saman driv prosjektet. Det vert og samarbeidd med andre organisasjoner der dette er naturleg. FMLA har rolle som koordinator i prosjektet. Prosjekteigar er Hordaland Sau og Geit.

Det har vore stor aktivitet i NyGiv med blant anna mange gode fagmøter i 2013. Oppmøtet på aktivitetane i prosjektet har jamt over vore svært godt og NyGiv har lukkast i å nå fram til svært stor del av sauehalarane i fylket. Prosjektet er planlagt å halde fram i to år til.

#### Vi satsar på mjølk i Hordaland

Vi satsar på mjølk i Hordaland er ei vidareføring av fleire tidlegare prosjekt der det har vore satsa ekstra på mjølk og storfe. Prosjekta har bidrige som rådgjevings- og motivasjonspåfyll for mjølke- og storfebøndene i fylket. TINE Meieriet Vest er prosjekteigar og har prosjektleiar. Av aktivitetar i 2013 har prosjektet arrangert mange opne gardsmøter og andre faglege aktivitetar og det har blitt gjennomført mykje rådgjeving på gardsbruk før/under/etter utbygging.

I samsvar med regional næringsprogram er hovudmålet med prosjektet å auke leveranser av mjølk til meieri. Etter endt første prosjektår har ein ikkje sett slik auke, men ein kan heller ikkje vite om nedgangen hadde vore større utan prosjektet? I 2014 skal arbeidet for å få opp leveringsprosenten intensiverast og spissast. Prosjektet skal i tillegg arbeide vidare med oppfølging og støtte av utbyggingsbruk.

Som del av mjølkesprosjektet har FMLA har støtta satsing på fôr og forkvalitet i regi av Landbruksrådgivinga med prosjektet Grovfôr i pluss. Bakgrunnen er at det er sit stort potensiale i auka produksjon, betre kvalitet og betre økonomi ved å betre kvaliteten på fôrproduksjonen

#### Geit i Vekst

Geiteprojektet dekkjer dei tre vestlandsfylka og har også i 2013 hatt stor aktivitet. Hovudaktiviteten har framleis vore hjelp i sanerings- og byggjeprosessar - eit område der det for tida er stor aktivitet i geitenæringer. Vi har få geitmjølksprodusentar i Hordaland og ser det som særskilt viktig å behalde flest mogleg produsentar for å oppretthalde eit sterkt fagmiljø. Status er 31 geitmjølksprodusentar i fylket per 2013. Av desse har 1 inngått avtale om smittesikring, dvs styrt avvikling. 3 produsentar har ikkje inngått avtale om sanering og vi antar dermed avvikling. Dei resterande 27 produsentane har anten sanert eller er i prosess og satsar dermed på framtidig geitmjølksproduksjon på garden.

## Frukt

Fylkesmannen støttar

prosjektet «Dyrk Smart», eit motiverings- og tilretteleggingsprosjekt innan fruktdyrkinga. Det blir arbeidd med hyppigare fornying av plantingane, nye dyrkingssystem og betre tilpassing til marknaden. Målet er auka produksjon og betre økonomi. Tilrettelegging for jordleige, kompetanseheving og rekruttering til næringa har høgt fokus.

Bærproduksjon med direkte sal til marknaden har høgt inntektpotensiale, og ein er i startgopa med oppbygging av produsentmiljø og omsetningskanalar.

## Lokalmatsatsing

2013 har etterspurnad

etter lokalmat og spesialprodukt fortsette å auke. Det er underdekning på mange varer, grunna matkjedene og restaurantane si interesse for lokalmat. Dette har ført til auka interesse for informasjon, kurs og kompetansebyggande tiltak hjå lokalmatprodusentane, og ført til auka aktivitet hjå nye etablerarar.

I Hordaland har fleire matbedrifter hatt fordel og nytte av Utviklingsprogrammet for lokalmat og reiseliv, saman med BU midlane. Dette har spela ei viktig rolle på investeringssida. Kompetansenavet vest er ein viktig samarbeidsaktørar fortsatt eit nært samarbeid om utvikling og gjennomføring av kurs og kompetansehevande tiltak i Hordaland og Sogn og Fjordane. I tillegg til kurs og rettleiing er besøksordninga ei god hjelpe for nye etablerarar og dei som ynskjer å revitalisera eiga verksemrd. I 2013 har FM og kompetansenavet hatt fleire prosjekt saman, som fellesmøte med nyetablerarar og opne møter i regionane, Hordaland og Sogn og Fjordane. Nokon av møta var saman med dei økologiske prosjekta.

Hordaland har eit stort nettverk av småskalaprodusentar. Nytt i 2013 er at det er mange som ynskjer å etablira verksemder innan slakting og foredling av lokalt kjøt og vilt.

Matfestivalen i Bergen har den største samlinga av lokalmatprodusentar i landet, og er den viktigaste marknadspllassen for mange aktørar. Kompetansen FM har bygd opp som festivalarrangør, vert også nytta i andre lokale matprosjekt, som til dømes i Eidfjord, Voss samt lokale marknader i fleire kommunar i Hordaland.

Januar 2014 vert det sett i gong ei revitalisering av Vossameny i regi av Voss næringshage, nærmere 40. næringsmiddelbedrifter har meldt si interesse i å være med i dette utviklingsarbeidet. Næringshagen vi ha ei samlande rolle med andre aktiviteter i området, som «Festival Voss» og «Ekstremsportveko»

Bergen har søkt status som «UNESCO creative cities network of Gastronomy», som ein av 5 byar i verda. Her har landbruksavdelinga vore initiativtakar og bidrige i Bergen kommune sitt arbeid med søknaden. Svar kjem tidleg på hausten 2014. Denne statusen vil leggje føringar på vårt vidare arbeid med lokalmatarbeidet. Det vil også styrke samarbeidet med mataktørar, som Bama, lokalgrossistar og matvareleverandørar, for å sikre distribusjonen av lokale matvarer fram til forbrukaren.

## Resultatområde 22 Landbruk over hele landet

### 22.1 Bruk av landbruksarealer

#### Beitesesongen 2013

Omlag 95 beitelag har fått godkjent søknad om midlar til organisert beitebruk (OBB) i RMP i år. Det har vore utfordrande å få desse søknadene i orden då overgangen til nytt søknadssystem ikkje har gått knirkefritt. Dette har medført mykje ekstraarbeid, særskilt hjå kommunane. Vi vonar at det vert lagt ressursar i å få eStil til å fungere betre ved neste søknadsomgang.

I 2013 gjekk tap av sau og lam noko opp i høve til 2012. Utviklinga totalt sett er likevel positiv med ein svak tendens til redusert tapsprosent i utmarka over den siste tiårsperioden. Det er kome inn færre søknader til OBB og det er søkt for eit mindre dyretal enn normalt. Årsaka til dette er utfordringane med søknadssystemet og ikkje ein reel nedgang i tal beitelag/beitedyr.

Som normalt for Hordaland var rovvilt årsak til relativt liten del dyr tapt på utmarksbeite. Hovudårsakene til

utmarkstap reknast hjå oss for å vere flåttbårne sjukdommar, flugemakk og bortkomne dyr. Tapsstatistikken for landet syner at Hordaland er det fylket som har prosentvis lågast tap i utmarka på sau og lam. Tapa utgjer likevel svært mange dyr, og det er viktig å halde fokus på tapsreduserande tiltak også framover.

### **Løyvde tilskot til organisert beitebruk i 2013**

Med mål om auka produksjon av sauekjøt ser vi det som svært viktig å opprethalde og leggje til rette for ein god utnytting av utmarksressursane i fylket. Beitelag er viktige for utmarksbeitebruken og vi vel å prioritere bruk av midlar gjennom RMP. For sesongen 2013 vert det utbetalt 2,6 mill i tilskot til drift av beitelag. I tillegg vert det utbetalt tilskot direkte til medleamar i beitelag då vi ynskjer å få større del av utmarksbeitebrukarane til å organiserte seg. Dette tilskotet vil for 2013 utgjere omlag 3,9 millionar.

I 2013 fekk Hordaland løyvng på kr 650.000 til investeringstiltak i beiteområder. Med noko tilbaketrekte midlar frå tidlegare vart det totalt løyvd investeringstilskot på kr 680.000 til tiltak i 29 beitelag. Desse investeringsmidlane har ei viktig rolle og fører til ressurssparande bruk av utmarka.

Alle kommunane i fylket er no ferdige med gardskartprosessen. Ein del kommunar har hatt vanskar med å halde tidsfristen grunna låg prioritering av landbruksforvaltninga i kommunen. Det har i 2013 vore gjennomført generelt kurs i gardskart, feltkurs i klassifisering og kurs i digitalisering av kart. Det er eit godt samarbeid med Skog og landskap, og dei er særslig dyktige på oppfølging og kursing.

### **Beiteprosjektet i Hordaland**

I 2011 starta vi Beiteprosjektet i Hordaland. Prosjektet fekk løyving frå Nasjonalt Beiteprosjekt i 2011 og 2012. Aktiviteten i prosjektet har vore utprøving av elektronisk sporingsutstyr i ulike beiteområder i fylket, kartlegging av beitelagas arbeid og haldningar, samt informasjonsmøter med beitenæringer. 2013 var siste året for dette prosjektet og vi er no inne i ein avslutnings- og rapporteringsfase.

### **Landskap i drift – ope landskap gjennom aktiv drift**

Det gror att fleire plassar i fylket – samstundes aukar etterspurnaden etter godt beiteareal, spesielt vår og haustbeite og etter meir kjøt og eit levande landbruk.

Etter eit fyrste prosjektpériode har vi fått inn nye søknader og løyvd midlar til nye, utvalde fellesområde som det vert gjeve støtte til i form at tilskot til m.a. fellesgjerde og rydding av beite. Dette fordi vi meiner at en skal hente fleire føreiningar frå u gjødsla utmarksbeite, i staden for innmark. Vi vil verte sett fokus på større beiter, investering i gjerder og nye typar fôringssplassar som er tilpassa større nedbørsmengder. Samstundes har me etablert eit samarbeid med UMB og Bioforsk for å dokumentere innsparingseffekten ved meir beiting versus fôr frå intensiv fôrproduksjon ved bruk av store mengder nitrogen. I løpet av 2013 blei nye store område rekrytert til prosjektet, eit areal totalt på 3435 daa.

### **Geovekst og "Norge Digitalt"**

Embetet deltek i geovekstsamarbeidet i fylket og nyttar kartgrunnlaget ein får tilgang til gjennom Norge Digitalt og Geovekst i mange ulike samanhengar.

Samarbeidet styres gjennom fylkesgeodataplanensom beskriv organiseringa og fremtidige planer for etablering av kartdata og ortofoto i fylket. Embetets geodataleder har i denne samanheng eit særleg ansvar for å sjå til at landbrukets trøng til data i landbruksområda vert dekkja

I 2013 har alle kommunane i fylket blitt ferdige med dei nye digitale gardskarta.

Vi har hatt ein god og løpende oppfølging av kommunane underveis i gardskartprosessen og har også, saman med Skog og Landskap, hatt kurs for kommunane om vidare oppfølging og vedlikehald av datasetta for dei neste åra  
**Tapsstatistikk sau på utmarksbeite**

Embeter	Antall sau sluppet (innen organisert beitebruk)		% tilslutning til org. beitebruk i fylket	Tapsprosent	Total tapsprosent	
	Sau	Lam			Sau	Lam
FMHO	45452	72986	60	1,94	4,1	3,27
<b>Sum</b>	<b>45452</b>	<b>72986</b>	<b>60</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

### **22.2 Eiendom og bosetting**

Lovverket på dette området er omfattande og kommunane er førsteinstans ved handsaming av desse lovsakene. Fylkesmannen som kompetanseorgan på området er oppteken av at kommunane får god oppfølging i regelverket. Dette vert ivaretakke ved dialog med kommunane. I 2013 var jordlova også eit av mange tema ved den årlege

landbruksferansen som fylkesmannen arrangerte for kommunene. Fylkesmannen ser trøng til for ytterlegare kompetanseoppbygging i kommunane på dette området i regi av Fylkesmannen.

Fylkesmannen er også tillagt ansvar for å føre kontroll med kommunane si praktisering av regelverket på området. I 2013 har det vore utført forvaltningskontroll i 8 av kommunane i fylket. Slik kontroll vil vi også halde fram med i 2014.

Fylkesmannen har så langt ikke nytta mynde etter jordlova § 3 til å innhente fortløpende vedtak frå kommunane etter jordlov og konsesjonslov.

Fylkesmannen har i 2013 ialt handsama 20 saker etter konsesjonslov og jordlov. Av desse var 3 førsteinstansvedtak og 17 klagesaker. I 4 av klagesakene vart klagar gjeve medhald heilt eller delvis i klagen.

## **22.3 Forvaltning av inntekts- og velferdspolitiske tiltak og kontroll**

FM har løpende kontakt med kommunane når det gjeld sakshandsaming av søknader om RMP og PT. FM har i 2013 arrangert kurs for kommunane i nytt sakshandsamingsystem for RMP (eStil), regionale samlingar om RMP, SMIL og landbruksregisteret og den årlege samlinga om produksjonstilskot. Det har i løpet av året blitt føretatt periodisk gjennomgang av brukartilgangane til SLF sine nettbaserte system.

Sidan det ikkje har vore endringar i regelverket på sau, er det framleis eit aukande problem med bruk av ekstensive raser i ekstensive driftsformar som blir omsøkt som "sau over 1 år". Ein del av desse produksjonane ligg i grenseland for kva som kan kallast "vanleg jordbruksproduksjon" og tilstrekkeleg god dyrevelferd.

Verken FM eller kommunane får beskjed av Mattilsynet når dei fattar vedtak om brot på regelverket som gjeld husdyr. Dette gjer at det ikkje å fange opp at det skulle vore vurdert om føretaka skal få avkorta eller halde attende tilskotet. Her må det komme på plass ein avtale på overordna nivå, slik at Mattilsynet alltid informerer FM om slike vedtak.

Alle kommunane meiner at det standardiserte trekket for miljøplan er urimeleg høgt for små føretak. Kommunane lar difor vere å trekke små føretak for manglar i miljøplanen.

Det store rommet for skjønn i regelverka gjer det vanskeleg og svært ressurskrevjande å kontrollere føretaka. Mange kommunar manglar ressursar og juridisk kompetanse til å ta tak i vanskelege saker og lar difor vere å gjere noko. Vanskelege tema innan produksjonstilskot er "vanleg jordbruksproduksjon", inngrep i kulturlandskapet og vurdering av driftsfellesskap mellom ektefeller.

Kontrollarbeidet hjå FM er prega av ressurssituasjonen ved embetet. Det er fleire problemstillingar som skulle vore fokusert på i kontrollarbeidet og vi får inn tips om føretak som vi ikkje rekk å følgje opp.

### **Oversikt over behandling av klager og dispensasjonssøknader 2012 - antall**

#### **Klagebehandling**

Produksjonstilskudd		Miljøvirkemidler		Andre tilskuddsordninger	
Innvilget	Avslått	Innvilget	Avslått	Innvilget	Avslått
4	4	0	0	0	0

#### **Dispensasjonssøknader**

Produksjonstilskudd		Miljøvirkemidler		Andre tilskuddsordninger	
Innvilget	Delvis innvilget	Avslått	Innvilget	Delvis innvilget	Avslått
37	0	14	0	0	0

### **Fylkesmannens kontroll av landbruksvirksomheten i 2012**

#### **1. Hvor mye ressurser er avsatt til kontroll?**

Årsverk: 0,5

Antall personer: 6

## 2. Gjennomførte kontroller av kommunenes landbruksforvaltning(forvaltningskontroller)

Kommune:	<b>Etne kommune</b>
Orninger/omfang:	Saker om RMP 2011 og 2012, SMIL-tilskot løyvd 2011 og 2012 og søknader om tilskot til avløysing ved sjukdom for 2011 og 2012 har gjennomgåande god orden og det er gjennomført gode saksverdier. Fylkesmannen har kontrollert i alt 38 saker etter jordlova (deling og omdisponering) og 12 konsesjonssaker for åra 2011 og 2012. Det er gjennomgåande god orden og relevant saksutgreiing/vurdering i desse sakene.

Registrerte avvik:	I saka her er det rekna eit buverditillegg på kr.850.000.- i tillegg til pristakst som ligg ved saka. Konsesjonseigedomen i denne saka ligg etter fylkesmannen si vurdering ikkje i eit område med prispress på bustadeigedomar og konsesjonsprisen burde ikkje vore godkjent.
--------------------	--

Oppfølging av avvik:	Vi avventar svar frå kommunen.
----------------------	--------------------------------

Kommune:	<b>Kvam kommune</b>
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot august 2012 og januar 2013, Følgjande ordningar for 2011 og 2012: RMP, SMIL, avløysing ved sjukdom, konsesjonssøknader, delingssaker etter jordlova § 12, omdisponeringssaker etter jordlova § 9, nybygging oo ombygging av landbruksvegar, tilskot til skogkultur, utbetaling frå skogfond.

Registrerte avvik:	Tenestemann inhabil til å handsama overordna sin søknad. Oversittin av søknadsfrist etter forv. §§ 29 og 31 ikkje vurdert.
--------------------	--

Oppfølging av avvik:	Kontrollrapporten vart sendt 10.01.2013 og FM er i dialog med kommunen om oppfølging av avvika
----------------------	--

Kommune:	<b>Lindås kommune</b>
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot august 2012 og januar 2013, Følgjande ordningar for 2011 og 2012: RMP, SMIL, avløysing ved sjukdom, konsesjonssøknader, delingssaker etter jordlova § 12, omdisponeringssaker etter jordlova § 9, nybygging oo ombygging av landbruksvegar, tilskot til skogkultur, utbetaling frå skogfond.

Registrerte avvik:	Godkjent areal i produksjonstilskot som er omdisponert til gravplass. 1% av RMP-søknadene mangla nødvendig dokumentasjon. Kommunen har gitt dispensasjon frå søknadsfristen for RMP. Manglande dokumentasjon på to saker om sjukeavløysing. Godkjenning av traktorveg utan vurdering etter naturmangfaldlova. Tilskot til skogkultur blir registrert på grunnlag av fakturaer, men søknadsskjema blir ikkje nytta og kommunen har ikkje underskrifta til skogeigar. Avvik etter
--------------------	---

	jordlova § 12 i delingssak.
Oppfølging av avvik:	Kontrollrapporten vart sendt like før jul og FM er i dialog med kommunen om oppfølging av avvika.

**3. Gjennomførte foretakskontroller. Foretakene kan anonymiseres ved A, B, C etc.**

Foretak:	<b>A</b>
Orninger/omfang:	produksjonstilskot og RMP. Føretak med utegangardrift og økologisk produksjon. Kontrollen er utførd ved gjennomgang av rekneskap, slakteoppgjer osb, samt samtaler med innehavar i føretaket.
Hjemmel for kontroll:	Forskrift om produksjonstilskot §§ 4 og 11. Forskrift om tilskot frå Regionalt miljøprogram i Hordaland, §§ 3 og 27.
Registrerte avvik:	Saka er ikkje avslutta enno.
Oppfølging av avvik:	

Foretak:	<b>B og C</b>
Orninger/omfang:	Husdyrkonsesjon
Hjemmel for kontroll:	Lov om regulering av svine- og fjørfeproduksjonen av 16.01.2004 og Forskrift om regulering av svine- og fjørfeproduksjonen
Registrerte avvik:	B - mindre avvik pga mistyding av regelverk, ikkje innkrevd standardisert erstatning. C - produksjonen funnen å vere innafor regelverket.
Oppfølging av avvik:	Nei

Foretak:	<b>1-0</b>
Orninger/omfang:	Vi har sendt brev til alle som søker om tilskot frå forskrift om tilskot frå regionalt miljøprogram i Hordaland, tilskot til støting med føredling.
Hjemmel for kontroll:	I forskrift om tilskot frå regionalt miljøprogram i Hordaland.
Registrerte avvik:	Det er ikkje registrert avvik.
Oppfølging av avvik:	

**4. Andre kommentarer/ innspill:**

I tillegg til FM sitt eige kontrollarbeid, har FM vore aktiv på rådgjeving av kommunane for å gjere dei i stand til å utføre foretakskontrollar sjølv. Spørsmåla til kommunane går mykje på korleis dei skal utføre kontrollen, kva dei skal sjå og spørje etter, korleis rapportar skal utformast og generelle råd om saksgangen i forhold til forvaltningslova.

## 22.4 Regionalt tilpasset innsats

Fylkesmannen har ein sterk fokus på kommunane som førstelinjeteneste. Det blei i 2013 gjennomført fylgjane;

- Åreleg kommunekonferanse over 2 dager med fokus på utfordringer for landbruket i fylket og fagleg påfyll på dei viktigaste områda innan landbruk. På denne konferansen er vi opptatt av å nå både politisk leiing og administrasjonen i kommunane, for på den måten å skape engasjement og bygge kompetanse. Vi legg også vekt på at næringa, rettleatingsapparat vert invitert og deltar for å skape ein møteplass for det landbruksfaglege miljøet i fylket.

- Det blei gjennomført regional samling på skogområdet for å vere tettare på kommunane. Vi føler sterkt ei utvatning av skogkompetnasen i kommuane i fylket, og vi slit i enkelte kommunar med å få gjennomført nødvendig aktivitet.
- Det blei gjennomført 3 regionale samlinga med kommunane på tema kulturlandskap og miljø. I samband med revidering av nytt Regionalt Miljøprogram, nytt sakshandsmarverktøy eStil osv. var dette viktige samlinger for kommunikasjon med kommunane.
- Innanfor tilskotsforvaltning blei det gjennomført ei fellessamling for alle kommuane
- Det blei gjennomført klasserfiseringskurs for R5 i fleire kommunar
- Saman med miljø blei det gjennomført regionale samlinga om naturmangfaldloven
- Det blei gjennomført forvaltningskontroll med 3 kommuane i 2013, dette var kommunar som var plukka ut ift å følgje opp tidlegare kontrollar der det var fleire avvik.
- Kommunane i Hordaland har stort sett eit godt apparat på landbruksområdet. FM prioritere å gjennomføre jamnleg dialogmøter med kommuane for å diskutere aktuelle saker, men også kvalitet på arbeidet som vert gjennomført. I 2013 blei det gjennomført dialogmøte i 6 kommunar, Granvin, Fitjar, vaksdal, Osterøy, Bømlo og Kvinnherad. På desse møtene er både ordfører og rådmenn tilstades saman med landbruksansvarlege.
- Kommuane er hovudmålgruppa i satsinga LUK, prosjekt med støtte frå KRD om kommunane som førstelinjeneste for næringsutvikling. Det blei i den samanheng gjennomført fleire møter med kommuner i samarbeid med det regionale partnerskapet.

kap. 1144 post 77, Midlane til regionale og lokal tiltak i landbruket blei i 2013 brukt til:

Kr.	46.728,91	Kompetanse, samling med kommunane
Kr.	5.000,00	Kurs i eStil
Kr.	27.394,84	Kompetane, fatur tradisjonelt landbruk for kommunane
Kr.	15.876,25	Meland kommune, prosjekt jorddeponi

#### *Regionalt bygdeutviklingsprogram.*

Arbeidet med regionalt bygdeutviklingsprogram var ferdig hausten 2012 og blei førande for arbeide med næringsutvikling, miljøarbeidet og skogaktiviteten i 2013. Innanfor regionalt næringsprogram har det vore - og er eit godt samarbeid med næringa om dette programmet. Det er arbeidsgrupper innanfor sau, mjølk, frukt og matsatsinga som gjev klare føringer for det arbeidet som skulle gjerast framover. Desse gruppene jobber etter eigen tiltaksplaner ( sjå 21.1.) og ei styringsgruppe med næringa, FM, Tine, Nortura, Hordaland Bondelag , Hordaland Bonde- og småbrukarlag, IN koordinerer arbeidet innanfor tradisjonelt landbruk 1-2 ganger i året.

Regionalt miljøprogram ( RMP) og regionalt skog- og klimaprogram (RSK) var også ferdig på slutten av 2012 og klart for å vert brukt som styringsdokument for arbeidet i 2013. Innanfor skog- og klima nyttar vi skognæringsforumet som styringsgruppe for arbeidet, her har det vore 2 møter i 2013 for å ettrspørre resultat hos dei ulike aktørane som har fått eit spesilet oppdrag. Både Vestskog, Bergen og Hordaland Skogselskap har klart tiltaksansvar i dette arbeidet saman med kommunane og FM.

RMP blei ferdigstilt våren 2013 med nye ordninger knytt til prioriteringane i RMP. Prossen blei gjennomført i nært samarbeid med næringa, partnarskapet som i dette tilfelle utgjør kulturlandskapsgruppa. Både kulturavdelinga i Hordaland Fylkeskommunen, næringsorganisasjonane og klima- og miljøavdelinga har vore med i arbeidet samt representant frå kommunane. Mål og tiltak har vore presentert for kommuane på regionale samlinger i 2013, dei har ein viktig rolle i oppfølgingen av fleire av tiltaka. programmet har også vore presentert på leiarsamling i Hordaland Bondelag.

#### *Samarbeid med regionale aktørar;*

I Hordaland har vi i mange år hatt tett samarbeid og rollefordeling mellom dei regionale partane fylkeskommunen, Innovasjon Noreg og Fylkesmannen, noko som særleg har gitt seg utslag i samarbeid og arbeidsdeling innan lokalsamfunnsutvikling, entreprenørskapsarbeid, reiseliv og matområdet.

Frå FM si side har det vore viktig å engasjere det regionale (og lokale), politiske nivå og miljø mest mogleg i utviklinga av landbruket i fylket. Heile 62 % av utviklingsmidlane innanfor Bygdeutviklingsmidlane gjekk i 2013 til prosjekt samfinansiert med fylkeskommunen, Innovasjon Noreg eller anna regional/statleg etat, og oftaast forankra i fylket sitt Regionale Utviklingsprogram (RUP). Innanfor satsingsområda i RUP har fylkeskommunen

ein spesielt ansvar for å drive lokalsamfunnsutviklinga, Innovasjon Noreg har ansvar for entreprenørskap og Fylkesmannen for matsatsinga. Totalt utløyste kvar BU-krone over 7 kroner i 2013.

## Resultatområde 23 Økt verdiskaping

Auka satsing innanfor landbruksbasert vare- og tenesteproduksjon

Arbeidet med lokalsamfunn og bygdenæringer er ivaretake og vil halde fram omrent som i 2012.

### 23.1 Næringsutvikling innen jordbruk og bygdenæringer

Auka satsing innanfor landbruksbasert vare- og tenesteproduksjon

#### Bygdeutviklingsmidlane

Frå *utviklings- og tilretteleggingsmidlane* er det i 2013 løyvd 4,28 mill. i 39 saker. 55 % av midlane vart løyvd innanfor tradisjonelt landbruk, 46 % hadde relevans for nye næringar. Eit relativt lågt tal løyvingar skuldast særleg store satsingar innanfor tradisjonelle produksjonar, med vidareføring av mjølkesatsing og store, nye satsingar på fruktodyrking og sauehald. Høvesvis 18 og 24 % hadde særskilt relevans for kvinner og ungdom.

Av disponible, *bedriftsretta midlar* har Innovasjon Norge løyvd 22,9 mill. i tilskot til 80 prosjekt innan tradisjonelt landbruk, medan bygdenæringer (nye næringar) er løyvd 30 tilskot for til saman 6,3 mill. Det er i tillegg er løyvd 1,4 mill frå *sentrale bygdeutviklingsmidlar*, 2,6 mill. under *Verdiskapingsprogrammet for lokalmat og grønt reiseliv*, 2,1 under *Trebasert innovasjonsprogram*, men berre 125.000 under *Bioenergiprogrammet*. Landbruket har vidare fått tilseigner om rentestøtte til lån på 54,7 mill. kroner og samla lån frå Innovasjon Noreg på totalt kr. 37,7 mill. kroner i 2013. Oppsvingen (43 % i verdi) for bygdenæringer kjem i form av prosjektstørleik, ikkje tal prosjekt. Ein svak oppgang i tilskot til tradisjonell produksjon fell også saman med noko færre, men større tilskot. Samstundes er det ein monaleg nedgang i lån og rentestøtte, noko som indikerer finansiering av prosjekt med mindre låneopptak.

#### FOU

Fylkesmannen har i dag utvikla gode kontaktar til dei ulike forskingsmiljøa i Bergen og på Vestlandet.

I 2013 har FM i samarbeid med Samarbeidsrådet for landbruket i Hordaland og Sogn og Fjordane med å utvikle ei prosjektkildring for ei regional (Hordaland og Sogn og Fjordane) FoU-satsing for «grøne næringar», og presentert denne for partnarskapen i begge fylka. Samarbeidsrådet avventar fullfinansiering, så snart 2014-ramma for BU-midlar, regionale utviklingsmidlar og VRI-løyvingar legg føre.

#### Matsatsing

Det er underdekning på mange spesialprodukter innanfor matsegmentet grunna matkjedene og restaurantane si interesse for lokalmat. Etterspurnaden har opgså ført til auka interesse for informasjon, kurs og kompetansebyggande tiltak hjå lokalmatprodusentane, og ført til auka aktivitet hjå nye etablerarar.

FM, det regionale partnarskapen og Sjømatsenteret har i 2013 arbeida med Matstrategien for Hordaland. Den føreligg nå som ferdig utkast og vert etter ei høyringsrunde i mars 2014 sendt til Fylkestinget. Matstrategien vil gje føringar for målretta verkemiddelbruk og ein arbeidsredskap for komande satsinga næringa vil ta tak i, t.d. UNECO Gastronomy by Bergen.

Hordaland har eit stort nettverk av småskalaprodusentar. Mange nye har kome til, desse er aktive og fordeler seg på alt frå enkel råvareforedling til avansert osteproduksjon. Nytt i 2013 er at det er mange som ynskjer å etablera verksemder innan slakting og foredling av lokalt kjøt og vilt.

Matfestivalen i Bergen har den største samlinga av lokalmatprodusentar i landet, og er den viktigaste marknadspllassen for mange aktørar. Kompetansen vi har bygd opp som festivalarrangør vert delt med andre lokale matprosjekt, som til dømes i Eidfjord, Voss samt lokale marknader i fleire kommunar i Hordaland. Det ligg i korta at matfestivalen må over på andre ”styrings” hender, men FMLA vil syte for at den også i framtida vil være ein lågterskel marknadstilgang for nye og etablerte lokalmatprodusentar, med ei rolle i det vidare

arbeidet.FMLA vil framover arbeide for å sikra kompetansemiljøa i fylket, som Vestnorsk Kulturakademi og andre, som vil fremje den lokale matkulturen og matproduksjonen.Januar 2014 vert det sett i gong ei revitalisering av Vossameny i regi av Voss næringshage, nærmere 40. næringsmiddelbedrifter har meldt si interesse i å være med i dette utviklingsarbeidet. Næringshagen vi ha ei samlande rolle med andre aktiviteter i området, som «Festival Voss» og «Ekstrem sportveko»

Bergen har søkt status som «UNESCO creative cities network of Gastronomy», som ein av 5 byar i verda. Her har landbruksavdelinga vore initiativtakar og bidrige i Bergen kommune sitt arbeid med søknaden. Svar kjem tidleg på hausten 2014. Denne statusen vil leggje føringar på vårt vidare arbeid med lokalmatarbeidet. Det vil også styrke samarbeidet med mataktorar, som Bama, lokalgrossistar og matvareleverandørar, for å sikre distribusjonen av lokale matvarer fram til forbrukaren.

### Deltaking på Grüne Woche i Berlin

Fylkesmannen deltok saman med Fjordnorgerregionen i januar 2013 på IGW i Berlin. FM sin matattaché hadde ansvar for kokkane på standen frå region Vest. Lokale produsentar frå vårt område deltok med eigne og andres produkt og markedsførte på den måten vårt fylke. Det er god god respons på dette arbeidet, frå media og frå lokamatprodusentane i fylket. Standen er eit godt samarbeid mellom Vestlandsfylkene og ein stor og vellukka presentasjon av Noreg.

### Samarbeid med 4H

4H Matskole « Matens vei fra jord til bord» er eit ferie- og fritidstilbod til born mellom 8 og 12 år der born gjennom praktisk erfaring lærer om matlaging med sunn, lokal og kortreist mat og om maten sitt opphav. Landbruksavdelinga stiller med kontorplass til prosjektleiarene og engasjerer seg aktivt i dette prosjekt. Som eit delprosjekt jobbar vi med å arrangere Barnas Matfestival samstundes med Bergen Matfestival i 2014.

### Landskapsparkar

Landskapsparkane har vore eit pilotprosjekt i Hordaland frå 2006 – 2011. Bygdefolket i parkane har gjennom desse åra utvikla strategier, idear og prosjekt som avlar ny giv i dei involverte bygdene og kommunane. Fokusset på næringsutvikling er framleis viktigst, men ivaretaking av landskapet som grunnleggjande ressurs har fått stor merksemd i arbeidet. Eit oppegående næringsliv er ei viktig grunnlag for attraktive bygder. Gardsbasert turisme, spesielt tilbod på vandring, lokal mat og aktivitetsferie er viktige satsing for dei fleste parkane.

[www.landskapspark.no](http://www.landskapspark.no). Sjå til dømes Fyksesund, [www.fyksesund.no](http://www.fyksesund.no) og Åkrafjorden [www.akrafjorden.no](http://www.akrafjorden.no).

Framover vil vi leggje stor vekt på smarbeidsprosjekt mellom aktørar i parkane.

Frå 2013 har RMP-ordninga for 2013 – 16 lagd inn Landskapsparkar som eigen tiltaksklasse med midlar til beitedyr. For første gong gir dermed ein tilskuddsordning ei særskilt premiering av bøndene sitt landskapsarbeid i dei lokale landskapsparkane. Prøveordninga skal vidareutviklast i dei komande åra. Ordninga føreset at landskapsparkane forplikter seg til en skjøtselsplan. Dette arbeidet pågår no for fullt og er retningsgjevande for parkarbeidet vidare. Områda som vert lagt inn i planen vert frå no av rekna som den gjeldande grensa for parken. Vi laga i 2013 ei kortfatta og ærleg evaluering med sterke og svake sider av landskaparkane, dette som grunnlag for vidare arbeid.

i 2014 ynker vi å utvikle forslaget til ein partnarskapsavtale mellom parkane og den regionale partnaskapen for å få i gang eit meir langsiktig arbeid med parkane.

Frå KRD sitt verdiskapingsprogram for regionale og lokale parkar fekk fleire LP i Hordaland midlar til sine prosjekt. I tillegg vert det no gjennom dette programmet etablert fleire lokalparkprosjekt i landet.

I mai 2011 vart foreininga Norske parkar etablert. Landskapsparkane er fast styremedlem. Foreininga vil no ta fatt i arbeidet med å lage kriterium for godkjening av parkar i Noreg. For mer informasjon, se den nye profilen og nettsida Parknytt: <http://parknytt.wordpress.com/>

### LUK- lokal samfunnsutvikling i kommunane

Hordaland fylkeskommune saman med partnaskapen, fekk også i 2013 støtte frå KRD sitt program Lokal samfunnsutvikling i kommunane. I Hordaland er LUK-satsinga retta mot å styrka og koordinera pågåande programsatsingar i regi av partnaskapen (LivOGlyst, kom-an og kommuneprosjektet).

### Program for lokalsamfunnsutvikling i Hordaland - LivOGlyst

LivOGlyst - program for lokalsamfunnsutvikling i Hordaland, starta opp i 2008 og vert leia av Hordaland Fylkeskommune. Ved inngangen av 2014 er talet på prosjekt i arbeid: 15 tre-årlege prosjekt i arbeid, derav nokre med ekstramidlar, 6 eitt-årlege og 7 assosierte med finansiering, og ca 40 lokalsamfunn/kommunar er registrert som aktive nettverksmedlemmar. Alle programdeltakarane får tett oppfølging av FMLA, HFK og IN, og det vert jamleg arrangert konferansar, nettverksamlingar og lokalt tilpassa kurs. I samarbeid med Distriktsenteret og partnaskapen i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal har livOGlyst utvikla og etablert konferanse Vestlandsk

Vidsyn. I 2013 vart arrangementet lagt til Ålsesund. Konferansen skal vera eit årleg kompetansetilbod for utviklingsaktørar i vestlandsfylka. [www.vestlandskvidsyn.no](http://www.vestlandskvidsyn.no)

### Kommuneprosjektet

KP er ein del av LUK-satsinga som skal organisere, kvalifisere og samordne partnarskapen sitt arbeid med førstelina i kommunane. I 2013 har ein arrangert kick-off-samling for kom-an.no, med introduksjon til forretningsmodellering og eit kurs i forretningsmodellering for etablerarrettleiarane, samt utvikla og testa ut nytt kompetansetilbod til gründerar i den aller tidlegaste fasen, ein såkalla Lean Startup workshop. Vidare har partnarskapen planlagd og gjennomført Brønnøysundregisteret sin nasjonale «Etablererveilederkonferanse» i Bergen, der Hordaland medverka særskilt med innhald knytt til lokalsamfunnsutvikling. Ein har arbeidd med utvikling, støtte og oppfølging av regionale team av etablerarrettleiarar, og Innovasjon Noreg har halde seks kontordagar, i Kvinnherad, Voss, Leirvik og Bergen (3).

Kommuneprosjektet er avslutta, men som ledd i LUK-satsinga er prosjektet forlenga til 2015 og vert vidareført som del av ordinær drift i HFK.

### [www.kom-an.no](http://www.kom-an.no)

I 2010 opna partnarskapen i Hordaland nettportalen [www.kom-an.no](http://www.kom-an.no), og i 2012 vart han forenkla og relansert som one-stop-shop for gründerar og eldsjelar i fylket. Portalen gjer oversikt over heile rettleiarapparatet i fylket, gode døme, tilgjengelege nettverks-, kompetanse- og finansieringsressursar på ein enkel og oversiktleg måte. Fylkeskommunen har redaktøransvaret. 2013 har vore første heile år med fast, redaksjonell drift i denne forma, og drifta vert vidareført i 2014.

### Ungdomssatsing

Ungdomsprosjektet "Unge, bygda og landbruket" vart avslutta i 2013. 2 prosjekt fekk ei siste løyving og med ordinære BU-midlar vart eit viktig prosjekt i Nordhordaland forlengra.

Fadderprosjekt som vart starta i 2011, fekk nye midlar i 2013 til vidareføring og det vart sett i gong i heile fylket. Nye brukarar vil få hjelp av erfarne naboar i ein oppstartsfas, både praktisk og fagleg. I tillegg vert det tilbode kurs innan ulike fagområde og nye, unge brukarane får både kompetanse og nye nettverk. Etterspurnaden har vist seg å vera stor. Frå 2014 av vil det vera ei endå tettare samarbeid med Inn på Tunet miljøet.

### Inn på Tunet

Det var 51 Inn på tunet tilbydarar i Hordaland som har vist interesse for godkjenningsordninga for Inn på tunet i Matmerk og 25 tilbydarar som er merkegodkjende gjennom Matmerk i januar 2014. Ein vil kartlegge og arbeide vidare med å auke deltakinga i godkjenningsordninga for Inn på tunet i 2014, og gjere kvalitetssystemet kjent blant kjøpargruppene i kommunane. Dette og fleire andre tiltak vart diskuterte og inkluderte i arbeidet med Handlingsplanen for Inn på tunet i Hordaland, 2014-16. Kjøpargruppa har vore hovudmålgruppa i utarbeidinga av handlingsplanen for Inn på tunet i Hordaland. Ei tverretatleg styringsgruppe (2 møter) og arbeidsgruppe (2 workshops) arbeidde med denne handlingsplanen hausten 2013 - med offentleggjering i februar 2014. FMLA Hordaland hjalp også til å gje innspill og inkludere relevante partar prosessane med å lage Nasjonal Handlingsplan for Inn på tunet, våren 2014. Men med korte tilbakemeldingsfristar frå LMD var det vanskeleg å oppnå god involvering av aktørane og å gje grundige tilbakemeldingar. FMLA Hordaland deltok i arbeidsgruppa med å lage programmet til den Nasjonale Inn på tunet konferansen i Alta, i april 2013.

FMLA har bidratt til oppdatert informasjon om Inn på tunet både på dei nye nettsidene til Inn på tunet gjennom Matmerk, og på lokale FMLA-nettsidene hjå Fylkesmannen i Hordaland. Det har vore ein tett dialog med tilbydarnettverket Fagforum Inn på tunet og Inn på tunet-løft kommunane, samt skjønnsmiddelprosjektet "Inn på tunet Indre Hardanger". Dette er ressursprosjekt FMHO haustar mange viktige erfaringar frå. Ein studietur til Kvinnherad (IPT-løft kommune) vart gjennomført i august, innan tema helse- og arbeid. 17 deltakarar med forskrarar og forvaltningsaktørar på fylkesnivå. Forskingsgruppa for Inn på tunet i Bergen, held fram med å samlast 1-2 gonger i semesteret, men utsikter til fleire nye FoU-prosjekt i 2014.

### Prosjekt Ny bruk av ledige landbruksbygg.

### Landbruket sine bygningar

representerar store bruksressursar i Hordaland. Prosjektet Ledige landbruksbygg har i 2013 arbeidd med å gjere prosjektet kjent kring om i kommunane og stimulere til . Fylkesmannen i Hordaland saman med styringsgruppa for prosjektet fokusert sterkt på dei juridiske aspekta med restaurering, ombygging og bruksendring etc. Dette har vi gjennom kommunikasjon, motivering og haldningsskapande arbeid. I dette fylket er det i tillegg satt i gang to delprosjekt som tangerer dei same utfordringane. I fire kystkommunar er det iverksett prosjekt med fokus på nye næringar i fiskarbonden sine bygningar. Tilsvarande prosjekt er igangsett kommunalt på Voss med Vossalører som tema. Dette prosjektet er knytt nært opp mot Voss kommune sin tunge status innanfor reiseliv og ekstremsportmiljøet. Det er i hovudsak finansiert gjennom kommunale og fylkeskommunale midlar. Fylkesmannen har saman med forfattar Eva Røyrane og fotograf Oddleiv Apneseth tatt initiativ til å utarbeide et

nasjonalt bokverk med arbeidstittel ”Den norske låven - landsbygdas katedraler”. Alle Fylkesmenn i landet er bedt om å spele inn forslag frå sine respektive fylker. Det er innvilga midlar til rådgiving for eigarar av ledige landbruksbygg. Prosessen med å gjøre ordninga kjent fortsett vidare gjennom møte og formidling av dei gode eksempla i media. Voss kommune har starta prosjektet ”Ei lœ i endring”. Første del er ferdig, og det arbeidast vidare med utvikling av konsept og forretningsmodellar. Gjennom dette prosjektarbeidet har det regionale partnarskapet med faglag, fylkeskommune og Innovasjon Norge blitt styrka. Arbeidet har mellom anna resultert i prosjektet ”Ny bruk av ledige sjøhus”, som har fått egen løyving frå RUP. Styringsgruppene for prosjekta samordnar satsinga vidare. Eit resultat er at det er skapt stoltheit blandt eigarane, og ikkje minst har prosjektet frambrakt en betydeleg mobilisering frå mange personar og aktørar kring om i fylket. Prosjektet har ei eiga heimeside [www.ledigelandbruksbygg.no](http://www.ledigelandbruksbygg.no)

## Grønt reiseliv og utmarksnæring

### NCE Tourism Fjord Norge

I 2013 startar NCE ein ny kontraktsperiode. Fylkesmannen vurderte det som ikkje aktuelt å fortsette engasjementet sitt som partner. NCE ynskjer no å integrere og utvikle i sterke grad landbruksbasert turisme og lokal mat i sine satsingar i Fjordnoregionen. Landbruksavdelinga vil være open for nye samarbeidsprosjekt med ”rett” fokus. Vi ynskjer mest mogleg målretta bruk av midlane til bygdebaseret reiseliv.

## Småkraftutbygging 2013

Landbruksavdelinga har ikkje delteken i den tverrfaglege arbeidsgruppa i vassdragsspørsmål på embetet og har ikkje fått slike sakar til uttale. Det har vore avdelinga sitt mål å syte for at saker kor ei utbygging sikrar fortsatt drift av garden/gardane skal verte vurdert mildare og meir fleksibelt enn saker kor dette ikkje er tilfelle. Vi opplever motsetningar mellom det bygderelaterte arbeidet vårt, t.d. landskapsparkar og saksinnstillingar hjå miljøvernavdelinga.

Landbruksavdelinga er i 2013-14 part av eit EU-prosjekt kalla ”Remote”. Vårt bidrag i prosjektet er å se på moglegheiter for å løfte fra kraftproduksjon av vatn i reiselivssamanhang. Kraftprodusenter med interesse for reiseliv kan utvikle konsept for å få ekstra inntekter som besøksmål.

## 23.2 Skogbruk

Etter moderniseringa av Granvin Bruk i 2011/2012, er det no etablert ei komplett verdikjede på skog. Skogplantinga på femtitalet er i hovudsak vellukka og no leverer dette sagbruket trelast til husbygging over heile fylket. Den store utfordringa no at av 10.000 skogeigarar som er i fylket, er det berre årleg bevegelse på 500 skogkontoar dvs. 2 % av eigedomane. Skogsektoren har ein svær utfordring ift struktur og storleik på eigedomssida. Skogveger er framleis viktig for å sikre postivt driftsresultat for skogeigarane.

Hordaland har store skogressursar som etterkvart er hogstmoden. Hogsten nådde nye høgder i 2013 med 190 221 kbm (153 525 kbm i 2012). Det vart planta om lag 1935 daa i 2013 (1750 daa i 2012). Ein reknar med at skogplantinga vil auke i 2014 i samsvar med auka hogstareal av gran. Mangel på rette proveniensar kan bli ein flaskehals der planteskulane ikkje har vore førebude på den aukande aktiviteten. Ungskogpleie utgorde i 2013 om lag 442 daa (430 daa i 2012). Med ventar aktivitetsauke i ungskogpleie dei neste åra i samsvar med auka hogst.

Hordaland fekk i 2013 tildelt 1 250.000,- særskilde midlar til kystskogbruket. Om lag 1/3 av ramma gjekk til å finansiere fellesprosjekt i regi av kystskogbruket (prosjekt hovudplan veg for kystfylka, taubaneprosjektet, Vel Skog prosjektet, sekreteriat samt mindre fellesprosjekt). Fylkesmannen i Hordaland saman med Fylkesmannen i Rogaland og Vestskog SA har samarbeidd om prosjektet ”Hovudplan veg” i dei to fylka. Føremålet med prosjektet er å få oversyn over alle eksisterande skogsvegar og behov for nye skogsvegar dei neste 20 åra. Prosjeket har avdekka eit behov for ca. 600 km ny veg i hogstmoden skog. Skal desse vegane byggast i løpet av dei komande 20 åra betyr det årleg 30 km vegbygging til ein kostnad på om lag 35 millionar. Med dagens nivå i Hordaland på tildelte tilskotsmidlar rekk dei til knappe 5 km kvart år.

Til saman 13 060 meter skogsveg vart ferdig godkjent i 2013. Av desse var 6320 meter bilvegar nyanlegg, 5290 meter ombygging bilveg og 1450 meter traktorvegar nyanlegg. Desse vegane hadde ein samla kostnad på kr. 14 603 650.- Det vart utbetalt kr. 5 672 313,- til skot til desse vegane, noko som utgjer 38,9 % av kostnaden.

Sal av juletre i fylket har auka noko i høve i fjor. Tal juletre vart 22 013 stk. i 2013. I dei tidlegare to åra har nivået vore om lag 15 000 tre kvart år.

Skogbruksplanlegging med miljøregistreringar i 2013 vart oppstart med områdeplanlegging av kommunane Fusa, Tysnes og delar av Kvinnherad. Takstprosjektet har ein kostnad på om lag 4,5 millionar og tilskot 2,7 millionar over tre år.

## Resultatområde 24 Bærekraftig landbruk

### 24.1 Jordvern og kulturlandskap

#### Jordvern

Det er ikkje mogeleg å oppgje eksakte tal for omdisponering av dyrka mark på dette stadiet. Det vil bli rapportert frå kommunane i KOSTRA. Kommunal og samfunnsplanavdelinga (KSA), som koordinerer arbeidet knytt til planprosessane, har hatt om lag 136 dispensasjonssaker til klagevuudering der tiltaket ligg på landbrukseigedom eller på/i tilknyting til dyrka mark. Det vart klagd på om lag 9 vedtak. Vi meiner at tal dispensasjonssaker knytt til dyrka mark framleis er for høgt.

Fylkesmannen legg vekt på å vere tidleg ute med signal i planarbeidet for å redusere avgangen av dyrka mark. Bodskapen har vore at arealvurderingar skal gjerast i arbeidet med rullering av kommuneplan. Dersom det vert gjeve dyrka mark til andre føremål, skal ein ha høg utnytting av areala.

I plansaker har vi hatt ei motsegn knytt til landbruksinteresser på reguleringsplannivå og ei på kommuneplannivå.

#### Kulturlandskap

I samband med planar skal verknader for landskap vurderast. Her er landbruket sitt kulturlandskap eit av momenta i tilbakemeldinga til kommuane.

Gjuvslandslia i Kvinnherad er Utvald kulturlandskap i Hordaland. Det er tett dialog med eigalar;brukarar med godt samarbeid på fylkesnivå. Tilskotspengane gir gode resultat i form av restaurering og skjøtselstiltak i tråd med måla, tiltak som elles ikkje ville blitt gjennomført. Skjøtselen er arbeidskrevjande, men blir utført med høg kvalitet. Grunna lokalisering og tilgjenge er det lite aktuelt å få til mykje ferdsel i området. Per i dag er det lite aktuelt med næringsutvikling basert på kulturlandskapet i området, men dette kan endre seg med mogleg utviding av området og med mobiliseringsarbeid. Det kunne ha vore aktuelt å samordne med anna bygdemobilisering i samarbeid med det regionale partnerskapet. Per i dag har kommunen ikkje noko tydeleg definert rolle i arbeidet. Delar av det utvalde kulturlandskapet er også verneområde, og det er tett samarbeid med Miljøvernavdelinga.

#### Kystlynghei i arealplan:

Kommunal og samfunnsplanavdelinga har nytta registreringane av kystlynghei i tilbakemeldingar til kommunane, særleg i plansaker. Det er eit nyttig verktøy i dialogen med kommunane, og viktig når ulike interesser i plan skal vegast mot kvarandre.

### 24.2 Samfunnsplanlegging

#### Samordning og koordinering innafor samfunnstryggleik på landbruks- og matområdet

Det vert årleg avholdt dialogmøter mellom Fylkesmannen og Mattilsynet for å sikre gjensidig informasjon om førebygging, hendingar og tiltak på områda plantehelse, dyrevelferd og dyrehelse.

I samsvar med Fylkesmannens arbeid innafor beredskap og samfunnstryggleik deltek landbruksavdelinga i beredskapsøvingar og møter der det er aktuelt i høve til tema. I tillegg til Fylkesmannens beredskapsplan og FylkesROS har Landbruksavdelinga eige planverk for beredskapssituasjonar.

Fylkesmannen har hatt tett samarbeid med Hordaland Fylkeskommune angåande tiltak for at landbruket skal vere betre rusta til å tåle eit endra klima. Ein rapport som peikar på utfordringar og moglegheiter med aktuelle tiltak er under arbeid ved Bioforsk. Ein har òg prøvd å få til eit klimaservice pilotprosjekt med nedskalering av klimadata og implementering av tilrådingar i kommunale planer for klimatilpassing.

#### Bruk av landbruksareal

Alle kommunane i Hordaland er no ferdig med gardskartprosessen og AR5 er således inne i ein ny fase kor det

blir viktig med bruk, vedlikahald og ajourføring av datasetta. Oppdatert AR5-kart vil gi eit mykje betre grunnlag for utbetalingar av tilskudd innan landbruket enn før, i tillegg vil det vere eit viktig datasett i planhandsaming av kommunanes arealplanar.

Fylkesmannen ser fordelane med kjernearealkartlegging i kommunane. Der kommunane har gjort registreringa, rår vi til at dette vert lagt inn i kommuneplanen som omsynssone landbruk. Dette er også gjort i 2013.

Når det gjeld arbeidet med kjernearealkart har det i 2013 ikkje vore like stort fokus på dette som tidlegare. Dei fleste kommunane har gjennomført denne kartlegginga og karta vert nytta i stor grad ved rullering av kommunaplaner og landbruksplanar. Fylkesmannen ser at det for nokre av dei restrande kommunane er mindre interesse for å etablere eit slikt datasett, dei vil i hovudsak ha fokus på vedlikehad og ajourføring av dei allerede etablerte kjernearealkarta.

## 24.3 Klimautfordringene

Fylkesmannen har tett samarbeid med Hordaland Fylkeskommune, og landbruket er med i fylkets klimaplan med tilhøyrande årleg handlingsprogram. Eit av tiltak i 2013 gjekk på meir balansert nitrogengjødsling for å redusere utslepp av lystgass. Landbruksrådgivinga jobbar med eit pilotprosjekt med 45 mjølkebruk for å beregne tap av næringsstoff og klimagassar på gardsnivå. Eit anna tiltak gjeld tilrettelegging for auka bruk av utmarksressursar for å redusere behovet for nitrogengjødsling gjennom prosjektet Landskap i drift. Ei utgreiing for å analysere klimaeffektar av jord- og skogbruket i Hordaland er dessutan under arbeid ved Bioforsk. Kommunane er orientert om arbeidet, men det har ikkje vore jobba konkret med kommunale klimaplaner.

Regionalt miljøprogram har tilskot til miljøvennleg gjødselspreiing med nedleggingsutstyr og tilførsleslange. Dette har utløyst investering i utstyr på nokre føretak, og vel 6 000 daa på ca. 50 foretak blei gjødsla miljøvennleg i 2014. I mange driftsopplegg vil det ikkje vere mogleg å gjennomføre gjødselspreiing på denne måten.

### Tresatsing

FMHO og Innovasjon Noreg driv prosjektet «Tresatsinga i Hordaland 2012-2015». I dette prosjektet stiller Fylkesmannen med stillingsressurs på 60 %. Prosjektet har vore ein aktiv nettverksbyggar og pådrivar for eit samarbeid mellom ulike aktørar.

Ein viktig del av arbeidet har vore å få meir tresatsing inn i dei lokale kompetansemiljøa i Bergen. FMHO, Bergen Kommune, BAS, KHiB og HFK ved Arna vidaregåande skule stifta eit formelt samarbeid og fekk økonomisk støtte frå Husbanken (200.000.-) for å driva informasjonsarbeid og spissa trefokuset i dei nemnte utdanningssentra. Dette samarbeidet har no fått eit eige namn «Treklang». I regi av Treklang vart det realisert to "trestunts" i Bergen sentrum. Eit Studentseminar med om lag 120 studentar frå dei fira skulane vart gjennomført i BAS sine lokalar i September.

Fylkesmannen har vidare planlagt frokostmøter i regi "Framtidenes Byer" i Bergen rådhus med trebyggeri som hovudtema. FMHO arrangerte saman med IN fleire bygglass-befaringar i Skuteviksboder 13, eit godt eksempel på moderne trebruk med 4 etasjar i massivtre.

Ein kan konstatera at det er mykje interesse for trebyggeri i Bergen, Søreide skule er teke i bruk, NCC er i god gang med Ulsmåg skule i Fana og Voss Vidaregåande skule vert planlagt som ein Massivtre-skule. Ein ventar framleis byggjestart på verdas høgaste trehus (BOB blokken ved Damsgårdsundet), der «nedkjøling i bustadmarknaden i 2013» har forsinka byggjestarten, men det er venta at den blir i første halvdel av 2014.

Tømmerkaien i Lindås er prosjektert som eit trebyggeri. Prosessen der er i skrivande stund at utbyggar (Nordhordland skogeigarlag) tek i mot anbod frå entrepanørar, ei avgjersla er venta i mars 2014.

## 24.4 Produksjon av miljøgoder og reduksjon av forurensninger

- RMP

Fylkesmannen i Hordaland har i samarbeid med Kulturlandskapsgruppa utarbeidd eit Regionalt miljøprogram for perioden 2013- 2016, kor vi har vidareført tidlegare satsingar på tema kulturlandskap, biologisk mangfold og kulturminne. Programmet er styrka på miljøområdet ved at det er etablert ordningar for reduksjon av klimagassar til luft og avrenning til vassdrag. Programmet har etablert eigne tilskotsordningar knytt til miljøområda. Vi trur at eit målretta program saman med sakshandsamingssystem Estil har medverka til meir meir målretting og betre

dokumentasjon på kor tilskot til miljøtiltak vert løyvd. Dei regionale satsingane har vore spissa og gjort tydlegare i denne perioden, som til utarbeiding av skjøtse-1 og forvaltningsplaner for vassdrag med elvemusling og Landskapsparkar. Gjennom ei auka satsing på Miljøplan trinn 1 og 2 kringom i kommunane har dokumentasjon og planarbeidet for auka miljøinnsats hjå gardbrukarane vore styrka.

Det har vore mange utfordringar knytt til det nye fagsystemet på RMP. Sidan det nasjonale miljøprogrammet og fagsystemet vart utvikla samtidig med at fylka laga sine RMP, vart det unødvendig mykje fram og tilbake med ordningane i RMP. Tilskotsordningane ville vore betre tilpassa fagsystemet dersom systemet hadde vore utvikla litt før ordningane skulle vere ferdige og dersom informasjonen frå SLF hadde vore bedre. Det har òg vore mange tekniske problem knytt til fagsystemet. FM har ikkje tilgang til å sjå dei same skjermbileta som kommunane har, slik at opplæring og hjelp med sakshandsaminga har vore svært vanskeleg. Problema med dei maskinelle kontrollane gjer at søknadene ikkje er tilstrekkeleg godt kontrollert for søknadsomgangen 2013. Mange søkerar har store problem med å levere søknaden elektronisk og bruk av elektronisk kart har vore svært frustrerande for mange. Mange søkerar er avhengig av hjelp frå slekt, vener, avløysarlag, rekneskapskontor og kommunen for å få levert søknadene elektronisk.

- Koplinga mellom SMIL og RMP.**

I Regionalt miljøprogram for 2013 – 2016 er det etablert gode ordningar for årleg skjøtsel av definerte objekt og kvalitetar. Gjennom regionale samlingar, arbeid med kurs for bønder i miljøplan trinn 1 og 2 har vi arbeidd systematisk med å stimulere til god forvaltning av tilskotsordningane. Gjennom satsinga på utvalde naturtypar og skjøtsel av slåttemark og kystlynghei er vi kome godt i gang med utarbeiding av skjøtselsplaner. Dette for å sikre god drift at dei kartlagde areala.

Fylkesmannen i Hordaland har utarbeidd statusrapporter for stølsmiljø og kystlynghei i Hordaland i 2012. Resultata vert nytta av kommunane og fylkesmannen ved prioritering av søknader. Desse rapportane vert slått saman med kommunane sine kulturminne planer.

Fylkesmannen har iverksatt arbeid med og utarbeide skjøtselsplanar for landskapsparkane i Hordaland. Nytt i det regionale miljøprogrammet for denne perioden var etablering av eige skjøtselstilskot for beite dyr i Landskapsparkane. SMIL midlane vert nytta til å Områdeplanlegging for å etablere gode planer for fellestiltak.

Langs dei prioriterte vassdraga for elvemusling er vi i gong med å kartlegge utfordringar for avrenning samstundes som kvar bonde som eig og driv areala ned mot vassdaga vert vitja. Resultatet er at kvar bonde som søker om tilskot i 2014 om han har utarbeidd Miljøplan trinn 2 og har signert ei miljøavtale med forvaltninga.

- Tilstanden og utviklinga av biologisk mangfold og kulturminne i jordbruket .**

Arbeidet med ivaretaking av utvalde og prioriterte naturtypar har medverke til eit auka tiltak for skjøtsel og forvaltning både hjå kommunane og hjå eigarane av desse prioriterte områda. Likevel er det ei utfording å få kommunane til å vere ein aktiv utviklingsaktør for å målstyre verkemidlane inn mot prioriterte natur og kulturminne verdiar. Det meste av søknadene frå SMIL i 2013 vert prioritert til restaurering av gamal kulturmark.

Under førre kulepunkt vart det skildra kva slags tiltak som er satt i verk for å styrke forvaltninga innan kulturminne og biologisk mangfold. Desse rapportane og iverksatte tiltak er med å auke kvaliteten på forvaltning av desse områdane.

- Forureining frå landbruket i vatnområder .**

Bergen kommune var ei av prøvekommunane for utvikling av heilskapleg plan for Nordåsvannet vatnområde som var vedtatt i 2010. I planen er det to hovudpunkt kor dei har rapportert på statsu for oppfølging:

23: Tiltak for å redusere landbruksavrenning

Tilsyn pågår, utviklingen med nedlegging av bruk reduserer også landbruksforurensning.

25: Håndtering av hestegjørdsel

Tilsyn pågår, retningslinjer, forbrenningsanlegg på Travparken, bygging av biogassanlegg i Rådalen.

- Status og behov for oppfølgingstiltak fra forvaltningens side i miljøplanarbeidet.**

I 2013 har vi oppmoda kommunane om å auke fokuset på kursing og kontroll av dei som søker tilskot. Gjennom eit samarbeid med LFR Hordaland har det vore utarbeidd verkty for formidling av miljøkvalitetar på gardsbruk i dei ulike regionane i fylket. Det er utarbeidd slikt materiell både for Miljøplan trinn 1 og 2. FMLA har også prioritert økonomiske verkemidlar til dei kommunane som har arrangert miljøplan kurs for næringa. Det har vore

arrangert mange kurs kring om i fylket med god oppslutnad. Kommunane har vore kursa på korleis utføre kontroll av Miljøplan trinn 1 og 2.

**Tilskudd fra regionalt miljøprogram utbetalt 2013 etter søknadsomgang 2012 - kroner utbetalt til hovedområder**

Embeter	Kulturlandskap	Biologisk mangfold	Kulturmiljøer og kulturminner	Friluftsliv og tilgjengelighet	Avrenning til vassdrag og kyst	Utslipp til luft	Plantevernmiddel	Andre miljøtiltak
FMHO	13953520	2310965	2438805	296508				
<b>Sum</b>	<b>13953520</b>	<b>2310965</b>	<b>2438805</b>	<b>296508</b>	<b>0</b>	<b>0</b>		

## 24.5 Økologisk landbruk

Utfordringane for Hordaland i forhold til utviklinga av økologisk landbruk er framleis dei same og krev ein del stønad og stimulering for å auke tempoet av omlegginga til økologisk produksjon.

Dette gjeld for alle dei tre ulike produktgruppa som er prioritert i handlingsplanen: grovförbasert kjøtproduksjon, mjølk og frukt.

Informasjonsarbeid, kompetansebyggjande tiltak og samarbeid med fokus på de spesielle utfordingane på Vestlandet, har vært leiande for arbeidet vårt med handlingsplanen 2013.

Handlingsplanen vår rommar *Kunnskap og Nettverk, Produksjon og Foredling og Omsetning* med dei utvalde satsingsområde mjølk, grovförbasert kjøtproduksjon og frukt & bær. Handlingsplanen satte mål om at produksjonen skulle doblast frå 2009 til 2015. Vi venter på ny rapporten frå Debio for å kunne sjå nærmare på måloppningane våre.

**handlingsplanmidlane 2013 har i hovudsak vore retta mot:**

### Fruktproduksjon/ grønsaksproduksjon

NLR - Dyrking av maltbygg

Njøs - Kvalitetskompost i frukt og bærhager

FMLA/ Føregangsfylke for frukt og bær - Volumkartlegging av økol. Frukt & bærproduksjon i Sogn og Fjordane og Hordaland

### Grovförbasert kjøtt produksjon/ mjølk

Bioforsk - Proteinrikt grovför basert på nitrogenfikserande planter under ulike klimaforhold

### Kunnskap og nettverk

NLR - Praktisk Plantevern

### Foredling og omsetning

Farmhouse AS - Infokampanje på facebook i regi av fylkesmannen

Farmhouose AS - Reint Digg på matfestivalen

Reindyrka - Auka Økoprofil under matfestivalen

Oikos - Økopris

Oikos - Deltaking på matfestivalen mm

Oikos – Økobrosjyre

FMLA/ Føregangsfylke for frukt og bær – Produktutviklingsseminar

FMLA - Studietur til BioFach for gruppen storkjøkken, restauranter

Føremålet med alle tiltaka er å stimulera til aktivitet i form av nye prosjekt eller støtte allerei dei som i gong - men treng oppfylging. Dette skapar resultat i form av rådgjevingssamtaler med storforbrukarar som kantine: t.d. Gate Gourmet, Hotel: Hotel Terminus mfl, Restaurant: Lysverket mfl. Det viktigaste er å vera tilgjengelig og oppdatert til ein kvar tid, dette for at aktørane skal kjenne på ein viss støtte i deira aktivitet knytt til økologisk mat. Kurs i økologi for dei tilsette på sjukehus var ein mulighet til å fortelja om kor profesjonell økotilbod i dag allereie har blitt. Facebook-kampanjen ( Reint Digg) skapar resultat i form av at lokale aktørar får fleire kundar og fleire forbrukarar finn svar på det dei lurar på. Her har Fylkesmannen i Hordaland vore den fyrste på landsbasis med eit slik tilbod.

### Føregangsfylke økologisk frukt og bær

Det dyrkast økologisk frukt og bær på 6,8 % av frukt-og bærareala i Noreg i 2012. Areala har auka frå 2300 daa til 2800 dekar frå 2010-2012, men ein ser at karensareala minkar. Ein må difor halde fram med å stimulera til omlegging av konvensjonelle areal og auka volumproduksjon på eksisterande økologiske frukt- og bærarealareal.

Føregangsfylke har i 2013 arbeidd for å auke kunnskap og erfaringsoverføring om økologisk frukt-og bærproduksjon. I 2013 har ein sett løysingar på dei viktigaste flaskehalsane kring økologisk frukt-produksjon; ugrashantering må skje gjennom spesialtilpassa, traktormontert radrensingsutstyr. Det gjenstår framleis finjustering av gjødslingsrutinane, og nokre plantevernproblem knytt til insekter. Føregangsfylke økologisk frukt og bær arbeider tett med næringa og forskingsmiljøa for løyse flaskehalsane og integrera kunnskap om økologisk dyrking i konvensjonelle miljø - slik får også konvensjonelle produsentar praktiske tips om ein meir miljøvennleg produksjon. Ein reknar med å kunne gå ut med tydelegare dyrkingkonsept for økologisk fruktdyrking (hovedkulturane er eple og plomme) i 2014. Innan jordbær-produksjon og bringebærproduksjon er mange av flaskehalsane løyst, men også her er marknadssituasjonen flaskehalsen:

Ein av dei største grossistane i Noreg mottok i 2013 eit dobla volum av økologiske eple og plomme: Volumet på økologiske eple auka frå 2010-2013 frå 43 til 108 tonn. Men fruktlagra klarar i varierande grad å få seld dei økologiske frukt-voluma som økologiske. For eksempel vart berre 33% av plommene (totalt 12 tonn) omsett som økologiske fruktlagret som mottek dei største voluma av økologiske plomme. Marknadssituasjonen for omsetjing av økologiske frukt-og bær er difor ein av dei største utfordringane for å motivera til auka økologisk frukt-og bærproduksjon i framtida. Det vart i 2013 initiert eit samarbeid med Føregangsfylke økologisk grønt om å finne felles løysingar for effektiv omsetjing av økologisk frukt og grønt. Målet i 2014 er å samarbeide med produsentmiljøa om å etablere eit koordineringsprosjekt for omsetning av økologisk frukt og grønt.

Føregangsfylke økologisk frukt og bær har erfart at ein må arbeide med både daglegvarehandelen og storhushaldninga om å omsetje økologisk frukt og bær. Det er gjennom 100% omsetning av den økologiske produksjonen som økologisk vare og til ein akseptabel meirpris, at ein vil kunne få god lønsemid i økologisk produksjon. Dei store grossistane som leverer til daglegvarehandelen ynskjer berre økologiske eple i segmentet 70-80 mm i 6-pakningar. Difor har ein arbeidd med skulefruktordninga sentralt og lokalt og med eit storhushaldningsprosjekt i Sogn og Fjordanane 2013, for å få omsett dei resterande størrelsane som økologisk. Fokus har vore på å lage gode kvalitetskriterier og anbud som opnar for økologisk innkjøp, og utprøvingar av økologiske råvare. Men ein ser at ein samstundes må stimulere til produktutvikling og lokal omsetjing - spesielt av økologisk bærproduksjon (ferskvare). Det vart gjennomført eitt produktutviklingsseminar i 2013 og ein vil halde fram med fleire slike stimuleringstiltak i 2014. Det overordna målet med marknadsarbeidet i framtida er å drive god produksjonsplanlegging og dialog med prognosane marknadsaktørane ynskjer å omsette av økologisk frukt og bær.

Føregangsfylke økologisk frukt og bær ser fram til å ta eit nasjonalt ansvar og har innleia eit godt samarbeid med Norsk Landbruksrådgjeving om felles informasjonstiltak om økologisk frukt og bær overfor produsentane.

Ein ynskjer også å føre dialog med SLF og LMD om betre innsamling av statistikk for økologisk volumproduksjon av økologisk frukt og bær i Noreg, samt statistikk over importerte økologiske varer som også vert dyrka i Noreg. Det er ikkje mogleg å hente ut slik statistikk i dag, noko som burde vera ynskjeleg for ei næring som står i sterkt konkurrans med importerte varer.

## Ressursrapportering

**Resultatområde**  
21 Matsikkerhet

**Kapittel 1510 Fagdep.**  
kr 18 106,27 kr 0,00

22 Landbruk over hele landet	kr 5 000,17	kr 0,00
23 Eiendoms- og bosettingspolitikk	kr 3 968,44	kr 0,00
24 Bærekraftig kultur	kr -2 900,00	kr 0,00
Andre oppgaver under LMD	kr 12 495 719,98	kr 0,00
Sum:	kr 12 519 894,00	kr 0,00

## **Kunnskapsdepartementet**

### **Resultatområde 31 Tilsyn og forvaltningsoppgaver på opplæringsområdet**

#### **31.1 Tilsyn**

##### **Måloppnåing/resultatkrev**

Fylkesmannen i Hordaland sitt aktivitetskrav for 2013 var sett til 24 tilsyn. Det er totalt gjennomført 25 tilsyn. Dette betyr at målet er nådd. Fylkesmannen i Hordaland viser til sørrapportering på tilsynsområdet for konkret informasjon om tilsynstema og resultat av tilsyna. Tilsynsrapportane er publisert på våre nettsider. Private skular som kan vere aktuelle for tilsyn er meldt til Udir.

##### **Kompetanse/ressursar**

I 2013 var det totalt 8 medarbeidarar som tok del i tilsynsarbeidet. Vi har ikkje prioritert å vere meir enn 2 i kvart tilsynsteam. Unnataket er der vi har med nye medarbeidarar som ikkje har tidlegare tilsynserfaring. Vi vurderer ei form for observatørrolle, samt det å vere med på analysene av dokumentbeholdninga som ein vellukka opplæring i kombinasjon med metodekurs. Nye medarbeidarar på kontoret, dei siste tilsett i september 2013, har følgt metodekursa som er arrangert av Udir.

##### **Utvalskriterier**

Når det gjeld tema for dei eigeninitierte tilsyna vart desse endra i høve til den opprinnelege planen. Endringane vart gjort som følge av meldingar frå sektor og frå einskildpersonar. Dei tema vi førte tilsyn med er: det fysiske skulemiljøet, vaksne sin rett til grunnopplæring, særskild språkopplæring for elevar frå språklege minoritetar, nasjonale prøver og med gratisprinsippet. Vi har og hatt hendingsbaserte tilsyn på områda retten til eit godt psykososialt miljø og forsvarleg system.

Når det gjeld utval av kommunar og tilsynsobjekt nyttar vi den informasjonen vi finn i Skoleporten og GSI. I 2013 har vi og opna tilsyn med utgangspunkt i konkrete henvendingar og medieoppslag. Dømesvis har tilsynet med det fysiske miljøet i skular utgangspunkt i omfattande medieoppslag og henvendingar frå innbyggjarar. Vi går igjennom tilsynsplanen vår kvart kvartal for å sikre oss at dei tilsyna vi initierer og er eit svar på det vi ser i sektor.

##### **Retting av lovbro**

Vår vurdering er at kommunane anerkjenner dei lovbrota som tilsyna konstaterer og at dei vert retta opp. Når det gjeld fristen som vert sett for å rette lovbrota har vi notert oss at nokre kommunar har bede om utsett frist for å rette lovbrota. Grunngjevingane frå kommunane si side er ulike, men oftast gjeld det utskiftingar av personale i det kommuneadministrative leddet. Som hovudregel gir vi ikkje utsett frist.

##### **Eigenvurdering**

Fylkesmannen i Hordaland sin konklusjon er at vi har følgt opp aktivitetskravet på tilsynsområdet på ein god måte.

Når det gjeld målet om at tilsynet skal føre til auka «regelverksetterlevelse» kan det vurderast opp mot ulike indikatorar. Om vi først ser på dei innsatsane kontoret har prioritert for å få størst mogleg effekt av tilsynsarbeidet kan dei listast opp på denne måten:

- Rettleiing om regelverk i forkant av tilsyn
- Sluttmøte (og ved skriftlege tilsyn)
- Drøftingar av tilsynet som virkemiddel i regionale møter
- Løpende informasjon om nasjonale- og eigeninitierte tilsynstema på faste møter med kommunane (5 – 6 pr. år)
- Regelverksamlingar
- Oppslag på nettsider
- Media

Dersom ein har som utgangspunkt at ei breidd i tiltak/innsatsar knytt til tilsynsaktivitet gir auka regeletterleiving, så er det vår vurdering at kontoret har lagt opp til mange og relevante inngangar for å bidra til at kommunane og skulane praktiserer med god regelforståing.

Om vi ser på omfanget av dei lovbrota tilsyna avdekker, så kan vi ikkje konkludere med at vi finn færre lovbroten på tilsynsområde som har gått over tid, til dømes FNT Elevane sitt psykososiale miljø. Nye skular og kommunar som det vert ført tilsyn med har tilsvarende omfang og type lovbroten som vi har sett gjennom heile perioden. Unnataket frå dette er dei skulane som får oppfølgingstilsyn. Der konstaterer vi forbetring.

På den eine sida kan dette virke litt pessimistisk i den forstand at det kan sjå ut til at kommunaleddet i liten grad klarer å overføre kunnskap og resultat frå einskildskular, til andre skular i kommunen. På den positive sida ser vi at tilsyn virkar på dei skulane som har hatt tilsyn. Dette etterlater etter vårt syn ei viktig prinsipiell problemstilling, nemlig om Fylkesmannen bør rette større innsats nettopp mot kommunaleddet og i større grad kvalifisere og utfordre dei til sjølv å føre tilsyn med sine einingar, ha større fokus på forsvarleg system og 13-10. Dette vart tatt opp i rapporten av mars 2013 «*Bedre samordning av statlige tilsyn og kommunal egenkontroll på opplæringsområdet*» med referanse Meld. St. 12 (2011-2012) som har sett eit uttalt mål om å styrke kommunane sin eigenkontroll og finne ein god balanse mellom eigenkontroll og den statlege kontrollen.

## 31.2 Klagesaksbehandling

### Målloppnåing/resultatkav

Avdelinga sitt mål er å handsame dei klogene/sakene vi får inn så raskt som mogleg, og innanfor dei krava som forvaltningslova sett. Den gjennomsnittlege sakshandsamingstida ligg på ganske nøyaktig 3 veker. Her må det leggjast til at dette gjeld for hovudtyngda av saker. I 2013 har vi hatt nokre få saker (2-3) der sakshandsamingstida har gått over fleire månader. Dette har med personalmessige forhold å gjøre i tillegg til at det har vore krevjande å få sakene godt nok opplyst. Partane i desse sakene har fått løpende orientering om framdrifta i saksbehandlinga. Desse sist nemnde sakene er ikkje tatt inn i grunnlaget for den gjennomsnittlege sakshandsaminga.

Det samla bildet er at talet på klagesaker er gått ned også i 2013. Det er framleis talet på klager på standpunktakarakterar i grunnskulen som forklarer det meste av nedgangen. Vi merkar oss at klager på eleven sitt psykososiale miljø har gått noko opp frå i fjor. Dette er klager vi prioriterer høgt. Sakshandsamingstida er etter vårt syn tilfredsstillande med eit gjennomsnitt på 19 dagar.

Kontoret har handsama to lovlegkontollar av kommunale avgjerder som er fatta i medhald av opplæringslova og kommuneloven sin § 59. Begge gjaldt vedtak om endringar i skolestruktur. Ingen av klogene fekk medhald.

Vi har også i 2013 få klager som gjeld vidaregåande opplæring. I tillegg til dei klogene som er registrerbare i tabelldata har embetet behandla nokre klager som gjeld fusk på eksamen (vgo). På grunnskulen sitt område har vi behandla fleire saker som gjeld klassebytte.

### Kompetanse/ressursar

I store delar av 2013 har kontoret hatt 2 vakante stillingar ut frå den grunnbemanninga vi skal ha på området skole. Vi har redusert deltaking på andre aktivitetar enn tilsyn og klagebehandling for at det ikkje skal påvirke saksbehandlingstida. Frå september var vi fulltalege. Ein konsekvens av utskifting i personalgruppa er sjølv sagt at vi mister etablert kompetanse. Vi meiner likevel at dei mellomperiodane der ein må gå inn i saksområde ein normal ikkje jobbar med kan sjåast på som kompetanseheving og at det kan gi den einskilde og kontoret ei breidd og ein fleksibilitet som er nyttig. Kapasitetsmessig er det like fullt utfordrande. Totalt sett meiner vi kontoret har høg kompetanse når det gjeld klagebehandling.

### Oppfølging av vedtak

Fleire av de klagesakene vi har hatt til behandling har vore omtalt i media. Nokre av sakene hadde fått mediemerkesemi før dei vart registrert inn hos oss. Dette gjeld fleire typar klagesaker, nærskoleprinsippet, inntak til vidaregåande opplæring og retten til eit godt psykososialt miljø kan nemnast spesielt. Når det gjeld kommunane si oppfølging av våre vedtak har vi ikkje døme på at det ikkje er gjort.

## **Eigenvurdering**

I 2013 meiner vi det store bildet er at avdelinga har tatt hand om klagebeholdninga på ein god måte. Klagene har vore handsama innan rimeleg tid, og vi meiner vi har prioritert rett med omsyn til kva klager som skal ha prioritet.

Vi har lagt vekt på at innhaldet i dei samlingane vi arrangerer for kommunane skal vere knytt til tendensar vi ser innanfor klagene vi får. Mellom anna har kontoret over fleire år hatt tett dialog med fylkeskommunen, særleg om klagene på spesialundervisning og utvida rett. I vår oppsummering med fylkeskommunen etter 2013 konkluderte vi med at desse klagene no blir behandla med høg kvalitet i fylkeskommunen. Om vi koplar dette til den rettleiinga vi har gitt, så har den gitt ønskt resultat.

Også i 2013 har vi prioritert å delta på samlingar der klagebehandling knytt til kap 9a har vore tema. Deltaking på slike samlingar er nyttig av fleire grunnar og for vår del har det gitt grunnlag for å sjå endå nærmare på eigen praksis knytt til klagebehandling, ikkje berre innanfor dette konkrete emnet, men og på andre.

Område vi har sett nærmare på når det gjeld klagebehandling er det formmessige. Brukar vi eit språk som kommuniserer godt til omverda, er det fleire områder vi kan jobbe ut standardar for, brukar vi nettsidene våre i tilstrekkeleg grad til å publisere resultata av våre klagene? Vi meiner sjølv vi har eit godt blikk på kor standarden vår skal ligge, men vi meiner og vi har område der vi samla sett kan forbetre oss. Klart og tilgjengeleg språk kan nemnast her.

Sommaren 2013 fekk vi mange klagene knytt til skoleplassering. Vi klarte å behandle dei fleste av dei før skoleåret tok til og med så god margin at det og skulle vere mogleg for kommunane å gjøre dei naudsynte organisatoriske tilpassingane som følgje av våre vedtak. Klagebehandling i juli er ofte vanskeleggjort på grunn av ferieavvikling og at det er vanskelig å få tak i folk på både skole- og kommunenivå. Denne problemstillinga er tatt opp med kommunane og vi oppmodar å varsle oss så tidleg som mogleg om dei klagene dei har oversikt over, slik at vi kan tilpasse vår ferieavvikling så godt som råd er.

I 2013 har vi behandla 6 saker etter introduksjonslova.

### **Klage i grunnskolen (opplæringsloven med forskrifter)**

Type Klage	Sum	Medhold/Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist	Kommentar
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	120	0	29	91	0	
Lokalt gitt muntlig eksamen	7	4	3	0	0	
Utsatt skolestart, § 2-1 tredje ledd	1	1	0	0	0	
Bortvisning, § 2-10	2	1	1	0	0	
Permisjon fra opplæringen, § 2-11	4	0	2	2	0	
Grunnskoleopplæring for voksne, § 4A-1	1	1	0	0	0	
Spesialundervisning for voksne, § 4A-2	4	0	2	1	1	
Spesialundervisning, § 5-1	17	3	5	9	0	
Skyss, § 7-1	29	9	20	0	0	
Skoleplassering, § 8-1	11	4	4	2	1	
Fysisk skolemiljø, § 9a-2	1	0	1	0	0	
Psykososialt skolemiljø, § 9a-3	19	5	3	11	0	
Sum	216	28	70	116		

Klage i videregående opplæring (opplæringsloven med forskrifter)

Type Klage	Sum	Medhold/Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevret	Avvist	Kommentar
Rett til ett/to ekstra år i vgo, § 3-1 femte ledd	2	1	1	0	0	
Psykososialt skolemiljø, § 9a-3	1	0	0	1	0	
Inntak, § 3-1 sjette ledd	5	2	3	0	0	
Videregående opplæring for voksne, § 4A-3	1	0	1	0	0	
Sentralt gitt skriftlig eksamen	2472	575	1897	0	0	
Sum	2481	578	1902	1		

Klage i private grunnskoler (privatskoleloven med forskrifter)

Type Klage	Sum	Medhold/Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevret	Avvist	Kommentar
Bortvisning, § 3-10	1	1	0	0	0	
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	4	0	2	2	0	
Sum	5	1	2	2		

### 31.3 Grunnskolens informasjonssystem (GSI)

#### Måloppnåing/resultatkav

I Hordaland er det GSI-rapportert i samsvar med krav og frist for datainnleveringa. Embetet har kvalitetssikra data innanfor frist og vi har vore aktivt deltagande i evalueringsarbeidet.

#### Kompetanse/ressursar

Kontoret har høg kompetanse på GSI-området, både den tekniske delen og innhaltsdelen. To medarbeidrarar har ansvar for oppgåvene på området. Saman med tida som går med til arbeidet i faggruppa, blir det brukt tilstrekkeleg tidsressurs på GSI til å innfri resultatkava.

#### Eigenvurdering

FMHO representerer Sør-Vest-regionen i Utdanningsdirektoratet si faggruppe for GSI. Fokus i arbeidet er å gje framlegg til skjema, tekstar til rettleiing, framlegg til rapportar, kontrollar mm. Vår oppfatning er at tilbakemeldingane frå direktoratet når det gjeld arbeidsgruppa sitt arbeid, er gode. Embetet deltek og i planlegginga av den nasjonale samlinga direktoratet arrangerer. Desse tilbakemeldingane støttar opp om vår eigenvurdering, nemlig at vi følger opp GSI-arbeidet på ein god måte. Vi må legge til at vi meiner det er potensiale til å bruke GSI-data på ein enda betre måte. Ikkje minst som konkret grunnlag for dialog med kommunane. Dette vil vi prioritere i 2014, og på den måten i praksis vise kommunane korleis GSI-data kan nyttast i utviklingsarbeid og som grunnlag for analyse.

FMHO arrangerer årleg ei eiga samlingar for Sør-Vest-fylka i desember. Vi lagar ei felles evaluering av dei erfaringane som er gjort i dei fem fylka i samband med siste års innsamling og gjer innspel til det vidare arbeidet med GSI ut frå desse.

Vi har ikkje hatt eiga samling for kommunane og private skular i forkant av innsamlinga i 2013. Etter førespurnad frå Fylkesmannen var det få av kommunane som meinte det var behov for samling dette året. Som eit alternativ lagde vi individuelle avtalar med nyttilsette i kommunane der vi hadde tett kontakt over telefon med informasjon, rettleiing og naudsynte avklaringar. Dette fungerte godt og tilbakemeldingane frå de aktuelle kommunane var at dei oppfatta dette som svært relevant og nyttig hjelp. Vår vurdering er at når det gjeld rettleiing av kommunane, så kan andre modellar enn dei tradisjonelle samlingane vere hensiktsmessig som eit alternativ einskilde år.

Vårt arbeid med kvalitetssikring av tala blei forenkla i år då ein rapport med kommune, skole, utslag frå kontrollar og kvittering kunne hentast ut frå systemet i excelformat. Arbeidet er likevel omfattande i eit så stor skulefylke som Hordaland og vi vil difor framleis prioritere at to personar delar på ansvaret for arbeidet

## 31.4 Informasjon og veiledning

### Måloppnåing/resultatkrev

Resultatkrevet er nådd.

### Strategi for informasjon og rettleiing

Vi har vald ein strategi som er tre-delt:

- Møtepunkt og samlingar for kommunane/fylkeskommunen
- Nettsidene
- Rettleiing på e-post og telefon

I løpet av 2013 har vi etablert eit system for møtepunkt med kommunane som er forholdsvis omfattande. For det første arrangerer vi fleire årlege samlingar der alle kommunane er invitert. Vidare har vi 6 faste møter med representantar for kommunane. Til slutt har vi faste årlege møter med kvar av «kommuneregionane». Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune har vi eigne møter med. Vi har lagt vekt på å vurdere kva tema som eignar seg for dei ulike møtepunkta. Forholdet vårt til kommunane vil vi karakterisere som godt og med god rolleforståing. Når det gjeld fylkeskommunen er samarbeidsklima sers godt, også her med ei ryddig rolleforståing. Samlingane og møtepunkta vert nytta til å informere om regelverk og endringar. Av tema kan nemnast;

- forvaltningsrett og krav til sakshandsaming
- rett til voksenopplæring
- vurdering
- dokumentasjon og vitnemålsføring
- ny inntaksforskrift

Vi har og oppsummert tilsyn m/aktuelle regelverk, samt at vi har bidratt på Udir sitt metodekurs med eit foredrag om bevisførsel. I løpet av 2013 hadde vi og samling for alle kommunane der vi gikk igjennom opplegget for nytt felles nasjonalt tilsyn, tema, prosess og rettleiingsmateriell. For å informere om ny forskrift om lokalt gitt eksamen har Utdanningsavdelinga arrangert dagsamling for eksamensregionane i grunnskulen og Eksamenskontoret i fylkeskommunen og deltatt på samling for fylkeskommunen og dei vidaregåande skulane.

Nettsidene til utdanningsavdelinga spelar ei viktig rolle i embetet sin strategi og i arbeidet med informasjon og rettleiing om lov og regelverk, både overfor skuleeigarane og andre. Avdelinga har til dømes eigne menypunkt med informasjon om lov og regelverk for ulike typer klagebehandling, og avdelinga har mange oppslag på fagsidene som omhandlar spørsmål om lov og regelverk.

Når det gjeld rettleiing på e-post og telefon skjer den løpende. Vi har ikkje prioritert å registrere omfanget av henvendingar, men vi har et inntrykk av at vi får noko færre spørsmål frå kommunane. Eit unntak her er omfanget av henvendingane vi har fått i samband med ny forskrift om lokalt gitt eksamen.

### Fylkessamling - kroppsøvingsfaget

Samlinga vart arrangert i tråd med oppdraget den 3. april.

### Regional samling - lokalt arbeid med læreplanar

Konferansen vart arrangert 19. november. Det var ganske nøyaktig 400 deltakrar på konferansen. Fylkesmannen hadde hatt mykje kontakt med kommunane i forkant av konferansen og vi konstaterte med glede at alle kommunane var representert, mange med deltakrarar frå alle nivå. Fylkeskommunen var ikke representert med meir enn to deltakrarar. Vi må difor vurdere om det bør arrangerast ei tilsvarande samling med fylkeskommunen. Det vil vi drøfte med leiinga i Hordaland fylkeskommune. Vi føl opp tema med ei samling for skulefagleg ansvarlege i mars 2014. Der vil vi ha eksplisitt merksemd mot skuleeigar si rolle og ansvar for læreplanarbeid.

### Betre læringsmiljø/målretta innsats mot mobbing

Resultatkrava er innfridde. Rapporteringskravet om å gje ei vurdering av elevane sitt psykososiale miljø tolkar vi på følgjande måte; ut frå den kunnskapen Fylkesmannen har med grunnlag i Elevundersøkinga, klagesaker, tilsyn og kjennskap til sektoren, meiner vi det framleis er nødvendig å prioritere arbeid for betre skolemiljø? Svaret på dette spørsmålet er ja.

Våren 2013 vurderte Fylkesmannen kva for kommunar og skular som kunne vere aktuelle for deltaking i Utdanningsdirektoratet sitt tiltak med statleg rettleiing. Vurderinga vart gjort på bakgrunn av dei opplysningsane frå elevundersøkinga vi fekk oversendt frå Utdanningsdirektoratet og den kunnskapen embetet har gjennom eige arbeid og kontakt med kommunane. Hordaland har ein kommune med i tiltaket, og embetet følger opp denne delen av satsinga gjennom å delta på direktoratet sine samlingar og gjennom kontakt med kommunen.

Dei andre kommunane som hadde vedvarande høge mobbetal blei kontakta først munnleg og deretter skriftleg. Kvar av skulane har gitt ei skriftleg tilbakemelding på sitt arbeid med oppfølging av resultata frå elevundersøkinga, kva tiltak dei har sett i verk og dei langsiktige planane sine for skolemiljøarbeidet.

Skuleigarane har orientert om korleis dei følgjer opp skulane. Etter vår vurdering er det stor merksemd rundt dette arbeidet både på skule- og skuleigarnivå. Det har vi sett gjennom samlinga vi hadde i 2013 for kommunane om skuleigar sitt ansvar for og oppfølging av læringsmiljøet. Her var det lagt opp til erfaringsdeling med utgangspunkt i konkrete døme frå to av kommunane. Det vi ikkje fekk gjort i 2013, var å samle dei 20 kommunane som har skular med høge mobbetal. Vi har skapt ei forventning gjennom å be om tilbakemelding på arbeidet som vert gjort, og vi ønskjer å bidra til erfaringsdeling og saman med aktuelle fagmiljø bidra til eit endå betre arbeid på området. Vi tar mål av oss å få dette med i planen vår for samlingar i 2014.

## **Minoritetsspråklege elevar**

FMHO har sett læringsituasjonen til minoritetsspråklege elevar på dagsorden i 2013. Dette inkluderer informasjon og foredrag om regelverk, særleg § 2-8, vi har ført tilsyn med samme bestemming og vi har nytta kontaktpunkte med kommuneadministrativt nivå til å vise til Udir sine nettsider og det rettleingsmaterielle ein kan finne der.

## **Arbeidslivsfaget**

Dei ni forsøksskulane i Hordaland har arbeidd svært godt og har gode erfaringar med faget. Totalt er det 34 skular som har innført arbeidslivsfaget i vårt fylke.

Utdanningsavdelinga har følgt opp forsøket med arbeidslivsfaget gjennom å arrangere samling for skulane og kommunane som er med i forsøket. For å spreie erfaringar frå forsøket inviterte vi alle kommunane til avslutningssamlinga i 2013. Utdanningsavdelinga og representantar frå forsøksskulane vart også inviterte til å fortelje om erfaringane sine på den nasjonale avslutningskonferansen i Oslo.

## **Kompetanse/ressursar**

Embetet har rett kompetanse til å følgje opp resultatområde 32.4. Den delen av strategien som gjeld kontakt med kommunane vart etablert i 2013 og vart prioritert forholdsvis høgt med omsyn til bruk av personalressursar.

## **Eigenvurdering**

Vår førebelse konklusjon er at vi har ein god strategi for å ivareta rettleiing og informasjon til kommunane. Vi kan ivareta både det informasjonsansvaret vi har som er av meir generell karakter (nett og fellessamlingar) og vi kan ivareta rettleatingsansvaret vårt på ein måte som er meir lokalt tilpassa det einskilde emne og dei einskilde kommunane. Vi er og nøgd med at møtepunkta vi har er forholdsvis hyppige. På den måten kjem vi raskt i direktekontakt med kommunane når nye tema eller endringar står på dagsorden. Det er ikkje umiddelbart lett å peike ut tiltak som har gitt god effekt, men vi har fått gode tilbakemeldingar frå kommunane når det gjeld den strategien eller det systemet vi har lagt opp til for kontakt med kommunane og den måten vi opnar for at kommunane sjølv kan spele inn kva emne som er vesentleg å får rettleiing og informasjon om.

## **31.5 Eksamens, nasjonale prøver og kartleggingsprøver**

### **Måloppnåing/resultatkrov**

Vi konkluderer med at måloppnåinga er god og at resultatkravet er nådd.

Vår hovudstrategi er å følgje opp skuleigarane. Vi hadde tilsyn med 3 kommunar i 2013 i samband med gjennomføringa av nasjonale prøver 2012.

I vidaregåande opplæring har vi møte med fylkeskommunen og alle skulane to gonger i året om gjennomføring av eksamen. Dette gir oss hove til å følgje opp og ansvarleggjere skuleeigar, og har ført til at få skular vender seg direkte til oss for hjelp. Omfanget av etterpåmeldingar er dermed redusert. Fylkesmannen vurderer at kvaliteten på eksamensarbeidet i vidaregåande opplæring i fylket er jamt over god.

## PAS og PGS

PAS/PGS gjør arbeidet med eksamen effektivt, men vi saknar framleis ein del rapportfunksjonar i PAS som ville vore til lette i Fylkesmannen sitt arbeid med oppnemning, skulering og oppfølging av sensorar.

PAS-hjelpa til direktoratet har til tider fungert dårlig. Det var ikkje beredskap under hurtigklagebehandlinga etter sentralt gitt eksamen. I tillegg har responsida på innmeldte problem vore lang gjennom heile året.

Fellessensuren i grunnskulen i vidaregåande opplæring fungerte som den skulle, og vart gjennomført etter sentrale retningslinjer.

## Nasjonale prøver

Nasjonale prøver vart gjennomført etter sentrale retningslinjer. Frå 2010 til 2013 har det vore ein liten, men jann auke i talet på elevar som er fritekne for nasjonale prøver. Dette er ei utvikling som Hordaland deler med resten av landet. Talet på elevar som står oppført utan resultat på prøvene har derimot minka.

Vi har hatt tilsyn med gjennomføringa av nasjonale prøver i tre kommunar i 2013. Erfaringar frå desse tilsyna kan tyda på at skular og kommunar har auka sin kjennskap til reglane for gjennomføringa frå nasjonale prøver, og korleis desse reglane skal praktiserast.

## Elektroniske kartleggingsprøver

Elektroniske kartleggingsprøver vart gjennomført etter gjeldande retningslinjer.

## Sentralt gitt eksamen i grunnskulen

Eksamens vart gjennomført etter gjeldande retningslinjer. I Hordaland har vi ansvar for sentralt gitt eksamen i norsk, engelsk og matematikk. Det er god tilgang på sensorar til skriftleg eksamen i grunnskulen. Det var til saman 7755 påmelde kandidatar til sentralt gitt eksamen i vårt fylke, og vi hadde ansvar for 108 sensorar. I samband med grunnskuleeksamen i norsk og engelsk leverte 97% av elevane i Hordaland elektroniske elevsvar.

Vi arrangerte sensorskulering i norsk, engelsk og matematikk for alle sensorane 6. juni. Det var 100% frammøte og gode tilbakemeldingar frå deltakarane på desse kursopplegga. I tillegg arrangerte vi ei samling for alle faglærarane som hadde meldt interesse for å vera sensorar i norsk i grunnskulen våren 2013. Denne samlinga fann stad i mars, med omlag 80 deltakarar, og vi fekk god tilbakemelding på opplegget. Vårt mål er at slike samlingar skal auka kunnskapen om vurdering i faget, og føra til at nye faglærarar melder interesse for å ta på seg sensoroppdrag. Det er varierande sensorutgang til dei tre grunnskulefaga vi har ansvaret for, både i norsk og engelsk kunne vi tenkt oss at det var fleire som meldte seg til sensoroppdrag, i matematikk er det mange lærarar som ønskjer sensoroppdrag.

## Lokalt gitt eksamen i grunnskulen

Fylkesmannen har ikkje registrert avvik frå forskrift til opplæringslova når det gjeld gjennomføringa av lokalt gitt eksamen i fylket.

Vi fekk inn sju klager på gjennomføringa av munnleg eksamen i 2013. Fire av klagene fekk medhald. I 2012 var det ei klage på munnleg eksamen. I 2013 var vi igjen på gjennomsnittet dei siste åra, som har lege mellom 5 og 10 klager pr. år. Alle kommunane, i regi av kursregionar, i fylket har laga instruksar for lokalt gitt eksamen.

## Sentralt gitt eksamen i vidaregåande opplæring

Hordaland har både eit regionalt og nasjonalt ansvar for å oppnemne sensorar og gjennomføre sensur etter sentralgitt eksamen haust og vår. I dei faga vi har ansvar for var det til våreksamen om lag 25 000 påmeldte kandidatar frå 300 skular, og vi oppnemnte 283 sensorar. Omfanget til hausteksamen er mykje mindre.

Tilgangen på sensorar er bra i dei fleste faga. Framleis er norsk eit unntak. Vi klarer så vidt å dekkje behovet til våreksamen, men systemet er svært sårbart, og vi er bekymra for om vi klarer å gjennomføre sensur i norsk

hovud- og sidemål på ein forsvarleg måte i framtida. Omfanget av sensorskulering var svært stort. Dette er positivt, og vi får gode tilbakemeldingar frå mange sensorar.

Fylkesmannen i Hordaland har saman med Fylkesmannen i Rogaland ansvar for behandling av klager etter sentralgitt eksamen i vidaregåande opplæring. Klagebehandlinga fungerte godt og vart gjennomført etter sentrale retningsliner. Totalt vart det behandla 2412 klager, som er om lag det same som i 2012.

### **Lokalgitt eksamen i vidaregåande opplæring**

Fylkesmannen har ikkje registrert avvik frå forskrift til opplæringslova når det gjeld gjennomføring av lokalgitt eksamen i fylket.

### **Bruk av resultat i tilsynsarbeidet**

Fylkesmannen bruker aktivt resultata frå eksamen og nasjonale prøver i analysearbeid og risikovurderinga i samband med tilsyn.

Karakterstatistikk etter sentralgitt eksamen i vidaregåande opplæring vert tatt ut frå PAS og bearbeidd og presentert på samlingar for fylkeskommunen og dei vidaregåande skulane.

Karakterstatistikk etter sentralgitt eksamen i grunnskulen vert tatt ut frå PAS og bearbeidd. Resultatet vert drøfta med oppmannskorpsa i engelsk, norsk og matematikk. Resultata av klagebehandlinga i grunnskulen vert og bearbeidd ut frå informasjon henta frå PAS, og presentert for aktuelle sensorar og medlemmene i dei tre oppmannskorpsa.

### **Kompetanse/ressursar**

Tre personar på Utdanningsavdelinga har delt ansvaret for eksamensgjennomføringa. Etter vår vurdering har avdelinga høg kompetanse og lang erfaring med dei oppgåvane vi skal løyse på dette området.

### **Eigenvurdering**

Etter vår vurdering har vi gode rutinar for å følgje opp resultatområde 31.5. Tilbake frå 2012 har vi disponert personalressursane våre på ein måte som vi meiner ytterlegare styrkar oppfølginga av embetsoppdraget.

### **Fylkesmannen i Hordaland**

Særskild Rapportering	Spesifiser dersom avvik fra lands-gjennomsnittet totalt eller på enkelprøver)	Spesifiser dersom stor variasjon mellom skoleiere innad i fylket	Vurdering av årsak til avvik	Beskrivelse av tiltak over skoleiere med høy andel elever med fritak
Hvor stor andel av elevene har fått fritak fra deltagelse på nasjonale prøver	I Hordaland var 2,9% av elevane fritekne for nasjonale prøver i 2013. Det er 0,2 prosentpoeng lågare enn landsgjennomsnittet.	Det er variasjon i fritak frå kommune til kommune. 10 av dei 33 kommunane i fylket ligg over landsgjennomsnittet.	6 av kommunane som har høg fritaksprosent har lågt eleval og får dermed stor prosentvis utteljing på statistikken.	Fylkesmannen har hatt skriftleg tilsyn med tre av kommunane som har avvik frå landsgjennomsnittet når det gjeld fritak av elevene frå nasjonale prøver.

### **31.7 Tilskuddsforvaltning**

#### **Måloppnåing/resultatkrev**

Vi meiner måloppnåinga vår er god. Fylkesmannen forvaltar tilskotsordninga på grunnskoleområdet; kap 225 post 64, Grunnskoleopplæring for barn og unge i asylmottak, kap 225 post 66 Leirskoleopplæring og kap 227 post 71 Tilskot til internatdrifta ved Krokeide vidaregående skole. Fylkesmannen har også kontrolloppgåver til kap 253 post 70 Tilskott til folkehøgskular.

Fylkesmannen har gjort ein formalia- og rimelegkontroll av søknadene frå kommunane om tilskott til grunnskoleopplæring. Det er henta inn liste over bebuarar i mottak frå UDI og desse er forsøkt samanlikna med søknadene. Samanlikninga er vanskeleg av di listene frå UDI ikkje er lagt til rette for slik kontroll. Det er ikkje gjennomført stikkprøvekontroll, men kontroll utført i samband med søknadane har ført til korrekjonar for

tildeling av tilskott.

Tilskot knytt til leirskoleopplæring er forvalta etter føresetnadane frå sentralt hald. Oppgåvene er utført i samsvar med oppdragsbrev. Søknad frå kommunen vert sjekka mot leirskolen si elevliste, samt timer og gruppe.

Tilskot til Krokeide videregående skole vert utbetalt etter Utdanningsdirektoratet sitt fullmaktsbrev kvar 10. i månaden.

Det er eiga rapportering på desse tilskotsområda:

- del 1 økonomirapportering
- del 2 tilskotsforvaltning, 3 tertialrapport er sendt jf. fullmaktsbrev.

FMHO har ingen indikasjonar på at tilskota ikkje vert nytta i tråd med regelverket. Kor mange stikkprøvekontrollar vi kan ha er eit ressursspørsmål. Vi fører god kontroll gjennom den vanlege sakshandsaminga.

Fylkesmannen har mottatt årsoppgjeret for 2013 for dei åtte folkehøgskolane i Hordaland. Alle hadde levert rekneskap, alle følgjer rekneskapslova, alle har eigen konto for stats tilskott og eigen note for inntekter frå offentlege kjelder og alle har fått revidert årsrekneskapen av registrert eller statsautorisert revisor.

## Kompetanse/ressursar

Embetet har rett kompetanse til å forvalte tilskottsoppgåvene.

# Resultatområde 32 Opgaver for økt kvalitet i grunnopplæringen

## 32.2 Kompetanseutvikling

### Måloppnåing/resultatkraav

Vi konkluderer med at resultatkravet er innfridd.

### Kompetanse for kvalitet

Fylkesmannen har gjennomført oppdraget i medhald av strategien «Kompetanse for kvalitet» Midlane er fordelt og kontrollert etter retningsline. Embetet har nytta både etablerte møtepunkt og elektroniske løysingar i arbeidet for å synleggjere ordninga, og å motivere kommunane til å nytte den. I august var det 479 søkjavar til ordninga mot 420 året før. Det var totalt 130 lærarar som fekk innvilga søknadane sine. Søkjartalet har altså gått opp, men talet på innvilga søknadar er stabilt på 2012-nivå.

Embetet sine faste møte med representantar for kommunane er eit møtepunkt der vi jamnleg tar opp spørsmål knytt til kompetansebehov i fylket og drøftar korleis dei nasjonale strategiane kan nyttast for å dekke kompetanse behovet. Ei enkel kartlegging vi gjorde i samarbeid med kommunane viste at det er mangel på spesialpedagogar i mange kommunar. Som ei oppfølging arrangerte vi eit møte mellom Fylkesmannsembeta i Rogaland, Sogn- og Fjordane og Hordaland, Statped Vest og representantar for UH-sektoren i dei 3 fylka. Målet var å drøfte og finne løysingar på korleis vi kan bidra til 1) at det er etablert gode og tilgjengelege vidareutdanningstilbod og 2) korleis Statped og Fylkesmanen kan bidra til innhaldet i tilboda.

### GNIST-samarbeidet og Ungdomstrinnssatsinga

Fylkesmannen deltar i det regionale GNIST-partnarskapet, arbeidsutvalet, som er etablert med følgjande deltakarar; Fylkesmannen, KS, Utdanningsforbundet, Pedagogstudentane, Universitetet i Bergen, Høgskolen i Bergen, Høgskolen Stord Haugesund.

FMHO har delteke på samlingar for skular og kommunar som Utdanningsdirektoratet arrangerer for pulje 1 i satsinga Ungdomstrinn i utvikling, og vi har vore i dialog med direktoratet om utvalet av skular til pulje 2. I tråd med strategien for satsinga på ungdomstrinnet har prosjektleiari for GNIST i samarbeid med FMHO arrangert ei samling for deltakarane i pulje 1 om Lærande nettverk som ein av dei tre «bærebjelkane» i satsinga. Trass i at

samlinga vart opplevd som svært god, valde skuleeigarane å ikkje etablere nettverk knytt til satsinga. Dei meinte dette vart for ressurskrevjande både med omsyn til økonomi og tid. Vi tok problemstillinga opp på nytt ved eit seinare høve med same resultat. Det er gode erfaringar med Lærande nettverk i fylket når det gjeld Vurdering for læring, men trass i deling av desse erfaringane og ei vellukka samling har vi ikkje klart å motivere for nettverk innan satsinga på ungdomstrinnet.

## Vurdering for læring

Fylkesmannen har oppsummert sluttrapportane frå deltakarane i pulje 3. Ni kommunar og fem private skular tok del. Rapporten er sendt til direktoratet, jf. eigen frist. Fem av deltakarkommunane er frå Sunnhordland og er saman i regionen Forum for oppvekst i Sunnhordland. Desse kommunane har hatt eit tett samarbeid om VFL med Lærande nettverk og dialogkonferansar. Fylkesmannen har vore i tett dialog med regionen og deltatt på den avsluttande dialogkonferansen. Dei fem private skulane danna sitt eige nettverk, og FMHO ga økonomisk støtte og deltok på den avsluttande samlinga for desse og dei fire resterande kommunane. Erfaringane frå deltakarane vil bli spreidd i fylket gjennom direktekontakt mellom ulike kommunar og gjennom det arbeidet Fylkesmannen i samarbeid med kommunane legg opp til i 2014 med lokalt arbeid med læreplanar og vurdering.

## Kompetanseløft på det fleirkulturelle området

Fylkesmannen i Hordaland tok kontakt med aktuelle kommunar for prosjektet tidleg i september. Fire kommunar takka ja til å delta. Ytterlegare tre kommunar fekk tilbod om deltaking, men takka nei. Vi arrangerte eit regionalt oppstartsmøte tidleg i oktober med følgjande deltakarar; kommunane, Utdanningsdirektoratet, Høgskulen i Bergen, NAFO og Fylkesmannen. Alle kommunane sendte inn foreløpig prosjektplan og status i løpet av desember, same månad vart midlane utbetalt. Tilbakemelding frå kommunane viser at samarbeidet med Høgskulen i Bergen er godt.

## Kompetanse/ressursar

Det er vår vurdering at vi har rett kompetanse i avdelinga til å følgje opp resultatområde 32.2. Når det gjeld kapasitet har vi prioritert hardt i løpet av året, jf vakante stillingar.

## 32.3 Skoleporten

### Måloppnåing/resultatkrev

Vår konklusjon er at oppdraget er innfridd.

Det er stor variasjon mellom skuleeigarane i fylket når det gjeld bruk av Skoleporten som ledd i kvalitetsvurdering og rapportering. FMHO har derfor dei siste åra sett fokus på skuleeigarrolla, inkludert kunnskapsgrunnlaget for den lokale kvalitetsvurderinga. I 2013 gjennomførte Fylkesmannen mellom anna ei samling der vi tok utgangspunkt i kvalitetsutviklingssystemet, jf. Meld. St.20 (2012-2013) *På rett vei*. Utdanningsdirektoratet orienterte om den reviderte ståstadsanalysen og bruk av resultat frå nasjonale prøver. Etatssjefane fekk vidare, gjennom innspel frå nokre av kommunane, døme på verktøy og metodar for dialogen mellom skular og skuleeigar i arbeidet med utviklinga av eit godt læringsmiljø for elevane. Denne samlinga danna eit godt grunnlag for samlinga Utdanningsdirektoratet hadde i Hordaland i november. Her fekk 400 deltakarar m.a. presentert den nye versjonen av ståstadsanalysen. I 2014 vil vi i kommunedialogen ha eit særleg fokus på resultata frå den reviderte elevundersøkinga, då med særleg fokus på områda læringsmiljø og vurdering for læring, jf. embetsoppdraget for 2014.

FMHO har vore tilgjengeleg for hjelp og rettleiing i praktisk bruk av Skoleporten for skuleeigarane i fylket. Særleg der det har vore nytilsettingar på skuleeigarnivå, har FMHO arbeidd aktivt med å tilby brukarstøtte. Det er ei utfordring å rettleie i bruk av skuleeigaranalysen, ettersom denne ikkje er tilgjengeleg for Fylkesmannen.

## Kompetanse/ressursar

FHMO har god kompetanse i bruk av Skoleporten. Informasjon frå Skoleporten vert systematisk nytta i samband med tilsynsarbeid og som del av grunnlag for anna kvalitetsarbeid. Skoleporten er såleis eit viktig verktøy i FMHO si rolle som sektorovervåkar.

## Eigenvurdering

Vår oppsummering er at vi har vald ein god strategi for å oppfylle resultatkrava. Vi har lagt vekt på å synleggjere samanhengen mellom datagrunnlag, analysearbeid og kvalitetsutvikling i seg sjølv. Vi har også lagt vekt på at dei

samlingane Fylkesmannen arrangerer for skuleeigarane byggjer opp om kvarandre og føl kvarandre tematisk. Strategien vert vidareført i 2014.

## 32.4 Erfarings- og kunnskapsinnhenting

### Måloppnåing/resultatkav

Vår konklusjon er at oppdraget er innfridd. Vi har følgt opp henstillingar om informasjon frå Udir og vi har informert om statlege satsingar gjennom samlingar, møte og via nett. Både når det gjeld Dronning Sonja sin skolepris og informasjon til Udir om nasjonale prøver har vi følgt opp krava.

### Statlig rettleiarkorps

Fylkesmannen har orientert om det statlege rettleiarkorpset på heimesida vår og munnleg på samlingar med kommunane. Ordninga er godt kjent i vårt fylke sidan om lag ein tredel av kommunane og fylkeskommunen har deltatt frå vi starta med piloteringa i 2009. I år er det ein Hordalandskommune med i ordninga, men etter den kontakten vi har hatt med kommunane har to til tre kommunar ønskje om å søkje rettleiing i neste pulje.

Rekrutteringsarbeidet til nye rettleiarar har vi gjort på tilsvarende måte. Det er opplyst om på heimesida vår og vi har også tatt det opp på samlingar med kommunane. I tillegg har vi vore i direkte kontakt med enkeltpersonar som vi meiner har eigenskapar og kompetanse som gjer dei godt egna til å gå inn i eit rettleiarkorps. Hordaland er etter vårt syn godt representert i rettleiarkorpset.

### Kompetanse/ressursar

Embetet har rett kompetanse til å følgje opp resultatområde 32.4. Kapasiteten har vore redusert i 2013 som følgje av vakansar.

### Eigenvurdering

Ut frå den kapasiteten vi har hatt i 2013 som følgje av vakansar, meiner vi vi oppfølginga vår er tilfredsstillande.

## 32.5 Tiltak innenfor tilpasset opplæring, spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning

### Måloppnåing/resultatkav

Embetet vurderer at resultatkava er innfridd.

Når det gjeld rettleiing og informasjon utnyttar vi dei faste møtepunkta vi har etablert med fylkeskommune og kommunane, med den fylkeskommunale PP-tenesta og med Statped vest. I tillegg har vi arrangert eigne møteplassar for delar av oppdraget, og vi har klart å prioritere å halde innlegg på førespurnad ute i regionane våre. I tillegg tar vi nettsidene våre i bruk og vi gir og mykje rettleiing på telefon og e-post.

Sommaren 2013 kom «Strategi for etter- og vidareutdanning av tilsette PPT» og eigne midlar til etterutdanning for same målgruppa. Dette blei følgt opp med eit nært samarbeid med kommunane i fylket, og med Statped vest og dei andre fylka i regionssamarbeidet mellom Fylkesmannsembeta, region sør-vest. Fylkesmannen i Hordaland hadde ei eiga samling hausten 2013 for skole/PPT-eigarar og leiarar av PPT i fylket. Tema for samlinga var «Systemretta endringsarbeid». Det faglege innhaldet på samlinga var utarbeidd og gjennomført av professor Thomas Nordahl, Høgskolen i Hedmark.

Fylkesmannen i Hordaland, Utdanningsavdelinga, har vidare hatt møter med BUF-etat og Helseavdelinga hos Fylkesmannen, og drøfta opplæringssituasjonen til elevar under omsorg av barnevernet. Det er planlagt tilsyn med Hordaland fylkeskommune sitt ansvar for slik opplæring våren 2014.

Fylkesmannen har eit svært godt samarbeid med Statped vest, og det er gjensidig informasjon om arbeidet og tiltak frå både partar. Fylkesmannen samarbeider også med Universitetet i Bergen, Det psykologiske fakultet, og orienterer studentar om lovverk og kva oppgåver Fylkesmannen har knytt til barn og unge med særskilt behov.

Embetet har sett ned ei tverrfagleg gruppe frå Utdanningsavdelinga, Helseavdelinga og Kommunal og planavdelinga, som i si satsing vurderer:

- potensialet for samarbeid og samordning i forbindelse med klagebehandling/tilsynsvirksomhet og planarbeid

- potensialet for samarbeid når det gjelder veiledning ut mot kommunene
- identifisere konkrete satsingsområder/prosjektorganisert samarbeid i samarbeid med kommunene

I embetet er det samstundes jamnleg samarbeid med Helseavdelinga, seksjon barnevern, til dømes hendingsbasert tilsyn med utgangspunkt i einskiltsaker knytt til elevar sin skolegang.

## Kompetanse/ressursar

Det er vår vurdering at kontoret samla sett har gode kompetansemessige føresetnadane til å følgje opp resultatområde 32.5. Som det går fram over har vi styrka samarbeidet med Helse- og sosialavdelinga, nok vi meiner gir oss ytterlegare tilgang på kompetanse og ikkje minst å framstå som godt koordinert ut mot kommunane.

## Eigenvurdering

Vi konkluderer med at vi har følgt opp resultatområdet på ein god måte. Vi meiner vi har prioritert området høgt og at det er behov for tett kontakt med kommunane. Sjølv om talet på klagesaker ikkje er stort er det vår vurdering at kommunane og pp-tenesta treng mykje rettleiing og at informasjonsaktiviteten vår må førast vidare på same nivå som i 2013.

## 32.7 Opplæring innenfor kriminalomsorgen

### Måloppnåing/resultatkrev

Fylkesmannen konkluderer med at måloppnåinga på resultatområde 32.7 er særskilt god. I samanheng med vurderinga vår av måloppnåing er det rett å nemne at samarbeidet med kriminalomsorga, lokalt, regionalt og nasjonalt, er av stor betydning for korleis oppgåvane våre blir løyst. Oppgåvane grupperast i desse hovudområda (jf. overføringbrevet frå KUD til Statens Utdanningskontor i Hordaland datert 15.10. 1993):

- Fordeling av tilskott
- Tilsyn/fagleg kontroll
- Fagleg/pedagogisk oppfølging, forsøks- og utviklingsarbeid
- Internasjonal kontakt

### Tilskottsordninga

Budsjettet som blir tildelt fylkeskommunane kvart år, blir fordelt etter gjeldande retningslinjer. I utmålinga av tilskott til fylkeskommunane har Fylkesmannen kontakt med Kunnskapsdepartementet, Utdanningsdirektoratet, Justis- og beredskapsdepartementet, Kriminalomsorgsdirektoratet og dei fem kriminalomsorgsregionane.

Framlegg til budsjettfordeling blir drøfta i Koordineringsgruppa for opplæring innanfor kriminalomsorga som består av representantar for Fylkesmannen i Hordaland, Justisdepartementet v/direktorat for kriminalomsorg. Udir møter som observatør i gruppa. Kriminalomsorgsdirektoratet sender og framlegg til budsjett til kriminalomsorgsregionane for å få innspeil til budsjettfordelinga.

Vi har sett at korleis retningslinene fungerer i praksis, kan slå ulikt ut for fylkeskommunane. FMHO tillot seg difor å setje ned ei arbeidsgruppe med oppdrag om å greie ut korleis tilskottsordninga kan baserast på fleire målbare og objektive moment, og på den måte sikre at tildelingane vert ytterlegare rettvise og likeverdige. Dette arbeidet er skildra i eit brev vi sendte til KD no i januar 2014.

### Tilsyn/fagleg kontroll

Fylkesmannen kontrollerer reviderte rekneskap frå fylkeskommunane. Gjennom årsrapporteringa får vi eit styrke bilet av om ressursane blir nytta i høve til føresetnadene. Fylkesmannen har ikkje gripe inn ovanfor nokon av fylkeskommunane for ressursbruken i 2013, men har oppmoda Oslo kommune om å organisere opplæringsverksemada i samsvar med normalordninga elles for området.

Dei einskilde Fylkesmannsembeta har ansvar for å gjennomføre tilsyn med opplæring innanfor kriminalomsorga for å kontrollere at innsette får ivaretatt rettane sine til opplæring. Vi er ikkje kjent med at det er gjennomført tilsyn på dette området i 2013.

Fylkesmannen har vidarutvikla det elektroniske rapporteringssystemet for alle fylka/skolane innan opplæring i kriminalomsorga. Endringane vil betre enn før kunne synleggjere i kva grad fylkeskommune når måla for

ordninga. Ein eigen rapport med funn frå fylkeskommunene sine rapportar for området blir ferdigstilt i april 2014. Vi viser til den rapporteringa for meir utdjuping av oppfølginga av oppdraget.

## Fagleg pedagogisk oppfølging, forsøks- og utviklingsarbeid

Det er no etablert skule i alle fengsel regjeringa meiner skal tilby opplæring. Ved utgangen av 2013 blei det gitt tilbod om opplæring i 53 anstalter. Innsette har dei same rettane til opplæring som andre samfunnsborgarar. I eit større perspektiv handlar det om korleis innsette skal tilbakeførast til samfunnet på ein god måte.

## Ny IKT-løysning

Utfordringane rundt IKT og IKT-løysingar for elevane i fengselsundervisninga utløyser krevjande problemstillingar og dermed krevjande arbeid. Bruk av IKT fører ofte til at kriminalomsorga sitt behov for tryggleik kjem i konflikt med skulen sitt utdanningsoppdrag, nemleg å gi opplæring etter eit læreplanverk der digital kompetanse er ein integrert del i alle fag. Sidan 2007 har fleire og fleire skular hatt tilgang til internett for innsette – IFI. I samarbeid med utdanningsstyresmaktene (Udir og FMHO) har Kriminalomsorgsdirektoratet (KDI) utvikla ei ny nasjonal løysing, DFS - desktop for skulen. Denne løysinga er trygg nok for kriminalomsorga og vil samstundes støtte skuleverket sine behov for ei fungerande IKT-løysning. KDI har sidan 2008 investert meir enn 20 mill. i løysinga.

JD/KDI finansierer og administrerer den tekniske delen, medan skuleverket må finansiere og administrere innhaldet i løysinga. Kriminalomsorga har no installert DFS i alle fengsel som inntil 2012 ikkje har hatt tilgang til ei IKT-løysning. Etter planen skal alle fengsla vere knytte opp mot DFS løysinga i løpet av 2014.

Pilotfasen med DFS viste at det er behov for ein sentral aktør som har ansvar for innhaldsdelene i løysninga. Det vil vere lite rasjonelt om 19 fylkeskommunale skuleeigarar må arbeide opp mot KDI om innhaldet. Utan ein fungerande IKT-løysning er det ikkje mogleg å gje opplæring i tråd med gjeldande lov og regelverk. Fylkesmannen har i brev til Utdanningsdirektoratet dagsett 12.12.2013 gjort greie for desse utfordingane.

## Oppfølging av St. melding 37

I samarbeid med Kriminalomsorgsdirektoratet/ Justisdepartementet er St. Melding 37 (2007 - 2008) følgd opp i 2013. Fylkesmannen var mellom anna aktiv bidragsytar til Kriminalomsorga sitt forslag til ny strategisk plan for arbeidsdrifta i fengsla.

## Informasjonsarbeid og nettverksbygging

Fylkesmannen driv utstrakt informasjonsarbeid mot skuleeigarane om dei innsette sine rettar etter opplæringslova. Vi arrangerer årlege samlingar kor samarbeid og nettverksbygging mellom skuleleiarar, kriminalomsorga og andre aktuelle etatar og organisasjonar er tema. Fylkesmannen driv og eit aktivt fagnettverk som bistår skuleeigarar. Dette nettverket deler erfaringar og fagkunnskap knytt til særmerkte utfordingane for fengselsundervisninga.

## TAFU tilbakeføring gjennom arbeid, fritid og utdanning.

I 2013 har Fylkesmannen vidareført arbeidet med «Tilbakeføring gjennom Arbeid, Fritid og Utdanning, TAFU. TAFU er operative både i Stavanger/Sandnes og i Tromsø.

Fylkesmannen har som nasjonal prosjektleiar for TAFU arbeidd med å drive prosjektet fram i tråd med nasjonal prosjektplan. Hausten starta arbeidet i samarbeid med sentral styringsgruppe for TAFU for permanent etablering av eksisterande TAFU og for å vurdere etablering av nye TAFU.

## Kartlegging av fangebefolkinga

Fylkesmannen i Hordaland har gjennom fleire år hatt samarbeid med forskingsinstitusjonar. Dette er viktig for at skuleverket skal utforme og tilby fengselsundervisning på eit kunnskapsbasert grunnlag og dermed bidra til at innsette får eit best mogleg tilpassa tilbod både organisatorisk og individuelt. Det er difor inngått ein avtale om FoU-samarbeid mellom Fylkesmannen i Hordaland og Universitetet i Bergen. Konkret er avtalen knytt til forskingsgruppene "Knowledge, Education and Democracy" og "Bergen Cognition and Learning Group" ved Det psykologiske fakultet, Universitetet i Bergen.

Gjennom arbeidet i Nordisk nettverk for fengselsundervisninga har vi tatt initiativ til ei kartlegging av utanlandske innsette i dei nordiske landa. Ei fells nordisk rapport vart oversett til engelsk og publisert i 2013 (Rapport nr. 1/2013). Resultat frå dei norske kartleggingane uført i 2012 blei publisert i to ulike rapportar i 2013

## ND-sentra

Fylkesmannen har vidareført tilskotsforvaltninga av opplæringsdelen i prosjekta Narkotikadom med domstolskontroll (ND-sentra) i Oslo og Bergen.

## Internasjonal kontakt

Fylkesmannen er koordinator for det nordiske nettverket for fengselsundervisninga. Nettverket publiserte mellom anna ein engelsk utgåve av den nordiske kartlegginga av utanlandske innsette; «*Etnic minority prisoners in Nordic prisons: Educational background, preferences and needs*». FMHO deltek også i andre europeiske/internasjonale nettverk innan området. Mellom anna var FMHO aktive bidragsytarar til EPEA's 14. konferanse på Island.

## Kompetanse/ressursar

Det er tilsett to seniorrådgjevarar og ein rådgjevar på området. Etter vår vurdering har dei tilsette samla sett kompetanse som er sers relevant innan området. Her kan nemnast forvaltningskompetanse, erfaring og kompetanse om marginaliserte grupper, samt pedagogisk kompetanse og stor kjennskap til utdanningssektoren. På grunn av utskifting i personalet gjekk kontoret med ei vakant stilling i nokre sommarmånader.

## Eigenvurdering

I 2013 meiner vi det store bildet er at Fylkesmannen har tatt hand om området opplæring innanfor kriminalomsorga på ein god måte. Gjennom verksemgsplanlegging og ei intern «strategisamling» er nokre område løfta fram. Det arbeidet vi har gjort for å sortere igjen på kva som ligg til eit nasjonalt ansvarsområde og kva oppgåver skuleeigar har ansvar for, har gitt resultat i ei noko meir spissa innretting på arbeidet. I samband med nyttilsetting har det og vore gjort omprioriteringar, både når det gjeld kven som har ansvar for dei ulike oppgåvene og kva oppgåver som skal ha prioritet.

Vår konklusjon er at vi har ein god strategi for å ivareta rettleiing og informasjon mot fylkeskommunene og andre samarbeidande partar. I ein særstilling står samarbeidet med kriminalomsorga. Fylkesmanen har over fleire år styrka dialogen med fylkeskommunene. Den årlege samlinga for skuleeigarane er blitt ein viktig møteplass for ordskifte og vidare utvikling av området. Dette arbeidet må halde fram.

Fylkesmannen vurderer at arbeidet med fagnettverket no viser seg å styrke heile området. Den årlege samlinga for fagnettverka har stor oppslutnad og kontoret ser at det genererer godt fagleg utviklingsarbeid som bidreg til å styrke dei særmerkte utfordringane med opplæring innan kriminalomsorga.

Fylkesmannen ser seg nøgd med utkastet arbeidsgruppa leverte som innspel til ei meir rettvis og likeverdig tilskottsordning.

Det fagleg utviklingsarbeidet med IKT og fleksible opplæringsløp er krevjande. Fylkesmannen vurderer at vi har gjort et sers godt arbeid i tett samarbeid med kriminalomsorga. Dette er eit arbeid som blir lagt merke til langt utover landets grenser.

Fylkesmannen vurderer arbeidet med TAFU samvirke til å vere godt og styrka gjennom året. Den eksterne følgjeevalueringa frå AFI viste til sers gode resultat for prosjektet.

## Resultatområde 33 Tilsyn og forvalningsoppgaver på barnehageområdet

### 33.1 Tilskuddsforvaltning

#### Måloppnåing/resultatkrev

Fylkesmannen konkluderer med at måloppnåinga på resultatområde 33.1 er god.

Når det gjeld tilskot til faste plassar i mellombelse barnehagelokale har Fylkesmannen kontrollert alle vedtak om tilskot sidan 2010 og sjekka om vilkåret om flytting frå mellombelse lokaler til permanente lokaler innan 3 år er oppfylt. Kontrollen er gjennomført ved å undersøke om det er motteke søknad om investeringstilskot for permanente lokaler, ev. anna dokumentasjon. Fylkesmannen finn at vilkåret om flytting frå mellombelse lokale til permanente lokaler innan 3 år er oppfylt for alle som fekk innvilga tilskot i 2010.

I arbeidet vårt med tilskotsforvaltning til tiltak for å betre språkforståinga blant minoritetsspråklege er det gjennomført brevtilsyn med 4 kommunar. Desse kommunane har gjort greie for korleis tiltak for å betre språkforståinga er gjennomført i kommunen. FM har mottatt kr 155 000. Midlane er utbetalte til 7 av dei kommunane som hadde flest minoritetspråklege barn på årsmeldinga pr. 15.12.2012.

### **Kompetanse/ressursar**

Embetet meiner vi har rett kompetanse og brukar tilstrekkeleg ressurs for å ivareta resultatområde 33.1

### **Eigenverdering**

Vi konkluderer med at rutinane vi har når det gjeld tilskotsforvaltning er gode, og at arbeidet blir ivaretatt på ein tilfredsstillande måte. Vi meiner den praksisen vi har når det gjeld felles møtepunkt mellom dei som fører tilsyn på barnehageområdet og dei som forvaltar tilskot er nyttig som ein del av risikovurderinga og grunnlaget for tilsynsarbeidet.

## **33.2 Klagesaksbehandling**

### **Måloppnåing/resultatkjav**

Embetet rapporterer under noko tvil at resultatkravet er nådd. Tvilen er knytt til sakshandsaminstid. I 2013 var den gjennomsnittlege saksbehandlingstida på klagesaker (alle klager på likverdig behandling) 118 dagar. I 12 av dei 20 klagene holdt vi oss innanfor ei saksbehandlingstid på 3 månader. Forklaringa på den lange saksbehandlingstida må tilskrivast eit etterslep av saker frå 2012, periodar med manglande tilgang og kapasitet innanfor det juridiske og økonomiske fagfeltet, manglande avklaringar frå Udir og til slutt at mange sakene var dårleg forberedt og frå kommunane si side.

### **Oppfølging av vedtak**

Embetet har hatt fleire klager etter forskrift om likeverdig behandling frå ein og same kommune. PBL har klaga på vegne av dei ikkje-kommunale barnehagane. I to ulike saker har vi oppheva vedtak som denne konkrete kommunen har fatta, eitt i 2012 og eitt i 2013. PBL og einskildbarnehagar har ved fleire høve kontakta Fylkesmannen for å orientere om at kommunen ikkje har fatta nye vedtak. Ut over dette dømet er det vår erfaring at vedtaka vert følgjt opp.

### **Kompetanse/ressursar**

Som nemt over har embetet hatt periodar i 2013 der tilgangen på juridisk og økonomiske kompetanse har vært for liten. Vi vurderer dette i første rekke som eit kapasitetsproblem, ikkje eit kompetanseproblem.

### **Eigenverdering**

Sjølv om vi ikkje kan seie oss fornøyd med resultatet når det gjeld tidsbruk i klagebehandlinga i 2013 under eitt, er det fristande å rapportere om at embetet er ajour når det gjeld klagesaker om likverdig behandling når vi går ut av 2013. I haust tilsette avdelinga ein ny jurist med barnehage som sitt hovudansvarsområde. Vi fikk og til ei god løysing på embetet med faste møter med økonom. I tillegg har den mest erfarne medarbeidaren på barnehageområdet prioritert saksbehandlinga høgt og resultatet er altså at vi startar 2014 utan nevneverdige restansar.

Vi har gitt mykje rettleiing til kommunane om regelverket knytt til likeverdig behandling, men utan at vi kan identifisere høgare kvalitet i den kommunale behandlinga av sakene, heller ikkje nedgang i talet på klager, men tvert imot ei auke. Vi vil prioritere informasjons og rettleiingsarbeidet knytt til regelverket og sakshandsaming på minst same nivå i 2014 og vidare vere oppmerksame på om det gir ønskt resultat.

Type Klage	Medhold/delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist	Sum
Barnehageloven § 10	0	0	0	0	0

Barnehageloven § 16	0	0	0	0	0
Forskrift om familiebarnehager § 7	0	0	0	0	0
Forskrift om foreldrebetaling § 5	0	0	0	0	0
Forskrift om likeverdig behandling av barnehager i forhold til offentlige tilskudd	1	7	11	1	20
Forskrift om midlertidig og varig dispensasjon og unntak fra utdanningskravet for styrer og pedagogisk leder § 4	0	0	0	0	0
Forskrift om pedagogisk bemanning § 3	0	0	0	0	0

Merknad

### 33.3 Informasjon og veiledning

#### Måloppnåing/resultatkrav

Vår konklusjon er at resultatkrava er nådd og måloppnåinga er god.

Fylkesmannen har to faste samlinger kvart år, til saman 4 dagar, som vert nytta til informasjon og rettleiing om regelverk, satsingsområde og sentral føringar for sektoren. I 2013 har vi sett følgjande tema på agendaen:

- forskrift om likeverdig behandling
- erfaringar frå klagebehandlinga etter forskrift om likeverdig behandling
- Tilsyn m/tilhøyrande regelverk - resultat og utfordringar for kommunane
- meldinga "Fremtidens barnehage"

I tillegg til fellessamlinga om "fremtidens barnehage" har Fylkesmannen tilbude seg å komme på møter i kommuneregionane for å legge fram og drøfte sentrale punkt i meldinga. Deltakarane på desse møta har vært barnehagefagleg tilsette på kommunenivå, styrarar i kommunale og private barnehagar og politikarar. Vår erfaring er at desse møta har vært viktige arenaar for debatt og refleksjon. Dei har og gitt Fylkesmannen godt høve til å besvare spørsmål. Det samme emnet har vi presentert for alle som arbeider med å utdanne barnehagelærarar på Høgskulen i Bergen.

Fylkesmannen har og faste møter med representantar for dei 6 regionane kommunane har delt seg inn i. Dette er møter som vert arrangert omlag 3 gonger kvart halvår. Dette er ein viktig arena for oss både når det gjelde å få ut informasjon om sentrale tema og satsingar, samt å få tilbakemeldingar frå kommunane om tema dei treng avklaringar på. For eksempel er dette eit møtepunkt vi brukar aktivt for å få tilslutning til tema på fagsamlingane vi arrangerer, samt å få oppslutning om sjølv samlingane. Det er også eit viktig møtepunkt for oss når det gjeld å sjekke ut viktige saker som til dømes korleis retten til barnehageplass blir oppfylt i kommunane.

Til slutt må vi nemne at vi brukar nettsidene våre aktivt som informasjonskanal for å ivareta resultatområdet 33.3. her har vi, saman med skuleområdet, utarbeidd eit årshjul som bidrar til at relevant informasjon og påminningar kjem ut kommunane til rett tid.

#### Kompetanse/ressursar

Embetet har medarbeidrarar på barnehageområdet med lang erfaring og høg kompetanse. I 2013 prioriterte vi å tilsette enda ein jurist, også med tanke på rettleiingsarbeidet vårt om lov og regelverk på barnehageområdet.

#### Eigenvurdering

Vår vurdering er at dei informasjonen og rettleatingsaktivitetane vi har lagt opp til blir tatt godt imot i sektor. Dette konklusjonen koplar vi mot omfanget av påmelde til samlinger og bredden i deltarane sine roller i sektoren. Vi merkar oss og at henvendingar på telefon og e-post som gjeld likeverdig behandling har gått noko ned. Samstundes må vi framleis sjå dette i samanheng med at talet på klagesaker om likeverdig behandling går opp. Det er ikkje i seg sjølv eit problem, men kanskje ein effekt av auka medvit om gjeldande reglar? Embetet er bevisst på å nytte klagesaker i rettleiingsarbeidet ut mot sektor og bidra til at dei avklaringar som vert gjort blir kjent. Dette er ein strategi som vi vil føre vidare i 2014.

Når det gjeld nettsidene våre er det vår vurdering at sjølv om vi brukar sidene aktivt, kan vi framleis bruke dei meir systematisk. Dette tar vi med oss i arbeidet med årshjul for publisering som no vert utarbeidd for 2014.

### 33.4 Tilsyn

## Målloppnåing/resultatkrev

Det er gjennomført to stadlege tilsyn og seks dokumenttilsyn i 2013, det betyr at vi har gjennomført tre tilsyn meir en kravet. Vi konkluderer med at resultatkrevet er nådd.

Fylkesmannen i Hordaland har vald tilsyn med følgjande tema:

- kommunen sitt tilsyn med barnehagane
- om kommunen følger barnehagelova sine krav til sakshandsaming når dei fattar vedtak om dispensasjon frå utdanningskrav

Når det gjeld første tilsynstema er det embetet si vurdering at eit vel fungerande kommunalt tilsyn er av stor betydning for kvalitet på barnehageområdet og at tema har stort potensiale for viktige forbeteringar på barnehageområdet.

Tilsyn med krav til sakshandsaming når det vert fatta vedtak om dispensasjon frå utdanningskrav er eit tema vi har ført tilsyn med tidlegare år. Det har då vert avdekkja stor avvik og altså stort potensiale for forbeteringar på området. Dei siste åra har Fylkesmannen hatt sakshandsaming og utforming av vedtak om dispensasjon som tema på fleire møter med kommunane. Når vi repeteerte tilsynstema i 2013 var det for å få ein indikasjon på om denne rettleatingsaktiviteten har gitt ønskt resultat.

Kommunane vi har ført tilsyn med er vald ut frå ei samla vurdering der vår kjennskap til kommunane, henvendingar frå sektor, samt eit blikk på når kommunen sist hadde tilsyn ligg til grunn.

Fylkesmannen har lagt Utdanningsdirektoratet sine føringer til ein kvar tid gjeldande føringer til grunn i alle tilsyn. Ny tilsynsmetodikk er implementert og tatt i bruk. Embetet har også vore bidragsytar i Udir si opplæring i ny tilsynsmetode.

## Kompetanse/ressursar

Embetet har høg kompetanse og har hatt tilstrekkeleg ressursar på tilsynsområdet til å gjennomføre fleire tilsyn enn kravet som var sett for 2013.

## Retting av lovbro

Vår vurdering er at kommunane anerkjenner dei lovbrota som tilsyna konstaterer og at dei vert retta opp.

## Eigenvurdering

Vår vurdering er at vi har arbeidd grundig på tilsynsområdet i 2013. Vi meiner dei vurderingane som er lagt til grunn for tema og kommunar har tatt omsyn til risikoomsyn på ein god måte. Vi veit at vi får noko utskifting på barnehageområdet i 2014. Slik vi vurderer det no har kontoret god kompetanse på tilsynsområdet totalt sett og det er difor avgjerande at vi samhandlar om tilsynsarbeidet uavhengig av om tilsynet gjeld barnehage eller skole.

## 33.5 Kontroll av årsmelding per 15/12 og årsregnskap for ikke-kommunale barnehage

### Målloppnåing/resultatkrev

Vi meiner måloppnåinga vår er god.

Fylkesmannen har kontrollert og godkjend årsmeldingane per 15.12.12 frå alle barnehagane innan fristen 17.02.13. Fylkesmannen har purra kommunar som ikkje hadde godkjend årsmeldingar innan kommunane sin frist for godkjenning 20.01.13.

Nokre kommunar hadde barnehagar som ikkje var i drift, og som Fylkesmannen måtte be kommunen sette i inaktiv. I punkt 7. Foreldrebetaling, var det ein del som svarte Nei på Er foreldrebetalinga inntektsgradert, der vart kommunen kontakta med ein gang i kvart tilfelle.

I dei fleste årsmeldingane som blei avviste, var det feil i årsmeldinga punkt 8, Opplysningar om stillingar og personale. Det var også ein del barnehagar som kommunen hadde godkjent som Fylkesmannen blir bedt om å avvise grunna feil i årsmeldinga. Fylkesmannen har gitt fagleg rettleiing til både barnehagenivå og kommunenivå, særleg i forhold til utfylling av punkt 8.

Etter Fylkesmannen si vurdering gjer barnehagane og kommunane ein god jobb med årsmeldingane.

Fylkesmannen har ikkje purra kommunane i samband med innrapportering av årsrekneskap i BASIL. Grunnen er at Fylkesmannen si rolle ikkje lenger er med i Utdanningsdirektoratet si rettleiing om rapportering for årsrekneskap 2012 som vart samla inn i 2013. I desse retningslinene er det berre kommunen som har ansvaret for å purre på manglande innlevering av skjema for årsrekneskap. Den einaste rolla vi har etter rettleiinga er å svare på spørsmål frå barnehagar og/eller kommunen. Vi har svart på nokre få spørsmål om dette

## **Kompetanse/ressursar**

Vår vurdering er at vi har rett kompetanse og at vi har sett av tilstrekkeleg ressurs til å oppfylle resultatområde 33.5

## **Eigenvurdering**

På samme måte som for resultatområde 33.1 er det vår vurdering at dei rutinene vi har for arbeidet med resultatområde 33.5 fungerer godt. Vi meiner det er nyttig at arbeidet med kontrollen av årsmeldig og åresrekneskapen vert omhandla i møtepunkt der klagebehandling og tilsynsverksemda vår òg er tema.

# **Resultatområde 34 Opgaver for økt kvalitet i barnehagen**

## **34.2 Kompetanseutvikling og rekruttering**

### **Måloppnaing/resultatkav**

Vår konklusjon er at resultatkrava er nådd. Embetet har iverksett tiltak under satsinga ***Vennskap og deltagelse - kompetansesatsing for barnehageansatte***, herunder tiltak for å ivareta mangfolds- og likestillingsperspektivet ved følgjande tiltak

- Informasjon om kompetansestrategien til kommunane og til Høgskulane i Hordaland, nettsidene og i dialogar og samlingar med kommunane.
- Tildeling til kommunane etter søknad: ordinære kompetansemidlar 2013 - kr. 3 937 000
- Kompetanseheving for assistenter – 15 studiepoeng - i samarbeid med Høgskulen Stord/Haugesund og NLA Høgskolen i Bergen.
- Deltakrar: 28 tilsette. 9 frå Kommunale barnehagar og 19 frå ikkje kommunale barnehagar.
- Basiskompetanse for assistenter- Midlane vart tildelte etter søknad frå 5 regionar og 4 einskildkommunar. Tiltaka vert gjennomført i løpet av barnehageåret 2013/14. Rapportering på midlane 31.1.2014. Ingen la til rette for fagbrev. Ein kommune har overført midlar til 2014 og planlegg å tilby fagbrev i 2014.

### **Rettleiing av nyutdanna barnehagelærerar**

Fylkesmannen samarbeider med Ny i Hordaland om tiltak for målgruppa gjennom tildelte midlar til prosjektet. Midlane er tildelt Ny i Hordaland for ein konferanse for nyutdanna barnehagelærarar og eigarar kommunane våren 2014.

Embetet har bidratt til at kommunar har implementert rettleiarens *Barns trivsel – voksnas ansvar* ved at denne var tema på samling for barnehagemyndigheten kommunane i november 2013 og lagt ut på heimesida til Fylkesmannen.

### **«Likestilling 2014» - oppfølging**

- GLØD nettverket har rolla som Likestillingsgruppe i Hordaland frå august 2013
- Kurs: Likestillingsperspektivet i barnehagepedagogikken. 90 deltarar. Stor oppslutnad til eit relevant kursopplegg.
- Ungdomsskulegutar som leikeressurs i barnehagen

### **GLØD - rekruttering til barnehagelærarutdanning og kompetanseutvikling**

Fylkesmannen sine oppgåver er ivaretatt ved koordinering / oppfølging mellom GLØD sentralt og det regionale

nettverket. GLØD sine mål om å rekruttere, behalde og auke kompetansen i barnehagen vert arbeidd med i nettverksmøtene og hos den einskilde nettverkdelataar på eigne arenaer.

GLØD - midlar og likestillingsmidlar er brukt til prosjektet «Ungdomsskulegutar som leikeressurs» 2013/2014. GLØD nettverket har prioritert dette som eit viktig tiltak innan både likestilling og rekruttering.

Fylkesmannen koordinerte arbeidet med Utdanningsmessi i Hordaland februar 2013 og deltok på messa.

### **Kompetanse/ressursar**

Embetet har rett kompetanse til å følgje opp resultatområde 34.2. Vi har sett av ein stillingsressurs til arbeidet, samt at det er lagt tilrette for kopling til tilsvarande arbeid på skoleområdet.

### **Eigenvurdering**

Vår konklusjon er at vi har prioritert relevante tiltak og samarbeid med eksterne høgt og forventa resultat innfridd. Om vi tar utgangspunkt i den kontaktflata vi har mot kommunane, UH-sektor og andre, så meiner vi den er god, og vi har eit ope og konstruktivt samarbeidsklima.

Om vi skal ta utgangspunkt i meir kvantitative resultat, kan vi på noverande tidspunkt ikkje dokumentere ei eventuell endring i rekruttering til barnehagelærarutdanninga, dette gjeld og mannlege søkerarar. I Hordaland har det vore ei auke frå 9,4 til 10,1% mannlege tilsette i barnehagane, iflg. årsmelding 2013.

<b>Kompetansetiltak</b>	<b>Samarbeidspartner/UH-institusjoner m.fl.</b>	<b>Antall deltakere totalt</b>	<b>Antall deltakere fra kommunale barnehager</b>	<b>Antall deltakere fra ikke-kommunale barnehager</b>
Videreutdanning i barnehagepedagogikk		0	0	0
PUB-studier		0	0	0
Kompetansehevingsstudie for assistenter	Høgskolen Stord/Haugesund og NLA Høgskolen	28	9	19

<b>Kompetansetiltak jf 20 mill.</b>	<b>Samarbeidspartner/UH-institusjoner m.fl.</b>	<b>Antall deltakere totalt</b>	<b>Antall deltakere fra kommunale barnehager</b>	<b>Antall deltakere fra ikke-kommunale barnehager</b>	<b>Midler pr tiltak (kr)</b>
Fagbrev (praksiskandidatordningen)	Regionalt samarbeid med lokal tilpassing. Ulike samarbeidspartar, både vidaregåande skular, høgskular, kommunal kompetanse.	0	0	0	0
Basiskompetanse for assistenter		113	40	73	750000

### **34.3 Andre satsingsområder**

#### **Måloppnåing/resultatkrev**

Vi kryssar av for avvik på dette resultatområdet, men er i grunnen litt i tvil.

Embetet har fordelt midlar til kompetansetiltak knytt til språkstimulering for minoritetsspråklege førskulebarn. Med andre ord er midlane tildelt og kontrollert i høve føringane.

Vi har og tatt del på konferanse arrangert av Nasjonalt senter for flerkulturell opplæring (Nafo). På den måte tar vi del i samlingar samman med kommunane vår, samt at vi får ei betre oversikt over kva fagmiljø som er relevante for utviklingsarbeid på kommunenivå.

Vi kan ikkje sei at vi har vore bevisste på å informere om rettleiaren *Til barnets beste – samarbeid mellom barnehagen og barnevernstjenesten* - dette må vi følgje betre opp i 2014.

## Kompetanse/resssursar

Avdelinga har rett kompetanse til å løyse oppdraget, men kapasitet set grenser.

## Eigenvurdering

Dette er eit område vi ikkje har sett oss råd å prioritere høgt. Vi ligg nok på ei minimumsgrense, og heltst litt under. Vi har nemnt tidlegare i rapporten at vi har prioritert handsaminga av klagesaker om likeverdig behandling høgt. Fra store restansar og lang sakshandsamingtid ived starten av året, seier vi oss ajour ved utgangen. Resultatområde 34.3 har vi altså prioritert ned.

## Ressursrapportering

På fagkap. er det å melde at det er utbetalt ca. kr. 12 615 000 til eksterne (sensorar) på resultatområde 315 Eksamens og nasjonale prøver. På resultatområde 322 skuldast auken ein mellombels "gnist-stilling".

Resultatområde	Kapittel 1510	Fagdep.
31.1 Tilsyn	kr 1 783 790,57	kr 0,00
31.4 Informasjon og veiledning	kr 549 642,07	kr 39 935,00
31.5 Eksamens, nasjonale prøver og kartl. prøver	kr 467 681,15	kr 13 065 551,51
31.9 Annet tilsyn og forv. på utd.omr. (rest 31)	kr 1 095 233,95	kr 0,00
32.2 Kompetanseutvikling	kr 331 378,37	kr 549 130,02
32.3 Skoleporten	kr 2 918,36	kr 0,00
32.9 Andre oppg. for økt kval. i gr.oppl.(rest 32)	kr 428 947,16	kr 0,00
33.1 Tilskuddsforvaltning	kr 186 720,81	kr 0,00
33.2 Klagesaksbehandling	kr 616 920,57	kr 0,00
33.3 Informasjon og veil. bh	kr 0,00	kr 0,00
33.4 Tilsyn	kr 1 011 552,22	kr 0,00
33.5 Kontroll av årsmelding og årsregnskap	kr 0,00	kr 0,00
33.9 Andre tilsyn og forv. på b.hageomr. (rest 33)	kr 513 718,67	kr 0,00
34 Oppgaver for økt kvalitet i barnehagen	kr 60 196,10	kr 10 896,55
36 Landsdekkende oppgaver KD	kr 2 058 684,18	kr 5 911,28
Andre oppgaver under KD	kr 29 548,90	kr 0,00
Sum:	kr 9 136 933,00	kr 13 671 424,00

## Statens Helsetilsyn

### Resultatområde 41 Tilsyn og klagesaksbehandling etter barnevernloven

#### 41.1 Hendelsesbasert tilsyn

Helsetilsynet har fått eigen rapport i samsvar med embetsoppdraget for 2013.

#### 41.2 Planlagt tilsyn

Fylkesmannen har gjennomført tilsyn med fem kommunar.

Tema ved tre tilsyn var kommunens arbeid med oppfølging av barn i fosterheim. Ved eitt av tre tilsyn fann vi at tilsette ikkje hadde fått nødvendig opplæring og at vurderingar i sakene ikkje var dokumentert.

Ved to tilsyn undersøkte vi om kommunen gjennom styring og forbetring sikrar at barn og unge i alderen 0-20 år som har langvarige og samansette behov, får forsvarlege tenester. Tilsyna omfattet fleire tenesteområde. Det vart

ikkje avdekt brot på plikter etter barnevern- og helse- og omsorgslovgjevinga ved desse tilsyna.

### 41.3 Klagesaker

Helsetilsynet har fått eigen rapport i samsvar med embetsoppdraget for 2013.

### 41.9 Andre oppdrag

Fylkesmannen har gjennomført ei kartlegging av korleis leiinga i kommunane brukar den omfattande rapporteringa frå kommunen til Barne- og likestillingsdepartementet og som er tilgjengeleg i rapporteringsbanken. Kartlegginga viser at kommuneleiinga i svært liten grad nyttar informasjon frå denne rapporteringa inn i si styring av barnevernstenesta.

## Resultatområde 73.1 Klager på økonomisk stønad og kvalifiseringsprogrammet etter lov om sosiale tjenester i NAV

Registrering og rapportering er gjort i samsvar med oppdrag. For utfyllende informasjon viser vi til rapportering på resultatområde 74.1 og rapportering til Arbeidsdepartementet resultatområda 73.1 og 73.3.

## Resultatområde 74 Tilsyn etter lov om sosiale tjenester i NAV

### 74.1 Hendelsesbasert tilsyn

Rapportering er utført i Helsetilsynets database, NESTOR.

I 2013 behandla vi åtte tilsynssaker etter sosialtenestelova. I tillegg blei seks saker sende til lokal avklaring utan vidare oppfølging frå vår side. Median saksbehandlingstid var 2,2 månader.

### 74.2 Planlagt tilsyn

Fylkesmannen gjennomførte tilsyn med sju Nav-kontor, to av dei i bydelar i Bergen. Ved tre tilsyn var tema om kommunen oppfyller plikta til å tildele mellombels bustad til personar som manglar bustad. Ved fire tilsyn undersøkte vi om kommunen oppfyller plikta til forsvarleg tildeling og gjennomføring av kvalifiseringsprogram.

Tilsyna med tildelinga av mellombels bustad i Bergen kommune avdekte manglande styring og oppfølging frå leiinga og manglande kapasitet og kvalitet i tilboden. Ved tre av fire tilsyn med kvalifiseringsprogram avdekte vi manglande styring og oppfølging frå leiinga. Deltakarar i kvalifiseringsprogram har som følgje av dette, ikkje fått tilstrekkeleg oppfølging. Dei aktuelle kommunane sytte ikkje for at aktuelle deltakarar fekk tilbod om kvalifiseringsprogram.

### 74.9 Andre oppdrag

Fylkesmannen kartla kva praksis Nav-kontor har når dei behandler søknadar frå bustadlause om mellombels bustad. Ved kartlegginga kom det fram at mange av søkerane ikkje kan klare seg utan oppfølging i bustaden. Kommunane har ikkje god nok tilgang på mellombelse bustader som dekkjer behova til dei som treng hjelp. Etter vårt syn er det største problemet at kommunane ikkje har nok tilrettelagde varige bustader. Vi meiner at styrkt innsats frå kommunane og staten er nødvending for å skaffa fleire tilrettelagde bustader til vanskelegstilte.

## Resultatområde 82 Tilsyn og klagesaksbehandling som gjelder helse- og

## omsorgstjenester

### 82.1 Hendelsesbasert tilsyn

Rapportering er utført i Helsetilsynets database, NESTOR.

I 2013 avslutta vi 228 saker. I tillegg blei 60 saker sende til lokal avklaring utan vidare tilsynsmessig oppfølging frå vår side.

Median saksbehandlingstid var 4,5 månader.

Vi fekk spørsmål frå politiet om iverksetting av etterforsking i to saker. Den eine saka var til behandling i Helsetilsynet. Spørsmålet frå politiet blei difor vidaresendt dit.

Vi ba politiet om å etterforske ei sak.

### 82.2 Planlagt tilsyn

Fylkesmannen utførte landsomfattende tilsyn 2013 i samsvar med embetsoppdrag. Tilsynet med dei barne- og ungdomopsykiatriske poliklinikkane blir vidareført i 2014. Det blir også tilsynet med helsestasjonstene til barn 0-6 år.

Ved fire tilsyn med kommunens bruk av tvang og makt i tenester til psykisk utviklingshemma fann vi at det blei brukt tvang som ikkje var i samsvar med regelverket. Vi fann også at etablerte rutinar blei ikkje følgde og at leiinga ikkje følgde ikkje med på om rutinane var tenlege, men også at leiinga kjende til manglane utan å rette dei.

Ved to tilsyn undersøkte vi om kommunen gjennom styring og forbetring sikrar at barn og unge i alderen 0-20 år som har langvarige og samansette behov, får forsvarlege tenester. Tilsyna omfattede fleire tenesteområde. Det vart ikkje avdekt brot på plikter etter barnevern- og helse- og omsorgslovgjevinga ved desse tilsyna.

Vi gjennomførte også to tilsyn med bruk av tvang overfor pasientar utan samtykkekompetanse og to tilsyn med rehabiliteringstenester i sjukeheimar. Det blei ikkje avdekt brot på krav i helselovgjevinga.

I spesialisthelstetenesta gjennomførte vi to tilsyn med behandling av pasientar med hjerneslag. Det blei ikkje avdekt brot på krav i helselovgjevinga.

Rapport frå kvart tilsyn og rapportering på tilsynsplansen 2013 er sendt til Helsetilsynet.

### 82.3 Klager på helse- og omsorgstjenester etter pasient- og brukerrettighetsloven m.fl.

Rapportering er utført i Helsetilsynets database, NESTOR.

### 82.9 Andre oppdrag

Vi fekk 31 meldingar om pasientar som blei innlagt på tvang etter lov om kommunale helse- og omsorgstenester §§ 10-2 og 10-3, 15 menn og 16 kvinner, av dei 2 gravide, jf. § 10-3.

30 pasientar blei innlagt på midlertidig vedtak.

I 2013 kartla vi kva praksis kommunane har når dei får meldingar frå pårørande om omfattande rusmisbruk. Svara viser klart at Nav-kontora har ei sentral rolle i den kommunale rusomsorga. Kartlegginga viser og at talet på meldingar frå pårørande til helse- og sosialtenesta, er lågt. Det er få meldingar om omfattande rusmiddelbruk i Bergen kommune samanlikna med andre kommunar. Vi legg til grunn at det ikkje er mindre rusproblem som er årsaka til at Bergen får så få meldingar pårørande. Det er truleg høgare terskel før slik kontakt frå pårørande vert ei sak i Bergen.

## Resultatområde 83 Folkehelse

### 83.2 Planlagt tilsyn

## Resultatområde 42 Familierett

### 42.1 Ekteskapsloven

I 2013 gav Fylkesmannen 944 skilsmissebevillingar og 1030 separasjonsbevillingar. Saker om separasjon og skilsmisse der ein eller begge partar ikkje er norske borgarar aukar, og eir meir arbeidskrevjande enn andre saker.

Det er svært mykje korrespondanse på saksfeltet. I 2013 kom det inn 3613 brev og det vart sendt ut 4527brev.

### 42.2 Anerkjennelsesloven

Fylkesmannen har handsama 111 saker om godkjenning av utanlandsk separasjon/skilsmisse og søknad om fritak for plikta til å dokumentere skifte ved skilsmisse eller død.

### 42.3 Barneloven

I 2013 svara vi på 4 skriftelege førespurnader et barnelova. Det vart handsama 2 saker etter barnelova § 55, igne etter §§ 44 eller § 47.

### 42.4 Veiledning og informasjon

Talet på telefonhennendelser er stabile og ligger på ca 50 i månaden.

## Resultatområde 44 Føre tilsyn med familievernkontor

Fylkesmannen i Hordaland gjennomfører tilsyn som tilfredstiller volumkravet frå BLD. Minstekravet er eit tilsyn ved kvart av dei seks familievernkontora i fylket kvart tredje år.

I 2013 gjennomførte vi tilsyn med eitt av familievernkontora. Det blei ikkje avdekt brot på krav i lovgjevinga. Rettleiaren for tilsyn med familievernkontor av 16. juni 2005 var lagt til grunn. Tema for tilsynet var klienten sin rett til innsyn i klientjournal, jamfør lov om familievern § 12, og klienten si plikt til å møte til mekling, jamfør meklingsforskrifta § 7.

Tilsyn med dei andre familievernkontora blei utført i 2012.

## Resultatområde 45 Barn og unge

### 45.1 Informasjonsvirksomhet og samordning

I 2013 var samordning og samarbeid med andre fagområde og tenester høgt prioritert. Det er nødvendig å vidareutvikle dette samarbeidet, mellom anna for å styrke samarbeidet mellom barnevern, andre hjelpetenester i kommunane og spesialisthelsetenesta. Det er behov for å betre kunnskapen om kva tilbod dei ulike tenestene kan gje og korleis dei saman kan koordinere hjelp til barn og familiær. Tverrfagleg samarbeid var også tema ved individtilsyn. I fleire enkeltsaker har vi påpeika behovet for å betre samarbeidet med aktuelle hjelpetenester.

Vi har brukt nettsida systematisk til å formidle våre vurderinger og konklusjonar frå alvorlege enkeltsaker og planlagde tilsyn, endringar i regelverk og informasjon om meldeplikt. Lokale media har følgd opp våre oppslag og vi har nådd ut til fleire med vår informasjon.

I rådgjeving og møte har vi informert om oppgåvene til barnevernet, behov for meir robuste fagmiljø og styrkt interkommunalt samarbeid.

Saman med Korus Vest, Stavanger, arrangerte vi kurs i tverrfagleg samarbeid og teieplikt for alle instansar i kommunane i Fonna-området. Denne aktiviteten er planlagt vidareført i 2014. Vi har delteke i halvårlege nettverksamlingar om vald i nære relasjonar med psykisk helsevern, legevakt, barnehus, barnevern, politiet og IMDI. Vi har samarbeidd med bufetat, fylkeskommunen og utdanningsavdelinga hos Fylkesmannen for å auke merksemda på opplæringssituasjonen for barn og unge i barneverninstitusjon. Fylkesmannen har no teke initiativ til ei brei og fleirårig satsing på barn og unge med samansette vanskar.

Ved fordeling av midlar til eittårige kompetanse- og samhandlingstiltak blei samhandling mellom kommunale etatar vektlagt frå vår side. I samarbeid med Bergen kommune gjennomførte vi basisopplæring for nytilsette i barneverntenestene. Tema var mellom anna vald i nære relasjonar, oppfølging av barn i fosterheim og skriving av saker for fylkesnemnda. Dette tiltaket blir vidareført i 2014.

## 45.2 Fritak for taushetsplikt

I 2013 behandla vi 83 saker om fritak for teieplikt for tilsette i barneverntenestene. Den gjennomsnittlege saksbehandligstida var 6 dagar.

## 45.4 Biologisk opphav

Fylkesmannen har handsama 39 saker om biologisk opphav i 2013.

## 45.7 Tilskudd til kommunalt barnevern

I 2013 overførte Fylkesmannen kr 12 401 114,- til kommunane til finansiering av 25,9 stillingar som blei oppretta i 2013 og kr 28 249 263,- til finansiering av 44,25 stillingar vidareført frå 2011 og 2012.

Vi fordelte også kr 3 366 293 til eittårige kompetanse- og samhandlingstiltak i kommunane. Informasjon frå kommunane tilseier at tilskota er brukte i samsvar med føremålet.

## Resultatområde 46 Universell utforming

Når det gjeld fylkesmannen sitt arbeid knytt til planlegging i kommunane, passar vi på at universell utforming er tema frå kommunen si side.

## Resultatområde 47 Integrering av innvandrere

## 47.1 Statsborgerseremonier

Oppmøte er ikkje stigande på sikt og 2013 synte lågare tal enn tidligare. Det er nok litt tilfeldig.

Kor mange som kjem kvar gong er gjerne påverka av hvilke (tidligare) nasjonalitetar som dominerer invitasjonslista. Dette kan til dømes skuldast at seremonien er meir kjent i nokre miljø regionalt, enn hos andre.

### Statsborgerseremonier

Embeter	Antall seremonier	Prosent nye statsborgere som har deltatt
FMHO	2	22,2
<b>Sum</b>	<b>2</b>	

## 47.2 Bosetting av flyktninger

Dette er eit vanskeleg område der Fylkesmannen har eit oppdrag, men korkje konkret arbeidsansvar eller makt å setje bak kravet.

Situasjonen i fylket var fram til 2012 akseptabel, men situasjonen har forverra seg til å bli eit stort problem det siste året, og det ser ut som om det vil halde fram.

Pr. 31.12.13 var status flyktningar som venta på bustadskommune:

Busettingsklare nasjonalt: 5443

I region vest: 1004

I mottak i Hordaland: 305

Fylkesmann Lars Sponheim sit i Nasjonalt råd for integrering og busetting av flyktningar. Embetet vil halde kontakt med kommunar og IMDI.

Ellers vert det vist til kapittel 2.1 i denne rapporten, under "Horisontal samordning av regional statsforvaltning

## 47.3 Introduksjonsordning for nyankomne innvandrere (introduksjonsloven)

I 2013 har embetet hatt 6 klager etter introduksjonslova til handsaming. Ingen av klagene fekk medhald.

Omfanget av klagesaker er tilnærma likt som året før. Med unnatak av ei sak vart alle behandla innanfor ein frist på 3 mnd. I det siste tilfellet venta embetet lenge på tilleggsopplysningar frå kommunen.

Når det gjeld rettleiing til kommunane blir den i det hovudsaklege gitt til kommunane over telefon og e-post. Høsten 2013 hadde vi ei regelverksamling for kommunane hvor mellom anna tema for tilsyna blei tatt opp.

Embetet har også etablert ei kontaktgruppe for opplæring av vaksne. I tillegg til tilsette ved Fylkesmannen sitt kontor består gruppa av leiarar frå kommunane som både har ansvar for opplæring etter opplæringslova og etter introduksjonslova. Gruppa produserer mellom anna problemstillingar av rettsleg/juridisk karakter som embetet i sin tur legg til grunn for faglege samlingar for kommunane. I 2013 påtok embetet seg oppdraget å halde foredrag for kommunane i Sør-vest regionen om saksgang når opplæring kan/skal bli gjennomført etter dei to aktuelle lovverka. Sjølv samlinga vart gjennomført i februar 2014. Inrettinga på foredraget var eit direkte resultat av innspel frå Kontaktgruppa for vaksne.

## 47.4 Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere og norskopplæring for asylsøkere

Kulepunkt 1 er besvart under resultatområde 47.3

Kulepunkt 2 blir besvart under resultatområde 47.5

### Organisere etterutdanning for lærere som underviser voksne innvandrere i norsk og samfunnskunnskap.

Embetet har fulgt opp og tatt ansvar/medansvar for dei etterutdanningstilboda som har vore initiert frå

VOX/IMDI/Utdanningsdirektoratet i 2013. Ei fagsamling vart arrangert 1. februar. Den andre fagsamlinga vart arrangert 7. og 8. november.

## 47.5 Tilsyn med kommunenes gjennomføring av introduksjonsloven

Det er ført 2 tilsyn. Dette er i tråd med omfangskravet.

Dei to kommunane var Odda og Kvinnherad. Tema for tilsyna var " Kravet om full tids og heilårleg introduksjonsprogram". Det vart avdekke lovbroten i begge tilsyna.

Ettersom det var eit nytt tilsynsfelt var dette første året noko prega av at instruksen for tilsynet ikkje var klar før seinst på året, og heller ikkje var heilt ein tydig som grunnlag for resultatet av tilsynet. Vi meiner likevel at vanskane ikkje var større enn enn forventa. Heller ikkje større enn at erfarte tilsynsleiarar i Hordaland kunne gjennomføre arbeidet med god kvalitet.

## Resultatområde 48 Fremme likestilling og motivirke diskriminering

Likestilling vert ivareteke ved Fylkesmannens drift og i tilsettingsprosessar.

Likestilling er vidare eit tema i dialogen med kommunane i samband med planlegging (arealplanlegging og samfunnsplanlegging).

Etter påpeking frå departementet i høve årsmeldinga 2012 om at vi ikkje hadde rapportert så mykje på dette feltet, inviterte vi KUN til å halde kurs for leiinga hos Fylkesmannen. Dette vart gjennomført i februar 2013.

I oppsummeringa frå møtet vart følgjande sitat framheva frå kurshaldar: "Likestilling og mangfold er ikke bare et mål, men også viktige perspektiv i utviklingsarbeid"( Lars Sponheim, Fylkesmann i Hordaland).

Vi freista å følgje opp temaet med å invitere departementet til å halde innlegg om temaet likestilling på vårt årlege møte med ordførarar og rådmenn. Vi ønskte med dette å inspirere kommunane i deira arbeid med dette, men vi lyktes ikkje med i å få nokon som kunne greie ut om temaet. Vi vonar at departementet hjelpe oss med dette temaet ein annan gong.

## Ressursrapportering

Under fagkap. er det ein auke på resultatområde 450 Barnevern som skuldast ny tildeling i 2013.

Resultatområde	Kapittel 1510	Fagdep.
41 Tilsyn med barnevernområdet	kr 1 533 387,10	kr 0,00
42 Familierett	kr 1 196 664,41	kr 0,00
43.1 Tilsyn med kommunale krisesentertiltak	kr 0,00	kr 0,00
43.9 Andre krisetiltak (rest 43)	kr 0,00	kr 0,00
44 Familievern	kr 0,00	kr 0,00
45 Barnevern	kr 675 886,21	kr 1 828 115,13
47 Integrering	kr 59 269,00	kr 0,00
47.5 Tilsyn med introduksjonsloven	kr 56 206,22	kr 0,00
Andre oppgaver under BLD	kr 9 667,92	kr 0,00
Sum:	kr 3 531 080,00	kr 1 828 115,00

## Justis- og beredskapsdepartementet

## Resultatområde 51 Siviladministrasjon

## 51.2 Vergemålsloven

### **Førebuing av ny verjemålslov gjennom lokalt verjemålsprosjekt**

For å førebu ny verjemålslov hos Fylkesmannen i Hordaland vart ein rekkje delprosjekt gjennomført fyrste halvår 2013.

#### **1. Personal - verksemどoverdraging**

Åtte medarbeidarar vart overført i verksemどoverdraging frå Bergen kommune. Desse skulle på plass og integrerast i Administrasjons- og verjemålsavdelinga innan 1. juli 2013. I tillegg vart det rekruttert fleire nye medarbeidarar. Introduksjonsprogram vart gjennomført for den enkelte. Individuell oppfølging med medarbeidarsamtalar med forventningsavklåring og definering av pårekna arbeidsoppgåver vart gjennomført våren 2013. Vi skulle forberede og gjennomføre nødvendig og god opplæring av sakshandsamarar og andre medarbeidarar innan 1. juli 2013. Embetet brukte mykje ressursar på å førebu verksemda på å ta imot verjemålsoppgåvene og byggje opp intern organisering. Fleire opplæringstiltak og personalseminar vart arrangert våren 2013.

#### **2. Kommunedialog**

Verjemålsprosjektet skulle bygge opp lokal verjemålsmyndigkeit i Hordaland ved overføring av 4730 saker frå 33 overformynderi i fylket. Vi hadde individuelle møte med kvar kommune og fleire fellessamlingar for alle rådmenn og overformyndrarar. Embetet hadde tett dialog med kommunane for å sjekke ut at dei skanna og la inn saker i Datafangstportalen. Arbeidet starta 1. november 2012 og vart avslutta innan fristen 1. mars 2013.

Fylkesmannen hadde ikkje høve til å gå inn å kontrollere og kvalitetssikre informasjonen og dokumenta kommunane la inn i portalen, ettersom vi ikkje hadde tilgang til dette. Vi hadde heller ikkje høve til å kontrollere at kommunane faktisk la inn alle saker. I ettertid har det vist seg at kvaliteten på dette arbeidet har vore svært mangefull og av varierande kvalitet. Kommunane vart følgt opp for overføring av saker innan fristane som vart lagde. Kommunane vart også følgt opp i samband med overføring av midlar til forvaltning. Gjennom dialog med eksterne ressursgruppe, bestående av fire store overformynderi og oppfølging med informasjonsskriv samt samling for alle kommunale overformynderi, blei kommunane følgd opp på best mogleg måte.

#### **3. Informasjon og rettleiing om prosjektet og reforma**

Prosesen med informasjonsformidling internt og eksternt skulle vere gjennomført innan 1. juli 2013. Informasjonsskriv om reforma vart laga og distribuert til alle postmottak i kommunane, alle helse- og sosialetatar, sjukeheimar, servicetorget i kommunane, alders- og sjukeheimar, psykiatriteneste, sosialetatar, bankar, forsikringsselskap, skatteetatar og tingrett. Informasjon i form av presentasjoner og foredrag vart også gjennomført både internt og eksternt i fylket. Dette var etter førespurnad frå ulike einingar i kommunane. Vi hadde informasjonsmøte for verjene i Fusa og Meland, orientering for Polioforbundet og kommuneoverlegane i fylket.

#### **4. Opplæring av verjer**

Embetet organiserte våren 2013 opplæring for verjer i fylket. Om lag 1500 verjer deltok på opplæring i perioden 11. mars – 27. mai 2013. 31 kurs/samlingar vart haldne på 12 ulike stadar i Hordaland i tillegg til møtelokalar i Statens Hus. Brev vart sendt ut til alle 3.578 verjer i Hordaland. Påmelding gjekk gjennom nettsida vår. Kursa varte i 2 timer. Verjene fekk informasjon om verjemålsreforma, ny organisering av verjemålsmyndigheita, økonomi og rekneskap, godtgjering, verja si rolle og oppdrag, og ein gjennomgang av verjemålsportalen med Altinn og e-læringsverktøyet.

#### **5. Opplæring av advokatar og andre verjer med mange faste oppdrag**

Alle advokatar og faste verjer med fleire enn 5 oppdrag for overformynderia, fekk invitasjon til opplæring i verjemålsreforma. 35 personar deltok og dei fekk informasjon om nytt regelverk og framtidfullmakter. Også nye reglar for godtgjering vart gjennomgått på kurset. I etterkant av kurset vart alle advokatar og faste verjer med meir enn 5 oppdrag, invitert til individuelle samtalar for gjennomgang av porteføljen av verjeoppdrag. I desse samtala gjekk vi gjennom den enkelte sin verjeportefølje og inngjekk avtale om kva for oppdrag som ville vere rekna som oppdrag med advokatbistand og faste verjeoppdrag etter 1. juli. I etterkant av møtet vart det sendt ut ein bekrefta avtale for desse sakene.

Totalt 31 advokatar er no faste verjer/advokatar i vårt system og har mellom 5 og 107 oppdrag kvar.

## 6. Rekruttering og opplæring av nye faste verjer til fast verjekorps

Stillingsannonse for faste verjer vart annonsert 9. mars 2013. Artikkel stod i Bergens Tidende, på alle kommunale nettstader i tillegg til at annonse stod på Fylkesmannen si eigen nettside. Søknadsfrist var 1. mai og i etterkant av fristen hadde vi eit telefonintervju med alle søkerane. Vi inviterte aktuelle kandidatar til gruppemøter i Statens Hus. På gruppemøta deltok 5-8 søkerar kor dei fekk informasjon og rettleiing om ny reform, lovgjeving og praktisk informasjon om det å vere verje. Møta vart haldne 22. – 29. mai og deretter vart det inngått avtale med aktuelle faste verjer. Vi fekk totalt 49 faste verjer. Desse har no pågående mellom 0-13 saker kvar.

## 7. Deltaking i sentralt verjemålsprosjekt

Vi deltok i sentralt prosjekt med eigne folk for testing og vidareutvikling av dataverktøy. Alle aktuelle tilsette hjå Fylkesmannen fekk tilfredsstillande opplæring innan 1. juli

## 8. Bank – overføring av midlar som fylkesmannen skal forvalte

Prosessene for overføring av midlar som fylkesmannen skal forvalte inkl. bankavtalar, oppretting av individuelle konti etc. er gjennomført. Målet var at alle verjer fikk oppretta kapitalkonto der det var midlar og krav om det innan 1. juli, og at Bergen kommune sine midlar i fellesmassen vart fordelt på individuelle konti innan 1. juli.

### Drift av verjemålsforvaltninga etter ny verjemålslov

Problema med dataløysinga Arve har medførte store utfordringar for ny verjemålsforvaltning. Dataløysinga har vore ein føresetnad for den nye ordninga og for at embeta skal kunne handtere så store og komplekse saksporføljer. Situasjonen har vore svært krevjande og det har vore nødvendig å setja i verk kriseløysingar og manuelle rutinar utanfor dataløysinga. Dette har gitt oss utfordringar i forhold til å halde oversikt over alle saker og dokumenter. Også i samband med arbeidet med å kvalitetssikre og sluttføre overføringa av saker og informasjon frå kommunane, har vi hatt problem med å få oversikt over desse sakene.

Situasjonen har gjort det naudsynt med streng prioritering av oppgåvene. Vi har prioritert oppnemningar av verjemål, kapitalforvaltning, bruk av kapital og godtgjersler. Vi ha ikkje hatt ressursar til å følge opp faste verjer som planlagt. Vi har heller ikkje hatt ressursar til å prioritere opplæring og informasjon om den nye verjemålsforvaltninga.

Embetet har lagt ned ein stor arbeidsinnsats for å kompensere for eit mangelfullt dataverktøy. Dette har vore ein svært krevjande prosess og vi vil ikkje kunne oppfylle målsetninga om å verte ein effektiv og profesjonell førsteinstans før vi har eit dataverktøy som fungerarar. Vi er uroa over konsekvensane dette medfører for våre brukarar.

Etter 1. juli har vi arbeidd systematisk med å sjekke ut frå lister i Datafangstportalen at saker faktisk er overført inn i sakshandsamarsystemet Arve. Dette har vore eit stort og ressurskrevjande arbeid, som enno ikkje er sluttført. Det har i fleire tilfelle vore nødvendig å kontakte kommunane og kommunale arkiv, for etterlysning av saker og dokumenter. Vi har frem til nå avdekka ei rekke feil med saker som har «feila» i Datafangstportalen eller at saker ikkje er registrert inn i Arve. Mange saker er derfor i ettertid blitt oppretta i Arve som følgje av feil i overføringa.

Etter 1. juli 2013 har vi og brukt mykje ressursar på å få oversikt over finansielle midlar. Dette er eit pågående arbeid og alle konti blir gjennomgått og sjekka opp mot den summen som blei overført frå kommunane. Vi har hatt store utfordringar med at fleire kommunar ikkje har overført alle midlar, har overført til feil konto, har antatt at overføringa gjekk automatisk osv. I tillegg har vi hatt problem overfor bankar som har registrert feile kontonummer, stoppa transaksjonar, ikkje har kommunisert godt nok overfor sine lokale bankar om rutinane, samt andre problem. I tillegg har det vore mangelfulle rutinar og koplinger mellom bankane – renskapssystemet Agresso – Arve, som har gjort til at vi ikkje har fått den informasjonen vi skulle hatt, for å få nødvendig oversikt.

Det er også svært ulik informasjon vi har fått frå kommunane om midlar som er overført. Vi ser derfor at vi kan ha nytte av å gjennomgå halvårsregnskapa frå overformynderia, som er mottatt av Fylkesmannen for desisjon. For dei kommunane som har levert dette rekneskapet, har vi derfor sett i gang eit arbeid med systematisk gjennomgang for utsjekking av konti som blei overført pr 30.06.2013. Det er fleire utfordringar som forsinkar dette arbeidet. Mellom anna det at fleire kommunar ennå ikkje har sendt over halvårsregnskapet 2013. Vi har også møtt på store utfordringa med å få ut manglande dokumentasjon i saker som vi har fått overført til nytt sakshandsamarsystem, eller som skulle vore overført til oss. Dette har gjort sitt til at sakshandsamingstida har vore for høg.

**STATUS VERJEMÅL FYLKESMANNEN I HORDALAND PR. 31.12.2013:**

Utgående dokument: 5774, Inngående dokument: 8828

**Utgåande brev/vedtak:**

Vedtak om verjemål 284

Vedtak vergegodtgjering 541

Vedtak bruk av kapital 516

Vedtak sal av eidegdom 61

Vedtak kjøp av eidegdom 12

Vedtak lån og stifting av gjeld 14

Vedtak ANNET 50

Vedtak forskot på arv 21

**Inngåande brev/søknader:**

Søknad vergegodtgjering 651

Begjæring om verjemål 248

Melding om behov for verje – endring av verjemålet 125

Søknad bruk av kapital 464

Søknad om sal av eidegdom 71

Søknad om kjøp eidegdom 21

Søknad om arveforskot 31

Søknad om lån og stifting av gjeld 16

**Oppgaver etter vergemålsloven**

Embeter	Antall saker	Antall tilsyn
FMHO	4	0
<b>Sum</b>	<b>4</b>	<b>0</b>

**51.3 Forliksrådene**

I 2013 har vi handsama 8 skriftlege saker om forliksråda, og svara på nokre spørsmål pr telefon.

Tre av sakene gjaldt val av forliksrådmølemer for perioden 2013 - 2016, basert på kommunestyreval frå slutten av 2012.

Ein av sakene var klage på eit forliksråds handsaming. Saka vart undersøkt og avslutta grunna at forholdet ikkje fell inn under Fylkesmannen sitt tilsyn. I denne saka og i dei fleste telefonforespurnadene har vår oppgåve vore å redegjøre på generelt grunnlag for regelverket i tvistelova og Fylkesmannen si fullmakt til tilsyn.

Resten av sakene dreidde seg om møteplikt/gyldig forfall, oppnemning av avløysar og suppleringsval.

**51.5 Tomtefesteloven**

Fylkesmannen i Hordaland har i 2013 handsama eit krav om oppreising for oversitte frist etter tomtefestelova § 36 andre ledd. Kravet vart avslått.

## Resultatområde 52 Borgerrettigheter

### 52.1 Fri rettshjelp

#### Fritt rettsråd

Fylkesmannen i Hordaland har i 2013 handsama 553 søknader om fritt rettsråd. Vi har dessutan utbetalt salær i 958 saker der advokatane sjølv har innvilga fritt rettsråd. Vi har sett eni auke på 10,8% i tal saker handsama ved embetet i år samanlikna med 2012.

71,6 % av dei innkomne sakene har blitt sendt inn elektronisk. Dette er ei nedgang frå 72,5% samanlikna med 2012.

Vi jobbar kontinuerleg med å få fleire advokatar i fylket til å gå over til den elektroniske skjemaløy singa. Dette gjer vi ved stadige påminningar i brev og vedtak som går ut i einskildsaker og per telefon til dei aktuelle advokatane. Vi har gjennom året prioritert søknader og vedtak som kjem inn elektronisk framfor dei som kjem inn i papirform.

#### Fri sakførsel

Fylkesmannen i Hordaland har handsama 43 søknader om fri sakførsel i 2013. Dette utgjer ei auke på 14 saker, frå totalt 29 handsama søknader i 2012. Auken kan forklara st med at embetet i 2013 mottok ei rekke søknader om fri sakførsel for å få prøvd negative vedtak om asyl frå etiopiske statsborgarar.

### 52.3 Navneloven

Fylkesmannen har i 2013 handsama seks klagesaker etter namnelova. Vi har omgjort to vedtak. Fire vedtak er stadfesta.

## Resultatområde 53 Forebyggende samfunnssikkerhet

### 53.1 Oversikt over regionale samfunnssikkerhetsutfordringer (fylkes-ROS)

Gjeldande FylkesROS Hordaland frå 2009 har 7 hovudtema. Pådrivarrolla og oppfølging av tiltak har i mindre grad vore prioritert i 2013, men hendingar og utvikling dei siste åra har medført at vi har sett på nye hovudtema som er vurdert inn i den pågåande revisjon av FylkesROS 2014.

Ny revidert FylkesROS Hordaland 2014 fekk sin oppstart hausten 2013 og er forventa sluttført 1. halvår 2014. Nye føringar frå DSB til fylkesROS har og innverknad på dette revisjonsarbeidet.

I fylkesROS Hordaland 2004 og 2009 er m.a. hendingar med reaktorfartøy med anløp til Haakonsvern spesielt omhandla. FylkesROS Hordaland 2014 har også fokus på uønskte hendingar med reaktorfartøy.

PS. I embetsoppdraget til fylkesmennene i Oslo og Akershus og Øsfold skal desse ha fokus på nukleære anlegg. I embetsoppdraget for Hordaland er reaktorfartøy ikkje omhandla.

### 53.2 Regional samordning – forebyggende samfunnssikkerhet

I tillegg til fast 2 dagarsmøte for utvida fylkesberedskapsråd, har Fylkesmannen også hatt fellessamling med statsetatane og kommunane (ordførarar og rådmenn) i Hordaland der beredskap og samordning var tema i

førekant av Øving Hordaland 2013.

Frivillige organisasjoner har også i 2013 delteke i m.a. fylkesberedskapsrådet sine møte.

Ved beredskapstilsyn i kommunane har det vore fokusert på at kommunale beredskapsråd må ha ei brei samansetjing herunder at frivillige organisasjoner er representert.

Funn i fylkesROS og oppfølgjing er fast post i fylkesberedskapsrådet sine samlingar.

Skogbrannovervaking i søre delar av Hordaland vert etter avtale ivareteke fra Rogaland.

### **53.3 Samfunnsplanlegging**

Fylkesmannen har ved samlingar og annan kontakt med m.a. regionale beredskapskontaktar og planleggarar i kommunane fokusert på prosessar for oppfølging av samfunnssikkerheit i planlegginga etter plan- og bygningslova på regionalt og kommunalt nivå.

Krav til ROS i samfunnssikkerheitsarbeid, m.a. etter plan- og bygningslova, etter reglane om kommunal beredskapsplikt og etter sektorlover har i særleg grad vore tema i beredskapstilsyna. Utfordringar til klima er og tema som er vektlagt sterkare enn tidlegare. Skoleskyting er og omtalt i beredskapstilsyn med kommunane.

Ved revisjon/oppdatering av kommuneplan/delplanar vert det gjeve innspel til samfunnssikkerheit, jf. forskrift om kommunal beredskapsplikt og plan- og bygningsloven.

Fylkesmannen har hatt tilgang til oppdatert informasjon om flaum og skredutsette område i fylket. I hovudsak vert og innspel knytt til desse områda tilført/utveksla med andre relevante instansar (eksempelvis NVE). Innspel og kontakt med NVE i førekant av t.d. høyring i arealplansaker vert ivareteke rutinemessig når det er hensiktsmessig eller ønskjeleg. Dette for å få tydelegare og samordna tilbakemelding til kommunale planmyndigheter på slike saksområde (samordna motsegn).

### **53.4 Tilsyn**

Det er i 2013, i samsvar med embetsoppdrag, gjennomført tilsyn i 8 kommunar i Hordaland (Austrheim, Askøy, Kvam, Os, Osterøy, Stord, Sund, Vaksdal). Det planlagte tilsynet med Bergen i 2013 er flytta til 2014.

Tilsynopplysningar og resultat frå tilsyna er meldt inn i DSB sin innmeldingsløysing.

## **Resultatområde 54 Beredskapsforberedelser**

### **54.1 Regional samordning - beredskapsforberedelser**

Fylkesmannen får i hovudsak inn dei fleste overordna krise- og beredskapsplanverka frå kommunane når dei vert revidert/oppdatert. Det vert gjeve tilbakemelding og råd til dei fleste kommunane. Beredskapsplanverket vert og særskilt vurdert og gjennomgått i samband med dei kommunale beredskapstilsyna. I samband med tilsyna vert kommunane også minna om å ha ei breid samansetjing/representasjon i det kommunale beredskapsrådet.

Fylkesmannen fører vaktlogg i DSB-CIM. Når det er hendingar av større omfang vert det oppretta eiga hending i CIM. Situasjonsrapportar m.m. vert delt med relevante aktørar som nyttar CIM.

Øving og testing av samordning og rapporteringsrutinar inngår m.a. i Fylkesmannen sine årlege faste varslingsøvingar med alle kommunane og fylkeskommunen.

Når det gjeld andre regionale beredskapsaktørar vert dette i hovedsak ivareteke ved rutinevarsel og hendingar i DSB-CIM/vaktlogg. Det er gjennomført ei 2-dagars samling for det utvida Fylkesberedskapsrådet i Hordaland i 2013. I det utvida fylkesberedskapsrådet er også 2 representar for frivillige organisasjoner representerte.

Etablering av Nødnett pågår i vår region og er venta fullført 2014/2015. I samarbeid med DNK er det i ulike fora

og vore presentert status og problemstillingar for utbygginga i Hordaland.

Fylkesmannen har i mindre grad prioritert verdivurdering og klassifisering av eksisterende aktiva, herunder informasjon og informasjonsbehandlingsutstyr. Sjå ellers pk. 1.3 Informasjonstryggleik

Fylkesmannen har tett samarbeid med kraftforsyningens distriktsjef(KDS). Det har i 2013 vore ei kritisk hending som KDS varsla fylkesmannen om og der det var samordna innsats for å løysa hendinga som hadde kritisk potensiale.

Styrking av atomberedskapskompetanse og CBRN beredskap har i 2013 særleg vore retta inn mot uønskte hendingar med reaktorfarøy. Målgruppa har i fleire samanhengar vore regionale etatar i Atomberedskapsutvalet, Fylkesberedskapsrådet, politisk og administrativ leiding i kommunane i tillegg til fagpersonell som brannsjefar og beredskapskontakter i regionale og kommunale etatar.

I samband med revisjon og oppdatering av mal for kommunal atomberedskap og planverk for regionale etatar i ABU-Hordaland, synes det å vera trøng for å sjå nærmere på samansetjinga av ABU-H og Fylkesberedskapsrådet (samanslåing?).

## 54.2 Organisering for krisehåndtering

I samband med revisjon/oppdatering av Fylkesmannen sin plan for beredskapssituasjonar er det gjennomført ei øving med embetet si kriseleiing. I ein reell situasjon vil vi likevel kunne få problem med å etablere eit effektivt krisehandteringsapparat, særleg viss det er behov for å drive på skift over fleire dagar. Det er behov for ei viss minste grunnstamme av heiltids beredskappersonell for å kunne etablere ein velfungerande beredskapsorganisasjon. Per i dag har vi ikkje denne minimumsbemanningsa. Med fire personar/årsverk tilsett på beredskap, vil vi i realiteten ikkje vere meir enn ein person på jobb om gangen dersom vi skal drive døgnkontinuerleg over tid, noko som er for lite. Sjølv enkle varslingsøvingar med litt oppfølgingsoppgåver til dei 33 kommunane i fylket er utfordrande nok å handtere med dagens bemanning.

Krisestøtteverktøyet DSB-CIM vert nytt til loggføring i samband med hendingar. Og her har vi utfordringar med omsyn til å ha tilstrekkeleg personell med CIM-kompetanse. Dette krev jamleg bruk og øving, noko som er vanskeleg å få til i ein hardt pressa organisasjon.

Fylkesmannen i Hordaland er i prosess med innføring av nytt gradert samband. Sikkerhetsløpet var ferdig avslutta i november. PS: Forsvaret (FSA) gjennomførte verifikasjon 10. januar 2014.

## 54.3 Beredskapsplaner innen samfunnssikkerhet

Fylkesmannen sitt kriseplanverk inkl. SBS-delen har i mindre grad vore revidert/oppdatert i 2013.

Samordning og regional krisehandtering, fokus på planverk har m.a. vore prioriterte tema i samband med samlingar i fylkesberedskapsrådet/atomberedskapsutvalet.

Fylkesmannen sitt kriseplanverk ligg tilgjengeleg på embetet si intranettside. Rolleforståing og innføring i planverk og tiltakskort er i mindre grad gjennomført for andre enn personell som inngår i kjernefunksjonar.

Fylkesmannen sine kontaktpunkt i revisjon og oppdatering av nøkkelpunkt (kritisk infrastruktur) er i hovedsak med politiet og forsvaret. I plansaker der objekt eller område nær objekt er berørt, er fylkesmannen pådrivar for samordra uttale/vurderingar m.a. med berørt objekteigar, politi og forsvar når det er hensiktsmessig.

Når det gjeld kraftforsyningsberedskap, har fylkesmannen eit formalisert samarbeid med KDS. I samband med beredskapstilsyn i kommunane vert det også retta fokus på kraft og tele.

Fylkesmannen gjennomfører anna kvart år ei større fellesøving med alle kommunane. I øvinga i 2013 var scenariet farleg stoff både i høve til verksemder og transport av slike stoff.

Atomberedskapsplanverket er både på kommunenivå og på regionalt nivå i mindre grad oppdatert. Ny Kgl. res. og nedlegging av Strålevernet sitt online regionale planverk er medverkande til at noko av revisjonsarbeidet er sett på vent.

Etterlyste sentrale avklaringar knytt til ambisjonsnivå for det regionale atomberedskapstutvalet er problemstillingar som har vore medverkande til manglande oppdatering og øvingar. Kompetanseoppbygging knytt til anløp av reaktorfartøy har vore nedprioritert i 2013, men er eit satsingsområde i 2014.

## 54.4 Øvelser

Embetet har gjennomført ei større fellesøving med alle kommunane i 2013 (Øving Hordaland). Tema for øving Hordaland 2013 var m.a. farleg stoff. I førkant av slike store øvingar vert det veklagt læring og oppdatering som i sum kanskje har større verdi enn sjølve øvinga.

I tillegg har Fylkesmannen gjennomført varslings- og rapporteringsøvingar med alle kommunane 12. juni og 27. november 2013.

Fylkesmannen har også vore delaktig i øvingar med Mattilsynet.

Ved øvingar vert krisestøtteverktøyet DSB-CIM nytta.

Fylkesmannen initierte og gjennomførte ei øving for Fylkesmannen si kriseleiring 3. september.

Fylkesmannen har m.a. vore delaktig i førebuinga til den store militære øviinga i Bergensområdet i november 2013, med overføring av mannskap og materiell fra Nord-Norge. I tillegg er Fylkesmannen delaktig i øvingssamarbeid med HV-09 (Øvelse Bjørgvin).

Samordninga av øvingsverksemda i Bergensområdet kunne likevel ha vore betre. Per i dag øver etatane for mykje kvar for seg. T.d. i Sunnhordland fungerer dette betre m.a. etter initiativ frå øvingsutvalet under LRS i Hordaland og Sunnhordland politidistrikt. Det hadde vore ønskeleg med eit tilsvarende initiativ frå Hordaland politidistrikt si side.

## Resultatområde 55 Regional og kommunal krisehåndtering

### 55.1 Håndtering av uønskede hendelser og kriser

Regional krisehandtering vert i hovudsak initiert via heile eller deler av fylkesberedskapsrådet når det er hensiktsmessig.

Krisehandtering er og tema ved beredskapstilsyn i kommunane. Varsling og rapporteringsrutinar vart særskilt testa og øvd i samband med ei varslingsøving for alle kommunane. Ut over dette vert det formidla ulike beredskapsvarsle/meldingar til kommunar og regionale beredskapsorgan.

I 2013 har det vore fleire bortfall i telenettet i fleire kommunar. Dette medførte m.a. kontakt med Telenor sin representant i fylkesberedskapsrådet og at m.a. Telenor sine varslingsrutinar for planlagt arbeid og andre uregelmessigheiter i telenettet er betra. Dette gjeld til dømes varsling til aktuelle etatar og kommunar slik at eventuelle relevante mottiltak kan setjast i verk.

Fylkesmannen kjøpte inn 3 berbare satellittelefonar og 1 stasjonær sendar/mottakar i 2012. I 2013 er det fleire kommunar i Hordaland som har kjøpt inn satellittelefonar.

Fylkesmannens beredskapsvaktlogg for 2013 har 121 loggføringer + oppfølgjande meldingar, 52 veke rutine situasjonsrapportar til DSB. Dei 121 loggføringane er i hovedsak knytt til varsle/formidling av varsle frå NVE, Meterologisk, Statens Strålevern, Helsedirektoratet og DSB.

## Ressursrapportering

På resultatområde 512 Vergemålsloven skuldast auken vergemålsreforma som vart sett i verk 1.7.2013.

Resultatområde	Kapittel 1510	Fagdep.
51.2 Vergemålsloven	kr -184 309,11	kr 5 928 086,31
51.9 Annen siviladministrasjon (rest 51)	kr 168 374,05	kr 0,00
52.1 Fri rettshjelp	kr 2 103 766,10	kr 37 131,57
52.9 Annet Borgerettigheter (rest 52)	kr 8 245,28	kr 0,00
53 Forebyggende samfunnssikkerhet	kr 1 749 017,14	kr 0,00
54 Beredskapsforberedelser	kr 914 522,40	kr 0,00
55 Regional og kommunal krisehåndtering	kr 211 452,89	kr 0,00
Andre oppgaver under JD	kr 164 914,36	kr 0,00
Sum:	kr 5 135 983,00	kr 5 965 217,00

## Kommunal- og regionaldepartementet

### **Resultatområde 61 Samordning, omstilling og fornying i kommunene**

#### **61.1 Kommunerettet samordning**

Fylkesmannen i Hordaland har i 2013 vidareført arbeidet med å samordne statlege etatar i fylket/regionen.

Dei einskilde fagavdelingane samordnar i stor grad praktisk innafor sine fagfelt -både internt eller eksternt mot andre statsetatar.

Det er oppretta eit eige statsetatsleiarforum som blir samla med jامne mellomrom. Forumet organiserar også eit årleg seminar over to dagar med kommunaleleiing der aktuelle tema vert tekne opp til diskusjon. Det årlege arrangementet om hausten er eit viktig møtepunkt for ordførarar og rådmenn i fylket.

Embetet deltek også på regionmøte i fylket saman med andre regionale statsetatarar.

Fylkesmannen personleg leiar fylkesberedskapsrådet. Rådet samlar regionale aktørar med relevans til beredskapssituasjonen. I rådet inngår statlege organ, kommunar og andre organisasjonar/bedrifter.

Fylkesmannen sine avdelingar legg vekt på samordning etter fagområde og oppgåve. Kvar 14. dag er det internt møte med avdelingsdirektørane – noko som bidreg til samordning både internt og eksternt.

Det eksisterar eit tverrfagleg forum for plansaker internt på embedet. Det tverrfaglege samarbeidet vert og tatt med inn i planforum, i møte med Fylkeskommunen og kommunane.

Embetet arrangerer årleg 50-60 konferansar/seminar, i hovudsak retta mot kommunane, på ymse fagområde. Andre statsetatar deltar også der dette er føremålsteneleg.

Samordning er eit vanskeleg felt. Kva som er god samordning er vanskeleg å måle. Fylkesmannen har tatt utgangspunkt i KRD sine retningsliner. Vi meiner vi etterlever dei mål og prinsipp som ligg til grunn, og dei særlege område som er lagt til grunn for fylkesmannen sitt samordningsansvar skal såleis vere ivaretake.

#### **61.2 Omstiling og fornying i kommunene**

Fylkesmannen i Hordaland har lagt vekt på synliggjering av den faktiske stoda i kommunane, anten det gjeld saksfelt, kommuneøkonomi eller anna. På den måten ønsker fylkesmannen å kartleggje behovet for fornying. På det økonomiske området er bruken av KOSTRA sentralt.

Fylkesmannen satt i 2013 av tilsaman kr.17,8,- mill. frå ordinær skjønsramme til fornyings- og utviklingstiltak i kommunane. Dei fleste prosjekta var interkommunale prosjekt. Ei sterkare samhandling mellom småkommunar er naudsynt for at oppgåver skal kunne løysast. Mange kommunar er for små til å klare oppgåvane sjølv.

For tilsynsarbeid vert det vist til eige ressursområde.

Prioriteringa av interkommunale tiltak har vore vellukka, og eit utstrakt interkommunalt samarbeid er ein realitet.

### 61.3 Samordning av statlig tilsyn

I embetet er det etablert eit forum, Tilsynsforum, der alle avdelingar som har tilsynsoppgåver er representerte. For å få til eit betre og meir samordna tilsyn hos Fylkesmannen bli det i forumet diskutert ulike temaer innan tilsynsfeltet, slik at vi kan ha ein meir eins tilsynspraksis i møte med m.a. kommunane.

For å bli kjent med og ha høve til å diskutere tilsynsspørsmål med samordningsføremål har vi jamlege besøk av representantar frå andre statlege tilsynsorgan. Her vert diskuter tilsynsfaglege spørsmål, og etablert samarbeid der det er høveleg.

## Resultatområde 62 Kommuneøkonomi

### 62.1 Kontroll og godkjenning etter økonomibestemmelsene i kommuneloven

Fylkesmannen går kvart år gjennom samtlege 33 kommunebudsjett. Budsjetta og økonomiplanane til ROBEK-kommunane blir prioriterte. Samtlege kommunar får ei skriftleg og grundig tilbakemelding på budsjett og økonomiplan. Det har ikkje vore endringar i registreringa i ROBEK (korkje utmelding eller innmelding) i 2013, slik at det ved årsskiftet framleis er fire Hordalandskommunar som er i registeret.

På denne måten kan fylkesmannen skaffe seg eit godt oversyn over stoda i kommunane (framoverretta i motsetnad til rekneskapstal). Vi veit at kommunane set pris på denne tilbakemeldinga.

Fylkesmannen har i 2013 godkjent 4 låneopptak (utanom låneopptak godkjent i samband med lovlegkontroll av budsjett) og "avtalar om langsiktig leige".

Fylkesmannen har i 2013 godkjent 20 vedtak om nye garantiar, eller endring av eksisterande garantiar.

Fylkesmannen har i 2013 handsama og gitt tilråding i samband med krav om lovlegkontroll knytt til Bergen kommune si handtering av finansielle leigeavtaler for OPS-prosjekt i rekneskap og budsjett/økonomiplan. Det var ikkje formelt grunnlag for kravet, men fylkesmannen ga ei vurdering då spørsmåla som blei tekne opp var prinsipielt viktige.

### 62.2 Økonomiforvaltning - veiledning

Vi har sendt brev til kommunane via e-post med samandrag av det økonomiske opplegget for kommunane i statsbudsjettet (oktober) og kommuneopposisjonen (mai), når framlegget er blitt offentleg. Samstundes blir informasjon lagt ut på Fylkesmannen sine heimesider.

Fylkesmannen sine økonomirådgjevarar er i tett dialog med kommunane under heile prosessen.

Vi har også i 2013 gått gjennom alle kommunale årsbudsjett og sendt brev med individuell tilbakemelding til alle kommunane, også dei som ikkje er i ROBEK. Denne ressurskrevjande praksisen gir, saman med gjennomgang av rekneskapane, fylkesmannen godt oversyn over den økonomiske tilstanden i fylket.

Vi møter ofte den einskilde kommunen for ein gjennomgang av status og utfordringar. Dette er i stor grad knytt til gjennomgangen av årsbudsjett og økonomiplan, og i samband med fordeling av skjønsmidlar. Det er spørsmål frå kommunane meir eller mindre heile året, mellom anna om det økonomiske opplegget, inntektssystemet, økonomidelen av kommunelova og økonomi- reglar/ forskrifter.

Vi har særleg lagt vekt på å halda ein tett kontakt med kommunar som står oppført i ROBEK eller som står i fare for å kome på denne lista. Vi har sett krav om gjennomføring av konkrete innsparingstiltak, men har overlate til kommunane sjølve å gjere framlegg om aktuelle tiltak.

Vi har rettleia kommunane i bruk av KOSTRA, både rekneskapsføring og rapportering. Vi har oppmoda kommunane til å nytte KOSTRA. Det er problem med sårbarheit på personalområdet i kommunane. Ei sjukemelding eller skifte av personell i den kritiske fasen rundt nyttår kan gå ut over rapporteringa.

Fylkesmannen har brukt KOSTRA i sin dialog med kommunane og i anna statistikk og har også for 2012 utarbeidd samanfattande rapportar om den økonomiske stoda i alle kommunane i fylket (føreblese og endelege tal).

Rapportane gjeld utviklinga til og med 2012. I tillegg er det lagt ut 2012-tal for den einskilde sektor i den einskilde kommune i form av rapportgeneratorar. Både rapport og rapportgenerator er lagt ut på heimesidene våre og elles marknadsført overfor kommunane. Denne bruken av KOSTRA er blitt nyttig for kvalitetssikring av tala.

Fylkesmannen har i 2013 hatt kontakt med kommunane i samband med budsjettprosessen for 2014. Vi har nytta høve til å forklare den økonomiske stoda for kommunen ved hjelp av inntektssystem, statsbudsjett og KOSTRA.

For 2013 har Fylkesmannen fordelt ei skjønsramme på kr. 137,6 mill. til kommunane. Av dette blei kr. 17,8 mill gitt til omstillings- og utviklingstiltak ( prosjektskjøn ).

Av ramma på kr. 137,5 mill. for 2014 er kr. 24,5 mill. førebels ikkje fordelt mellom kommunane.

Det blei i 2012 starta eit utgreiingsarbeid om eventuell kommunesamanslåing i Nordhordland. Fylkesmannen følgjer dette opp i i samarbeid med regionrådet i Nordhordland.

## Resultatområde 63 Kommunalrett og valglov

### 63.1 Kommunalrett

#### Lovlighetskontroll

Embeter	Saker om lovlighekskontroll etter klage som det er truffet vedtak i			Lovlighetskontroll initiert av fylkesmannen			Vedr. habilitet	Vedr. lukking av møter
	Antall saker	Antall opprettholdt	Antall ulovelig	Antall saker	Antall opprettholdt	Antall ulovelig		
FMHO	6	4	2	1	0	1	1	2
<b>Sum</b>	<b>6</b>	<b>4</b>	<b>2</b>	<b>1</b>	<b>0</b>	<b>1</b>		

### 63.2 Valg

Fylkesmannen har oppfylt embetsoppdraget ved å delta på kurs om den nye valordninga og vere i beredskap i samband med Stortingsvalet 2013. På grunn av endringane i valsystemet er det mindre for Fylkesmannen å gjere under Stortingsval, anna enn å vere i beredskap for spørsmål. Vi har ikkje hatt nokon spørsmål til oss i 2013. Den største delen av "valrelaterte" spørsmål vert knytt til endringar i formannskap/kommunestyre, likestilling etc., og er mest aktuelle i kommuneval-år.

## Resultatområde 64 Forvaltningsloven og offentleglova i forhold til kommunesektoren

Fylkesmannen i Hordaland har handsama 12 klagesaker etter offentleglova i 2013. Dette talet omfattar berre oversendingar hit som har resultert i vedtak fatta her.

Av desse vart klagar i sju av sakane gitt heilt eller delvis medhald.

## **Resultatområde 65 Kommuneinndeling og interkommunalt samarbeid**

### **65.1 Kommuneinndeling**

Det har i 2013 vore ei problemstilling knytt til skatt etter grensejustering mellom kommunane Jondal og Kvinneherad. Fylkesmannen har teke problemstillinga opp med Skattedirektoratet og Kommunaldepartementet (ved fleire høve), utan at det førebels ligg føre noko avklaring.

### **65.2 Interkommunalt samarbeid**

Fylkesmannen har oppfordra til interkommunalt samarbeid. Det har tidlegare vore skaffa til rådvelde eit oversyn over arbeidet frå dei forskjellige regionråda som syner høg aktivitet på dette feltet.

Fylkesmannen oppfordrar til meir samarbeid mellom kommunane og særleg ser vi trong til dette i samband med samhandlingsreforma.

I samband med tildeling av prosjektskjøn prioriterer vi interkommunale samarbeidstiltak.

## **Resultatområde 66 Bolig- og bygningsrett**

### **66.1 Byggesaker**

Vi har handsama 640 klagesaker i 2013. Dette er ein auke i samanlikna med 2012, då talet var 564. Vi har dermed bygd ned restansen ytterlegare i høve til tidlegare år.

Vi har i 2013 vore innafor fristen på 12 vekers sakshandsamingstid i nesten samtlege saker. I tredje tertial var gjennomsnittleg sakshandsamingstid 33 dagar.

### **66.2 Saker om ekspropriasjon**

Fylkesmannen har handsama til saman 12 saker om ekspropriasjon i 2013. Desse fordelte seg slik:

3 saker gjaldt søknad om samtykke til ekspropriasjon etter oregningslova § 2. 1 søknad etter § 2 nr. 31 (bustadbygging) vart avslått. 2 av søknadene gjaldt § 2 nr. 47 (vassforsyning og avlaup) der samtykke vart gjeve.

8 saker gjaldt søknad om samtykke etter oreigningslova § 25 til å setje i verk oreigningsinngrep før det ligg føre rettskraftig skjønn. Samtykke vart gjeve i alle desse.

1 sak gjaldt klage på kommunestyret sitt vedtak etter plan- og bygningslova § 16-2 om ekspropriasjon til gjennomføring av reguleringsplan. Kommunestyret sitt vedtak vart stadfesta.

## 66.3 Klage etter eierseksjonsloven

Klage etter eierseksjonsloven - antall

Embeter	Antall klager	Tatt til følge	Ikke tatt til følge	lovbestemmelser er vurdert under klagebehandlingen
FMHO	0	0	0	
<b>Sum</b>	<b>0</b>	<b>0</b>		

## 66.4 Klage på kommunalt vedtak om forkjøpsrett av leiegård

Klage på kommunalt vedtak om forkjøpsrett av leiegård - antall

Embeter	Antall klager	Tatt til følge	Ikke tatt til følge	lovbestemmelser er vurdert under klagebehandlingen
FMHO	0	0	0	
<b>Sum</b>	<b>0</b>	<b>0</b>		

## Ressursrapportering

Resultatområde	Kapittel 1510 Fagdep.
62 Kommuneøkonomi	kr 924 330,52 kr 0,00
66 Bolig- og bygningsrett	kr 5 281 028,52 kr 0,00
Andre oppgaver under KRD	kr 227 796,60 kr 0,00
Sum:	kr 6 433 155,00 kr 0,00

## Arbeidsdepartementet

### Resultatområde 73 Sosiale tjenester

#### 73.1 Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen

I 2013 behandla vi 384 klager på kommunale vedtak om sosiale tenester. Det er 20 % fleire enn i 2012. Saksbehandlingstida var kort, 84 % av sakene blei behandla innan ein månad. I ei sak var saksbehandlingstida meir enn tre månader. Ved utgangen av 2013 var det 28 klagar på sosiale tenester som ikkje var behandla.

Våren 2013 gjennomførte vi seks dagssamlingar med opplæring i sosialtenestelova med nye forskrifter og nytt rundskriv. Alle Nav-tilsette i fylket fekk tilbodet og om lag 350 av dei deltok. Kvalifiseringsprogrammet og standarden for brukarretta oppfølging var tema på to av samlingane. Dei andre samlingane var av meir generell karakter med hovudvekt på opplysning råd og rettleiing, økonomisk stønad, tilbod om mellombels bustad og utlendingars rett til sosialhjelp.

Rettleiing er gitt i etterkant av planlagte tilsyn, på to samlingar for Nav-leiar og på direkte spørsmål frå tilsette i Nav, andre tilsette i kommunane og publikum. Leiersamlingane (4 dagar pr år) blei arrangert saman med Nav Hordaland. Gjennomførte tilsyn er rapportert under resultatområda 74.1, 74.2 og 74.9.

#### 73.2 Sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen – formidlingstiltak og kompetanseutvikling

Vi har lagt vekt på å samordne Fylkesmannens formidlings- og kompetansetiltak på helse, sosial og barnevernsområdet. Tiltak for formidling, kompetanseutvikling og tilskotsforvaltning på resultatområda 73.1-73.6 er også samordna.

I 2013 hadde vi regelmessig kontaktmøte med Nav fylke for fagleg utveksling og samarbeid om tiltak for å styrke kompetanse og koordinering av tiltak. Vi har også lagt vekt på samarbeid og koordinering med andre faginstanser som Husbanken og IMDI.

Vi deltek på regionale samarbeidsarenaer i fylket. Saman med Nav Hordaland arrangerte vi to (tilsaman 4 dagar) samlingar for alle kommunale og statlege Navleiarar. Etter vår vurdering er arbeidet vi gjer på dette feltet eit viktig bidrag til utvikling av tenestene i Nav.

I 2013 tilsette vi ein person med hovudansvar for oppfølging av kvalifiseringsprogrammet. Det er oppretta nettverk for arbeid med kvalifiseringsprogram. Nettverk for bustadsosialt arbeid og økonomisk rådgjeving er vidareførte. Det same gjeld prosessgrupper innan rus og psykiske lidingar, arbeid med brukarar i LAR og individuell plan.

Fram til 1. juli 2013 hadde vi engasjert kompetanserettleiar i 1/2 stilling for å følgje opp HPMT-prosjekt ved tre Navkontor i fylket.

### **73.3 Kvalifiseringsprogrammet**

I samarbeid med Nav Hordaland gjennomførte vi to dagar med opplæring i lov, forskrift og rundskriv til kvalifiseringsprogrammet (kvp). Tilsette som arbeider med kvp i kommunane har fått tilbod om å delta i fagleg nettverk. Det var to samlingar i 2013. Råd og rettleiing er elles gitt fortløpande til dei kommunane som tok kontakt.

Kvp var tema i møte som vi hadde med statlege og kommunale leiarar ved Nav-kontora. Vi har regelmessige samarbeidsmøte med Nav Hordaland og kvp er eit fast tema.

Vi fekk ein klage på kvp i 2013. Ved tre av fire tilsyn med kvp avdekte vi manglande styring og oppfølging frå leiinga. Deltakarar i kvalifiseringsprogram har som følgje av dette, ikkje fått tilstrekkeleg oppfølging. Dei aktuelle kommunane sytte heller ikkje for at aktuelle deltakarar fekk tilbod om kvalifiseringsprogram.

Vi deltek på fagsamlingar i regi av Arbeids- og velferdsdirektoratet og rapporterer til direktoratet i samsvar med oppdrag.

### **73.4 Utenrettslig økonomisk rådgivning**

I 2013 arrangerte vi eit vidaregåande kurs og eit oppfølgingskurs for deltakarar frå Hordaland med i alt 62 påmeldte. På grunnlag av opplæringsbehov som var meldt inn frå dei andre embeta i regionen, arrangerte vi to grunnkurs og tre vidaregåande kurs i økonomisk rådgjeving for andre fylke.

Vi har vidareført "Økonomisk samarbeidsforum" for kommunalt Nav-tilsette økonomiske rådgjevarar i Hordaland. Det var fem samlingar i forumet i 2013, med om lag 30 deltakarar kvar gong. Andre samarbeidsinstansar hadde innlegg på møta, til dømes kreditorsida(Lindorff), og namsfogden i Bergen. Deltakarar frå Navkontor i Hordaland har fått dekt kursavgift ved deltaking på årskonferansen "Penger til besvær".

Vi har meldt frå om utviklingstrekk på samlingar for kompetansegruppa for økonomisk rådgjeving i regi av Arbeids- og velferdsdirektoratet. I 2013 deltok vi også i arrangementskomiteen til «Penger til besvær».

### **73.5 Boligsosialt arbeid**

I 2013 hadde vi særleg merksemål på bustadsituasjonen for vanskelegstilte. Vi har sett dei ulike verkemidla og innsatsområda i samanheng for å bidra til betre tenester. Vi har ført tilsyn med Nav-kontora sin praksis ved behandling av søknader om mellombels bustad. Tilsynet blei gjennomført med ei kartlegging av praksis ved alle Nav-kontora og systemrevisjon ved tre Nav-kontor. Vi har også følgd opp konkrete tilfelle der det har vore grunn til å tru at einskildpersonar ikkje har fått eit forsvarleg mellombels bustadtilbod. Vi vil følgje opp forhold som er

avdekte ved tilsyn overfor kommunane i 2014. Det gjeld både kvalitet og kapasitet i dei mellombelte bustadtiboda og krav til prosessen i overgangen frå mellombels til varig bustad. Fleire av desse er omtalt både på nettstaden vår og i media, noko vi trur fører til at fleire kommunar kontrollerar eigen praksis.

I dialog med sentral statleg styringsmakt og med kommunane har vi ved fleire høve teke opp at kommunane ikkje har nok tilrettelagde varige bustader å tilby vanskelegstilte. I høyringssvaret om nasjonal strategi for bustadsosialt arbeid har vi peikt på at kommunane og staten må styrka innsatsen for å skaffa fleire tilrettelagde bustader. Det er uheldig når personar ikkje har ein bustad å flytta til når dei kjem frå soning eller vert utskrivne frå behandlingsinstitusjon. Dei mest krevjande leigebuarane, dei som ikkje meistrar å bu i ordinære leigeforhold, skal også ha ein stad å bu.

Informasjon om den statlege satsinga på bustadsosialt arbeid og om tiltaka i fylket er formidla ved ei rekke oppslag på nettsida vår.

I 2013 tildelte vi om lag 5,9 millionar kroner til 14 ½ stilling i tretten bustadsosiale tiltak i åtte kommunar. Stillingane er fordelt slik: Askøy/Bo selv -1 stilling, Askøy/Ambulant team - 1 stilling, Bergen/Aurora - ½ stilling, Bergen/Fyllingsdalen bydel -1 stilling, Bergen/Åsane bydel - 1 stilling, Bergen/Bergenhus bydel -1 stilling, Bergen/Housing first - 2 stillingar, Fitjar -1 stilling, Fjell - 2 stillingar, Os -1 stilling, Sund -1 stilling, Ullensvang -1 stilling, Voss -1 stilling. Vi har fylgd opp tiltaka gjennom løpende kontakt og ved vitjing til to tiltak, Housing First og Ullensvang.

Eit sentralt mål for samarbeidet med Husbanken er å følgja opp, samordna og å vidareutvikla det strategiske arbeidet på det bustadsosiale området. Saman med regionkontoret til Husbanken arrangerte vi ei nettverkssamling for dei som arbeider i tiltaka som får statstilskot. Vi har samarbeidd med Husbanken Region vest i samband med deira bustadsosiale velferdsprogram, mellom anna ved at fylkesmannen leiar programrådet som gir råd til Husbanken om kva for kommunar som bør takast opp i programmet.

## 73.6 Barn og unge

Fylkesmannen har oppdaterte oversikter over utviklingstrekkja blant utsette barn og unge i fylket. Vi bruker denne kunnskapen om oppvekstvilkår systematisk i arbeidet med fylkesmannen sitt planarbeid. I 2013 tildelte om lag 3,1 millionar kroner til arbeid mot barnefattigdom. Midlane blei gitt til seks tiltak i tre kommunar: Askøy kommune, Bergen kommune v/Bergenhus bydel, Fyllingsdalen bydel og Laksevåg bydel, og Kvam herad.

”Ungdomskontoret” i Sund kommune fekk ei løyving direkte frå direktoratet.

Vi hadde jamleg kontakt med tiltaka. Vi vitja tre av dei og arrangerte også ei nettverkssamling for dei som arbeider i tiltaka. Tema var utarbeiding av forpliktande handlingsplanar mot barnefattigdom. Internt og eksternt samarbeid overfor barn og unge var og tema i fleire andre møte. Vi har brukt nettsida vår til å ta opp tema som er relatert til barnefattigdom, mellom anna artiklar om ”sosialtenestelova og barn” og ”barns inntekt”.

Ein regional konferanse som direktoratet hadde planar om å arrangere, blei utsett til våren 2014.

Frå 2014 vil Fylkesmannen i eit eige prosjekt styrke arbeidet med oppvekst og levekår barn og unge med særleg vekt på barn i fattige familiar.

## Ressursrapportering

Under fagkapitlet er det ein auke på resultatområde 733 Kvalifiseringsprogrammet som følgje av auka tildeling.

Resultatområde	Kapittel 1510	Fagdep.
73.3 Kvalifiseringsprogrammet	kr 13 404,70	kr 1 545 009,38
73.9 Andre oppgaver – Sosialtjeneste (rest 73)	kr 1 647 833,81	kr 0,00
74 Tilsyn med sos. tj. i arbeids- og velferdsforv.	kr 687 663,64	kr 0,00
Andre oppgaver under AD	kr 1 840,00	kr 0,00
Sum:	kr 2 350 742,00	kr 1 545 009,00

## Helse- og omsorgsdepartementet

### Resultatområde 76 Samhandling, kvalitet og helseberedskap

#### 76.1 Samarbeid mellom kommune- og spesialisthelsetjenesten

KS og Helse Vest RHF følgjer opp overordna intensjonsavtale for samarbeid i Vestlandsregionen. Samarbeidsavtalar etter lov om kommunale helse- og omsorgstenester mellom kommunane og helseføretaka er reviderte.

Ved utgangen av året hadde 17 kommunar, aleine eller i samarbeid med andre, oppretta kommunale øyeblikkeleg hjelp døgnplassar (ØHD). 5 kommunar har utsett oppstart til 2014. Ved besøk og anna kontakt med ØHD-verksemndene har vi registrert at bruken av plassane så langt ser ut til å vere låg (20-40%) og at det er ein samanheng mellom storleik, kvalitet og berekraft. Faglege rettleiing og oppfølging frå helseføretaka til kommunane og deira samarbeid med fastlegane ser ut til å vere viktige suksessfaktorar for utvikling og bruk av ØHD.

Døme på gode samarbeidsprosjekt og –rutinar i fylket:

- Interkommunale diabetes og KOLSteam i kommunane Os, Fusa og Samnanger.
- Samarbeid om kommunale øyeblikkeleg hjelp døgnplassar i Nordhordland (9 kommunar)
- Helse Bergen og kommunane sitt samarbeid om driftsgrupper for kommunale øyeblikkeleg hjelp døgnplassar.

Kommunane og helseføretaka samarbeider om innføring av system for elektronisk samhandling. 30 kommunar i Hordaland har starta opp elektronisk kommunikasjon mellom fastlegane og dei kommunale pleie- og omsorgstenestene. 21 av kommunane utvekslar meldingar med helseføretaka. Haraldsplass Diakonale Sykehus planlegg oppstart av pilot for meldingsutveksling med kommunane primo mars 2014.

Tilbod om opplæring i aktuelt regelverk blei gitt i 2011 og er sidan gitt fortløpende etter behov som kommunar, spesialisthelsetenesta og andre har meldt inn.

#### 76.3 Kvalitetsforbedring i helse og omsorgstjenesten

Råd og rettleiing om forbettingsarbeid, kvalitet- og styringssystem blei gitt fortløpende, ved behandling av enkeltsaker, i fleire møte med administrative og faglege leiarar og i samband med planlagte tilsyn.

Informasjon om opplæringsmateriell i etisk kompetanseheving er formidla på nettsidene våre, i møte og undervisningsoppdrag. Vi har oppmoda kommunane om å delta i prosjekt "Etisk kompetanseheving" som KS leier. 11 kommunar i fylket deltek. Saman med KS skal vi arrangere Etikk konferanse 6. februar 2014.

Helse Bergen HF, Habiliteringstenesta for vaksne fekk økonomiske støtte til å arrangere kurs om utviklingshemming, aldring og demens hausten 2013.

#### 76.5 Felles digitalt nødnett

Spørsmålet om framdriftsplan og tilrettelegging for felles digitalt naudnett er teke opp i møte med helseføretak og kommunar, mellom anna i Fylkesmannens møte med leiinga i kommunane og i møte med kommuneoverlegane.

#### 76.6 Helseberedskap og smittevern

I 2013 gjennomførte vi følgjande:

- Intern og ekstern kontaktinformasjon og varslingslister i krisestøtteverktøyet DSB-CIM blir oppdatert jamleg.
- Krav til kommunale smittevernplanar var blant emna på dagskonferanse om smittevern, der vi òg delte ut revidert lommeutgåve av «Smittevern sett i system».
- Vi fekk ni meldingar om ulike utbrot i fylket. Av desse var fire i sjukeheim, to i barnehage og eitt på

sjukehus.

- Vi møtte i fylkesberedskapsrådet, SAM-RED-seminaret om samvirke i redningstenesta og andre relevante fora.
- Vi møtte representantar for aktuelle kommunar etter gisselaksjonen i In Amenas, koordinerte oppfølginga og informerte om faglege tilrådingar for oppfølging av dei ramma.
- Vi deltok i nasjonal varslingsøving 10.06.13 og har mellom anna brukt erfaringane frå denne øvinga til å følgje opp utviklar av krisestøtteverktøyet for å få til betre tekniske løysingar.
- Vi hadde intern opplæring i DSB-CIM og var med på CIM-konferansen for brukarar av krisestøtteverktøyet.
- Vi deltok i Øving Hordaland 2013, som var retta mot kriseleiing i kommunar og koordinert frå Fylkesmannen. Som førebuing til øvinga deltok vi på samling om kommunal kriseleiing 04.-05.11.13. Erfaringane frå øvinga 27.11.13 blei gjennomgåtte på samlinga for kommunar i Hordaland 10.-11.12.13.
- Vi øyde Fylkesmannens interne plan for beredskapssituasjonar. Vi bruker erfaringane frå øvinga, mellom anna når det gjeld organisering og informasjon/kommunikasjon internt, når vi no utarbeider avdelingsvise planar og tiltakskort.
- Vi følgde med på og svarte på spørsmål om den langsiktige oppfølginga i kommunane etter 22. juli 2011.

## 76.7 Personell og kompetanse

Kompetanseløftet 2015: Særskilt rapportering om fordeling av tilskotsmidlar og måloppnåing er sendt til Helsedirektoratet i samsvar med oppdrag. Talet på årsverk utført av personell med fagutdanning i brukarretta tenester er 74,5 %, det same som landsgjennomsnittet.

I 2013 arrangerte vi dialogmøte med kommunane der tema var behov og utfordringar med å skaffe nok kvalifisert personell i helse- og omsorgstenestene. Dette arbeidet blir vidareført i 2014.

IPLOS: Vi informerte om verkyet i møte og undervisning for studentar og tilsette i kommunane.

IPLOS blir i liten grad nytta som planleggingsverkty. Dette kan ha samanheng med at sumrapportar som er utvikla for bruk lokalt, ikkje er tilgjengelege i elektroniske pasientjournalsystem som mange av kommunane i fylket brukar.

**Turnusteneste for legar:** For tida har Hordaland 37 turnusplassar/-stillingar for legar i kommunehelsetenesta. Kapasitet og kvalitet er tilfredsstillande.

Talet på kopla stillingar som blir lyste ut gjennom turnusportalen for komande periodar må ha rimeleg samanheng med kva føresetnadar kommunane har for å etablere nye turnusstader av god nok kvalitet i kommunehelsetenesta.

I samarbeid med Nordhordland legevakt og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har vi gjennomført kurs i akuttmedisin for legevakt, kurs i offentleg helsearbeid og to samlingar i halvåret med gruppebasert rettleiing for turnuslegar. Vi har fire fylkesrettleiarar for turnuslegar som blir engasjerte til gruppebasert rettleiing. Dette fungerer godt.

Vi inviterte til kurs for turnusrettleiarar for legar i 2013, men avlyste grunna manglande oppslutning. Tiltaket vil i staden bli gjennomført i 2014.

**Turnusteneste fysioterapeutar:** Dei siste åra er det jamnt blitt vanskelegare å skaffe nok turnusplassar, særleg i spesialisthelsetenesta. 2013 var første året med venteliste. Behovet for plassar blir større i 2014. Vi meiner det er nødvendig å greie ut kva som kan gjerast for å finne ei meir berekraftig turnusordning.

Kurset i offentleg helsearbeid blei gjennomført vår og haust i samarbeid med Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Vi meiner nasjonale helsestyresmakter bør gje tydelegare føringer på kva som skal vere innhaldet i dette kurset og bidra til harmonisering av kursinnhaldet.

## 76.8 Rettsikkerhetsarbeid

**Saksbehandlingstid:** 95 % av sakene som gjeld rett til nødvendig helsehjelp og sjuketransport m.v, blei behandla innan 3 månader.

**Tenester til personar med psykisk utviklingshemming:** Ved tildeling tilskot frå Kompetanseløftet 2015 prioriterte vi i 2013 kommunar som søkte om tilskot for å oppfylle kompetansekrav i helse- og omsorgstenestelova § 9-9 tredje ledd. I samlingar for leiarar oppmoda vi dei også til å søkje om tilskot til dette.

Vi arrangerte ei samling for dei overordna fagleg ansvarlege, dei dagleg ansvarlege og andre som fattar vedtak om bruk av tvang. Opplæring i saksbehandling etter helse- og omsorgstenestelova kapittel 9 var retta inn mot utforming av vedtak om bruk av tvang og søknader om dispensasjon.

Helse Bergen HF, Habiliteringstenesta for vaksne fekk økonomiske støtte til å arrangere kurs om utviklingshemming, aldring og demens hausten 2013.

I 2013 blei det gjennomført 21 stadlege tilsyn der Fylkesmannen hadde godkjent vedtak om bruk av tvang overfor personar med psykisk utviklingshemming.

Ved fire planlagte tilsyn med kommunens bruk av tvang i tenester til psykisk utviklingshemma avdekte vi at det blei bruktvang som ikkje var i samsvar med regelverket. Rapportar frå tilsyna er sende til Statens helsetilsyn.

95 % av sakene etter helse- og omsorgstenestelova kapittel 9 blei behandla innan 3 månader. 67 % av sakene blei behandla innan seks veker. Vi gjennomførte fire planlagte tilsyn med hovudtema rettstryggleik ved bruk av tvang og makt. To av desse tilsyna blei gjennomført som ein kombinasjon av stadlege tilsyn og tilsyn med kommunen si styring med at regelverket blir følgd.

**Pasient- og brukarrettslova kapittel 4 A:** Vi har gitt informasjon og rettleiing om regelverket i pasient- og brukarrettslova kapittel 4A på førespurnad og i fleire enkeltsaker.

I samarbeid med den offentlege tannhelsetenesta, Habiliteringstenesta for vaksne, NKS Olaviken Alderspsykiatriske sykehus arrangerte vi fagdag om førebygging av tvang i helse- og omsorgstenestene. Målgruppa var tilsette i helse- og omsorgstenestene, tannpleiarar og tannlegar.

<http://www.fylkesmannen.no/Hordaland/Kurs-og-konferansar/Fagdag-om-forebygging-av-tvang-i-helse--og-omsorgstenestene/>

I 2013 mottok vi 256 vedtak om bruk av tvang etter pasient- og brukarrettslova kapittel 4 A. Det er omlag 50 fleire enn i 2012. Dei fleste vedtaka gjeld kommunale helse- og omsorgstenester.

## Resultatområde 77 Andre oppdrag

### 77.2 Fritak for forvaltningsmessig taushetsplikt

I 2013 behandla vi 29 saker om fritak frå forvaltningsmessig teieplikt for helsepersonell. Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida var 5 dagar.

**Fritak for forvaltningsmessig taushetsplikt**

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMHO	29	5
<b>Sum</b>	<b>29</b>	

### 77.3 Særfradrag

I 2013 behandla vi 17 saker, åtte av dei er oversende til Helsedirektoratet. Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida var 21 dagar.

**Særfradrag for utgifter til behandling utenfor den offentlige helsetjenesten. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid.**

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMHO	17	21
<b>Sum</b>	<b>17</b>	

## 77.4 Førerkortsaker

I 2013 behandla vi 2153 saker med vurdering av helsekrav til førarkort. Dette er ein auke på 63 % frå 2009-2013.

I 917 saker tilrådde vi inndragning av førarkort på grunnlag av manglande helse. Det er 20 % fleire enn i 2012. Helsepersonell er meir påpasselege med melde frå til fylkesmannen.

971 av sakene var søknader om dispensasjon frå helsekrava. Saksbehandligstida var kort. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid i dei 606 sakene der det ikkje var nødvendig å innhente tilleggsinformasjon, var 10,4 dagar. I dei 365 sakene vi innhenta tilleggsinformasjon, var den gjennomsnittlege saksbehandlingstida 18,8 dagar.

Den gjennomsnittlige saksbehandlingstida for alle sakene var om lag 8,5 dagar.

**Førerkort. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid**

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMHO	2153	8
<b>Sum</b>	<b>2153</b>	

## 77.5 Pasientjournaler

Vi mottok ikkje journalarkiv til oppbevaring i 2013, men fekk også dette året mange spørsmål om kvar pasientar kan vende seg for å få utskrift av journal frå tidlegare behandlar/behandlingsstad.

**Pasientjournaler. Antall saker.**

Embeter	Antall
FMHO	0
<b>Sum</b>	<b>0</b>

## Resultatområde 83 Folkehelsearbeid

### 83.1 Folkehelsearbeid

Dei fleste kommunane ser no ut til å tematisere folkehelsearbeidet i planverket sitt, men kompetansen er skiftande og tradisjonen for å leggje ansvaret på helsesektoren er framleis sterkt. Omgrepet folkehelse blir ofte brukt synonymt med helse. Både spesifikk sjukdomførebygging, rehabilitering og helsetenestene si oppfølging av identifiserte risikopersonar (til dømes i frisklivssentralar) blir ofte framheva når kommunane presenterer sitt folkehelsearbeid.

Munnhellet «i eit folkehelseperspektiv», som Helsedirektoratet gjerne bruker i oppdragsbrev, ser ikkje alltid ut til å resultere i meir vekt på attomliggjande påverknadsfaktorar og befolkningsretta strategiar. Grunnen til dette er tosidig: For det første tek det tid å endre arbeidsmåtar og innarbeidde tenkjemåtar, og for det andre er mykje av det som kjem frå nasjonale styresmakter tvitydig. Døme på dette kan vere at det første konkrete tiltaket som skulle følgje av folkehelselova og folkehelsemeldinga var tilskot til fleire helsestrøyr i skulehelsetenesta, det andre var etablering av ei ny helseteneste i kommunane; frisklivssentralane.

Det kan og vere vanskeleg for kommunane å prioritere langsiktig helsefremjande arbeid som del av samhandlingsreforma, når dei har meir akutte problem å handtere i samhandlinga med spesialisthelsetenesta.

Det står framleis ein del att før vi har klart å gjere strategiar for fleire gode leveår og mindre sosial ulikskap synlege og allment aksepterte i generell samfunnsplanlegging og i sektorar som har ansvar for utdanning, samferdsel, bustadutvikling og næring. Det er lettast å få gjennomslag for tilrettelegging for fysisk aktivitet.

Hovudarenaer for folkehelsearbeidet i 2013:

- Utkast til regional plan for folkehelse 2014 -2025 var tema i planforum i 2013. Folkehelseinnspele blir prioritert i tilbakemeldingar til kommunalt planverk både i planforum, i gjennomgang av nye planstrategiar og i høyringsfråsegner til nye kommuneplanar.

- Fylkesmannen har delteke aktivt i partnarskap for folkehelse og i arbeidet med regional folkehelseplan.
- Folkehelse har vore tema på ulike møte for helse- og sosialpersonell, seinast som presentasjon av SS-2110 (rettleiar til arbeidet med oversikt over helsetilstand å påverknadsfaktorar) på dette årets haustmøte.
- Fem kommunar har publisert si folkehelseoversikt til no. Dette arbeidet blir intensivert i 2014 og 2015 i samband med neste kommuneval og førebuing av nye planstrategiar i kommunane.

**Skulemiljø:** I januar 2013 kontakta vi Helsedirektoratet med spørsmål om utvikling av kurs for kommunane og fylkeskommunen om helsemessige forhold ved skulemiljø. Vi tilbaud å vere pilotfylke for kurset som direktoratet etter kvart utarbeidde. Kurset blei gjennomført i januar 2014 med deltakarar frå 15 kommunar. Tilhøva ved skulane var og tema på det årlege møtet med kommuneoverlegane. Med unntak av møte med politisk og administrativ leiing i Bergen kommune om utbetring av skulane, utsette vi den vidare oppfølging av tilsynet med dei andre kommunanes arbeid med å setje skulane i stand til vi fekk informasjon om resultatet i den nasjonale kartlegginga. Rapporten kom i november. Det går fram at 47 % av skulane i fylket er godkjende og tilfredsstiller krav i forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler, 14 % er godkjende men oppfyller ikkje forskriftskrav og 34 % er ikkje godkjende. Kommunane har ført tilsyn med 63 % av skulane i løpet av dei tre siste åra.

**Forvaltning alkohollova:** Hordaland er eitt av tre pilotfylke for prosjektet Ansvarleg alkoholhandtering. Fylkesmannen har etablert nettverkssamarbeid med Hordaland politidistrikt, Haugalandet og Sunnhordland politidistrikt, KoRus Vest, NHO reiseliv, PSST vaktselskap, LO og kommunane Bergen, Stord og Voss. Vi samarbeidde med KoRus Vest om opplæring til kommunar i å lage ruspolitisk handlingsplan.

I 2013 vart det handsama 4 klagesaker etter alkohollova. Vidare er det fastsett løyvegebyr for befalsmesser og skip med statleg skjenkeløyve. I tillegg er det handsama søknader om utvida skjenketid og skjenkeareal for enkelthøve frå befalsmessene. I 2013 blei det ikkje utført kontrollar med skip som har statleg skjenkeløyve frå Fylkesmannen. I samsvar med alkohollova § 1-9 første ledd blei kontroll med befalsmesser utført av kommunane.

I tillegg er det gitt rettleiing om alkoholregelverket til kommunar og private som har vendt seg til Fylkesmannen i samband med kommunane sin praktisering av regelverket.

**Handlingsplan for førebygging av uønskte svangerskap:** Følgjande tiltak fekk tilskot til oppfølging av *Handlingsplan for forebygging av uønskede svangerskap og abort 2010-2015 – strategier for bedre seksuell helse i 2013*:

- Samarbeid mellom Bergen kommune og Studentsamskipnaden i Bergen om helsestasjon for ungdom med særleg tilbod til unge vaksne mellom 20 og 24 år.
- Delfinansiering av Bergen kommune sin eigen handlingsplan på området. Tilskot til diverse tiltak i handlingsplan for seksuell helse for Bergen kommune, mellom anna tiltak for å auke bruken av langtidsprevensjon og tiltak mot klamydia.
- Stiftinga Amathea fekk overført kr. 19387,26 frå 2012 til 2013: Tidlegare overført heile løyvinga frå 2011 til 2012.

## Resultatområde 84 Kommunale helse- og omsorgstenester

### 84.1 Allmennlegetjenesten inkludert fastlegeordningen

Møte for kommuneoverlegar blei gjennomført i juni 2013. Nettverk for sjukeheimslegar hadde møte vår og haust. Vi følgjer nøyne med på gjennomføring av samhandlingsreforma og kapasitet på legetenestene. Fram til ordninga med å søkje om nye fastlegeheimlar opphørde 1. juli 2013, hadde vi oversendt tilråding om tildeling 11 nye fastlegeheimlar i fem kommunar. Med unntak av enkelte av mindre kommunar er det god rekruttering. Det var ingen kommunar som søkte om mellombels dispensasjon frå fastlegeordninga i 2013.

Det er variasjon i legetenestene i helsestasjons- og skulehelsetenesta. Ved tilsynet med helsestasjonstenester for barn 0-6 år varierte legetid som var avsett til helseundersøking per barn mellom 10 og 30 minutt.

## 84.4 Helsetjenesten til innsatte i fengsel

Det har ikkje vore grunn til å setje iverk særskilte tiltak i 2013. Vi har jamleg kontakt med fengselshelsetenesta og gir rettleiing ved behov.

## 84.6 Helse- og omsorgstjenester i et flerkulturelt samfunn

Hausten 2012 spurde vi kommuneoverlegane om kommunen har lagt til grunn og følger tilrådingar som Helsedirektoratet har gitt om helsetenestetilbod til asylsøkjarar og flyktningar. Vi fekk svar frå 19. Tre av kommunane har ikkje teke imot (busett) flyktningar dei siste åra. Svara tilseier at tilrådingar i IS-1022 «*Veileder for helsetenestetilboden til asylsøkere, flyktninger og familiegenforente*» frå Helsedirektoratet er kjende og følgde.

Dei største utfordringane gjeld rutinar for formidling av relevant informasjon til rett tid mellom einingar i helsetenestene og kommunikasjon med asylsøkjarar og flyktningar. Det går fram av svara at plikta til å bruke tolk er kjent og at kommunane har rutinar for dette. Svara viser også at personellressursane til denne delen av helsetenestene er knappe i enkelte kommunar. Det fører mellom anna til ventetid på vurdering av helsetilstand og helseundersøking.

Ved tilsynet med helsestasjonstene undersøkte vi om tolk blei nytta for å gje og motta informasjon om barn og foreldre. Opplysninga frå leiarar og tilsette ved helsestasjonane tilseier at dei nasjonale tilrådingane om bruk av tolk er kjende.

Ved oppslag på nettsida vår, i brev og møte har vi slik som tidlegare år, informert og formidla nasjonale faglege tilrådingar. Vi har særskilt påpeika plikta til å bruke kvalifiserte tolkar og mint om å bruke kompetansen til RVTS så vel som rettleiaren frå Helsedirektoratet. Arbeidet mot kjønnslemling er integrert i arbeidet mot vald i nære relasjoner. I samarbeid med IMDI Vest, UDI Vest, RVTS, Bufetat Region Vest og Hordaland fylkeskommune arrangerte vi ein to-dagars konferanse om tvangsekteskap og kjønnslemling i november 2013.

Fylkesmannen har uttalt seg til kommunale planar. I kontakt med kommunane legg vi vekt på at tenestene skal vere innretta for heile befolkninga og tilpassa individuelle behov.

## 84.8 Forebyggende helsetjenester

Vi har gitt opplæring og informasjon om pasienttryggleik og styringssystem i fleire år. Det blei også gjort i 2013, i møte om særskilte tema og felles møte med deltagarar frå barnvern, sosial og helse og omsorg, i uttalar og avgjerder i tilsynssaker og ved planlagte tilsyn.

Informasjon om at nasjonale styresmakter ventar kapasitetsauke, særleg i skulehelsetenesta, er formidla til politisk og administrativ leiing i relevante. Etter oppdrag frå Statens helsetilsyn gjennomførte vi seks tilsyn med helsestasjonstene for barn 0-6 år i fem kommunar i 2013. I 2014 blir det ført tilsyn med dei 28 andre kommunane i fylket.

Vi har gitt informasjon om fortolking av regelverk i samband med etablering av frisklivsentralar, ved tildeling av tilskot og i partnarskapssamlingar.

## 84.11 Tannhelse

Vi har regelmessige møte med den offentlege tannhelsetenesta.

I samarbeid med den offentlege tannhelsetenesta, Habiliteringstenesta for vaksne, NKS Olaviken Alderspsykiatriske sykehus arrangerte vi fagdag om førebygging av tvang i helse- og omsorgstenestene. Målgruppa var tilsette i helse- og omsorgstenestene, tannpleiarar og tannlegar.

<http://www.fylkesmannen.no/Hordaland/Kurs-og-konferansar/Fagdag-om-førebygging-av-tvang-i-helse--og-omsorgstenestene/>

## 84.12 Habilitering og rehabilitering, individuell plan og koordinator

**Individuell plan:** Ei av utfordringane er å få alle som har behov for det til å samtykke til å ha ein individuell plan. Ei anna utfordring kan vere å få rette instans i hjelpeapparatet til å ta ansvar for koordinatorrollen for dei mest ressurskrevjande pasientane.

**Koordinerande eining:** Alle kommunane og helseføretaka har koordinerande eining. Det er skilnader på korleis funksjonen er organisert, kva mynde og oppgåver som er lagt til einingane og korleis dei fungerer.

**Fagleg breidde og kvalitet innan habilitering og rehabilitering:** Det er for stor variasjon i tenestetilboda, men vanskeleg å peike på ei bestemt gruppe eller grupper som ikkje får gode nok tilbod. Tilbod varierer med tilstanden til den enkelte, organisering av tenestene, tilgjenge på kompetanse der brukarane bur og korleis det tverrfaglege samarbeidet fungerer. Kapasiteten i avlastningstilbod til barn og unge er ikkje god nok i alle kommunane. For mange er tilrettelagt bustad ein grunnleggjande føresetnad for rehabilitering. Det er mangel på bustader til personar med psykisk sjukdom og rusproblem. Det er og skilnader på omfang og innhald i tenestetilboda.

Fylkesmannen har i fleire år formidla behovet for å prioritere habiliterings- og rehabiliteringstenester til politiske, administrative og fagleg leiarar i barnevern, sosial og helse- og omsorgstenestene. Dei gjorde vi også i dialogen med kommunane og helseføretaka, Nav-Hordaland og Bufetat i 2013.

## 84.13 Omsorgsplan 2015

23 av 33 kommunar har vedteke eller har framlegg om ein overordna planstrategi der framtidas omsorgsutfordringar er sett på dagsorden.

Vi samarbeider med Senter for omsorgsforskning region vest, Utviklingscenter for sykehjem og hjemmetjenester i Hordaland, Bjørgene Utviklingscenter for sykehjem og hjemmetjenester, KS og NKS Olaviken Alderspsykiatriske sykehus for gjennomføring av ulike prosjekt, koordinering av tiltak og konferansar. På helse og omsorgskonferansen i april var tema «Tenester i endring – kompetanse utfordringar i kommunane».

**Demensplan 2015:** Fagmiljø, fagfolk og frivillige organisasjonar er interessert og opptekne av fagfeltet. I samarbeid med Nasjonalt kompetansesenter for aldring og helse arrangerte vi tverrfagleg samling for helsepersonell som arbeider med heimetenester til personar med demens. Tema var gode tilbod og alternativ organisering av tenestetilbod. Vi har fått tilbakemelding om at fagleg oppdatering og erfaringsoverføring og kontakt mellom kommunar er viktig.

**Tiltak for pårørande:** 20 av 33 kommunar har tilbod om pårørandeskule og/eller kurs for pårørande. Tilboda blir gitt i nært samarbeid med lokale demens-foreiningar og Nasjonalforeningen for folkehelse.

**Tilrettelagte dagtilbod:** 25 av 33 kommunar har dagtilbod for personar med demens. I 2012 hadde 19 kommunar slike tilbod. Vi har informert om tilskotordninga til alle kommunane og meiner at denne er kjent. Det tek likevel lang tid før det blir oppretta dagtilbod. Oversikt frå Helsedirektoratet viser at få søknader frå Hordaland om tilskot til etablering av nye dagtilbod. i 2013 blei det søkt om tilskot til 48 plasser. Det er etter vårt syn viktig å få fleire dagtilbod. i den samanheng er det viktig å formidle informasjon om føremålet, kva effekt tilbodet har og døme på vellukka tiltak.

**Opplæringstiltak:** 29 av 33 kommunar deltek i opplæringstiltak som gjeld Demensomsorgens ABC eller Eldreomsorgens ABC. Dette er like mange som i 2012. Haugesund kommune, Bjørgene Omsorg- og utviklingscenter fekk tilskot til gjennomføring av kompetanseheving innan Eldreomsorgens ABC / Demensomsorgens ABC.

**Investeringstilskot til sjukeheimar og omsorgsbustader:** I 2013 blei det gitt tilsegn om tilskot til 160 einingar, 76 sjukeheimspllassar og 84 omsorgsbustader.

Tal frå SSB (KOSTRA) viser at det i 2012 var 4144 sjukeheimspllassar i fylket, 48 fleire enn i 2011. Det var 20,5 pllassar per 100 innbyggjar over 80 år. 18,2 % av institusjonspllassane var korttidspllassar. Korttidspllassane er viktige for å sikre god flyt og samhandling mellom kommune- og spesialisthelsetenesta. Dei er og nødvendige for å gje pårørande med store omsorgsoppgåver om regelmessig avlastning. Kommunane i Hordaland brukar i gjennomsnitt 31,3 % av netto driftsutgifter på pleie og omsorgstenester. Landsgjennomsnittet er 30,2 %. Netto driftsutgifter per innbyggjar over 80 år er litt høgare enn gjennomsnittet for landet. Netto driftsutgifter per innbyggjarar er tilnærma lik landsgjennomsnittet.

Målet med fagdag som Husbanken og Fylkesmannen arrangerte for kommunane, var å stimulere til å fornye og auke talet på sjukeheimspllassar og omsorgsbustader.

**Utviklingscenter for sjukeheimar og heimetenester (USHT):** Vi deltek i fag- og samarbeidsråd for USHT Hordaland og USHT Bjørgene. Dei er ein viktig samarbeidspartner. USHT Hordaland fekk eit tilskot på kr 198 700 til legemiddelgjennomgang i sjukeheim, jf. pasienttryggleikskampanjen. 18 av 33 kommunar deltok. Nettverket blir vidareført i 2014. Innsatsområdet er samstemming og rett legemiddelbruk i heimetenestene.

Fleire kommunar deltek i forsking og fagutviklingsprosjekt. Ei av utfordringane er at leiinga ikkje er medviten nok om utbytet fagfolk og tenester har av å delta. Av omsyn til rekruttering og etablering av robuste fagmiljø er det viktig å stimulere til at forskingsprosjekt blir betre integrerte i praksisfeltet. Forsking i kommunale helse- og omsorgstenester var tema på helse og omsorgskonferansen i 2013. SFOV har utarbeidd ei eiga forskingshandbok til bruk for kommunane.

**Lindrande behandling:** I samarbeid med leiar for Kompetansesenteret i lindrande behandling Helseregion Vest vurderte og prioriterte vi 12 søknader om tilskot til lindrande behandling og omsorg ved livets slutt. Helsedirektoratet følgde innstillinga vår.

**Aktiv omsorg/Partnarskap med familie og lokalsamfunn:** Prosjektet "Kommunar i dans med frivillig innsats" blir avslutta i 2014. Den store utfordringa er å aktivisere heimebuande som ikkje på eige initiativ er i stand til å delta i sosiale aktivitetar. Her har frivilligkeitssentralane ei viktig rolle.

## 84.14 Psykisk helse og rus

Samanstilling og kvalitetssikring av rapportering, jf. IS-24/2012, fordeling av tilskotsmidlar og våre rapporteringar til Helsedirektoratet er utført i samsvar med oppdrag.

Fylkesmannen i Hordaland samarbeidde med Fylkesmannen i Rogaland, Nav Hordaland, Bergen legevakt og politiet, Senter for krisepsykologi og Helse Stavanger HF om å arrangere to fagdagar for psykisk helse og rus hausten 2013. Den eine dagen la særleg vekt på barn som lever med vald i familien. Den andre dagen hadde hovudtema alkohol, vald og doping. Tilsette i ulike tenester i kommunane, brukarorganisasjonar, kompetansesenter og tilsette i spesialisthelsetenesta var inviterte. Napha var til stades på fagdagen i Bergen. Vi har motteke mange tilbakemeldingar om behov for meir kunnskap om doping. Innlegg om dette temaet vart svært godt motteke.

I samarbeid med RKBU og Helse Bergen HF arrangerte vi «Småbarnsdagane» i Bergen. Viktige tema var mellom anna habilitering og psykisk helse og ivaretaking av foreldre – barn relasjonen når foreldre har psykiske vanskar. Fylkesmannen i Hordaland har i samarbeid med Korus Bergen arrangert kursrekke for kommunane i Hordaland om rusmiddelpolitiske handlingsplanar.

I 2013 valde vi prioritere bustad som satsingsområde og gav tilskot til prosjekt som gjeld bustad for personar med samansette vanskar og behov for koordinerte tenester. Bustad vil vere og vere satsingsområde i 2014. Det er framleis utfordringar i samhandling og koordinering av tenester til dei sjukaste brukarane. Ein del pasientar som kan skrivast ut frå spesialisthelsetenesta, bur lenge i institusjon i sepsialisthelsetenesta i påvente av eigna tilbod i kommunen. For tida er det meir enn 40 personar som er ferdig behandla i spesialisthelsetenesta men som ikkej får flytte til eigen bustad i Bergen kommune.

## Resultatområde 85 Spesialhelsetjeneste

### 85.1 Abort- og steriliseringsnemndene

Vi har behandlet en søknad om sterilisering i 2013. Saksbehandlingstid ble 3 måneder på grunn av særlige forhold.

### 85.3 Lov om transplantasjon

Vi hadde ingen saker i 2013.

**Antall saker**

Embeter	Antall
FMHO	0
<b>Sum</b>	<b>0</b>

## 85.4 Tillatelse til å rekvirere sentralstimulerende midler

I 2013 behandla vi 717 saker. Den gjennomsnittlige saksbehandlingstida var 3 dagar.  
**Tillatelse til å rekvirere sentralstimulerende legemidler. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid**

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMHO	717	3
<b>Sum</b>	<b>717</b>	

## 85.5 Kosmetisk plastikkirurgiske inngrep

Fylkesmannen i Hordaland fekk ingen saker på dette saksområdet til behandling i 2013.  
**Kosmetisk plastikkirurgiske inngrep. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid**

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMHO	0	0
<b>Sum</b>	<b>0</b>	

## 85.8 Behandling av klager etter psykisk helsevernloven

I 2013 behandla vi 123 saker. Median saksbehandlingstid var 2 dagar, gjennomsnitt 4,7 dagar.

## 85.9 Øvrige oppgaver knyttet til det psykiske helsevernet

Søknader blei behandla fortløpende. Rapporteringar er utført i samsvar med oppdrag.

## 85.10 Kontrollkommisjonsoppgaver

Oppgåvane er utført i samsvar med oppdrag.

## 85.11 Hjemsendelse, hjemhenting og gjennomføring av tvungen psykisk helsevern for pasienter som ikke har bosted i riket

Etter avtale med Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Fylkesmannen i Rogland behandler Fylkesmannen i Hordaland r saker om heimhenting og heimsending av pasientar. I 2013 behandla vi fire slike saker Alle blei innvilga.

Same året behandla og innvilga vi dekning av utgifter i to saker om gjennomføring av tvungen psykisk helsevern for pasientar som ikkje har bustad i landet. Ut frå føespurnader frå helseføretaka, ventar vi ein auke av slike saker i 2014.

## Ressursrapportering

Det er ein markert auke på resultatområde 850 Spesialhelsetjenesten. To resultatområde (860 og 870) er i 2013 lagt til 850, og her utgjer ca. kr. 3 449 000 godtgjersle til medlemmar av kontrollkommisjonar, altså eksterne. Det er totalt ein reduksjon på fagkapitlet, og det skuldast rammeoverføring til kap. 1510 og ein reduksjon på ca. kr. 800 000 i godtgjersle til kontrollkommisjonar.

### Resultatområde

82 Tilsyn og klagesaksbeh. etter helsetj. loven

### Kapittel 1510

kr 8 262 430,36

### Fagdep.

kr 0,00

83 Folkehelsearbeid	kr 1 054 702,22	kr 383 655,10
83.1 Folkehelsearbeid generelt	kr 31 223,58	kr 0,00
83.2 Tilsyn etter folkehelseloven	kr 74 161,68	kr 0,00
84 Kommunale helse- og omsorgstjenester	kr 4 094 454,99	kr 461 840,25
85 Spesialhelsetjenesten	kr 944 645,89	kr 3 889 626,82
76 og 77 Kvalitet og samhandling og Andre oppdrag	kr 3 810 549,66	kr 554 465,97
Andre oppgaver under HOD	kr 12 771,60	kr 0,00
Sum:	kr 18 284 939,00	kr 5 289 588,00

## Samferdselsdepartementet

### **Resultatområde 91 Oppdrag for Samferdselsdepartementet**

#### **91.1 Avkjørselssaker etter vegloven**

Fylkesmannen i Hordaland har ikke fatta vedtak i klagesaker på dette feltet i 2013.

#### **91.2 Konsesjon til anlegg og drift av taubaner**

##### **91.2 Konsesjon til anlegg og drift av taubaner**

Fylkesmannen i Hordaland har handsama 2 søknader om konsesjon etter taubanelova i 2013.

## Utenriksdepartementet

### **Resultatområde 92 Oppdrag for Utenriksdepartementet**

#### **92.1 Apostiller**

Embetet behandla 4035 apostillar i 2013.

#### **92.2 Forberedelse av saker om honorære konsuler**

Fylkesmannen gav i 2013 uttale i to saker om utnevnelse av ny honorær konsul.

## Kulturdepartementet

### **Resultatområde 95 Tros- og livssynssamfunn**

Fylkesmannen har handsama alle mottekne søknader om statstilskot for trudomssamfunn i 2013.

Det er utbetalt støtte for 13.044 medlemmar fordelt på 63 registrerte og uregistrerte trudomssamfunn. Samla

utgjer dette kr. 5.504.568,-.

Vi har registrert eitt nytt trudomssamfunn i 2013, Pinsekirken Noah, Arna.

Vi viser elles til eigen årsrapport som vert sendt Kulturdepartementet.

## **Resultatområde 96 Gravferdsloven**

Fylkesmannen fatta i 2013 131 vedtak etter gravferdslova § 20 andre ledd. 18 søknader vart avslått. Resten av søknadene vart innvilga. Eit avslag vart påklaga og send departementet for klagehandsaming. Det er i tillegg gitt ein del orientering og rettleiing til publikum.

## **Resultatområde 97 Lov om helligdager og helligdagsfred**

Vi har handsama tre saker om utvida opningstid etter lov om helligdag og helligdagsfred.

Vidare har vi godkjent Modalen kommune og Austevoll kommune som typiske turiststader.

Det er gitt ein del orientering og rettleiing til publikum over telefon.

## **Resultatområde 98 Oppdrag på det administrative området**

### **98.1 Rekruttere, videreutvikle og beholde medarbeidere**

**Fylkesmannen i Hordaland vil vere ein god og attraktiv arbeidsplass. I nokre yrkesgrupper har det vore vanskeleg å rekruttere kvalifiserte fagfolk, med å Vi taper lønskampen både mot private arbeidsgjevarar i fylket og nokre offentlege verksamder, som til dømes kommunar og statens vegvesen. Då vi ikkje kan konkurrere fullt ut på løn, ser vi det som heilt avgjerande å vere ein god og inkluderande arbeidsplass som legg til rette for å kombinere familieliv og yrkeskarriere samstundes som vi kan tilby spanande og utfordrande arbeidsoppgåver. Dette meiner vi fremjer likestilling og mangfold, og kan vere eit konkurranseføretrekk i kampen om om dei gode hovuda.**

#### **Innvandrarbakgrunn:**

Embetet har som mål å auke talet på tilsette med innvandrarbakgrunn. I 2013 vart det ikkje tilsett nokon i denne gruppa i fast stilling, men tre personar med innvandrarbakgrunn var inne til intervju og ein av desse vart tilsett i eit vikariat. I samband med utlysing av ledige stillingar vert alltid personar med innvandrarbakgrunn oppmoda om å sökje. Til tross for dette er det få sökjarar med innvandrarbakgrunn til ledige stillingar hos oss. Sökjarar med innvandrarbakgrunn vert alltid innkalla til intervju dersom dei er kvalifiserte, men vi ser oftare at arbeidssökjarar frå land som er ramma av den økonomiske krisa i europa søker på stillingar dei ikkje er kvalifiserte for og ikkje har språkkunnskap nok til å inneha. For å betre kunne vurdere kvalifikasjonane til sökjarar med bakgrunn frå utlandet, ber vi no om NOKUTgodkjenning og oversettingar av vitnemål i utlysingstekstane. Vi håper at dette vil gjøre det lettare for leiarane å samanlikne kvalifikasjonane til sökjarane.

#### **Nedsett funksjonsevne:**

I samband med delmål 2 i IAavtalen (rekruttere personar med nedsett funksjonsevne) har embedet i samarbeid med nav gjennom fleier år hatt personar med nedsett funksjonsevne i arbeidstrening/utprøving av arbeidsevne o.l. I løpet av 2013 har to personar hatt arbeidstrening/utprøving av arbeidsevne hos fylkesmannen, og begge to har ettertid fått vikariat her. Fylkesmannen har kontinerleg kommunikasjon med NAV om moglege "jobbstrategikandidatar" og kandidatar til IA plassar og målet er at vi til einkvar tid skal ha minst ein IA-plass i organisasjonen. Sökjarar med nedsett funksjonsevne vert oppmoda om å sökje ledige stillingar, og minst ein

søkjar med nedsett funksjonsevne skal kallast inn til intervju under føresetnad av at formelle kvalifikasjonskrav er oppfylde. Det er likevel få søkerar som gir tilkjenne at dei har nedsett funksjonsevne. I 2013 var ingen med nedsett funksjonsevne kalla inn til intervju.

Embetet har kontinuerleg fokus på universell utforming, og ser dette som eit viktig virkemiddel for å kunne rekruttere og beholde medarbeidrarar med nedsett funksjonsevne. Embetet har eigen handlingsplan på området og har sett i verk fleire tiltak internt i Statens hus.

**Seniorpolitikk:**

Fylkesmannen er oppteken av at vi skal legge forholda til rette for å beholde seniorane våre så lenge som råd. Pr. 1. desember 2013 var 15 prosent av dei tilsette i aldersgruppa 60- 69 år. Avgangsalder for overgang til pensjon var 66,3 år.

**Oppfølging IA:**

Fylkesmannen har tradisjonelt hatt eit stabilt lågt sjukefråvær. Vi hadde ein oppgang i sjukefråveret i 2010. I 2013 var det totale sjukefråvert på 3,25 prosent. At sjukefråværet har stabilisert seg på eit lågt nivå og er godt under IA-målsettinga på fem prosent, ser vi som eit teikn på at vi har eit godt arbeidsmiljø og høg jobbtrivsel blant dei tilsette samstundes som leiarane har god kompetanse på oppfølging av sjukmeldte. Fylkesmannen har som mål å hindre at tilsette fell ut av arbeidslivet og vert uføretrygda. Som førebyggjandetiltak vurderer vi fortløpende tiltak saman med bedriftshelsetenesta og har tilbod om treningsrettleiring og arbeidsplassvurderingar i tillegg til felles tiltak, som avdelingsvise trimturar i lunsjpause, pausetrim, stressmestringskurs mv. Vi har to årlege IA-møte saman med vernetenesta og tillitsvalde. Fylkesmannen ved avdelingsdirektør for administrasjons- og verjemålsavdelinga er representert i IA-rådet i Hordaland.

**Kompetanseutvikling:**

Medarbeidersamtalar og virksomhetsplanar skal danne grunnlag for fordeling av kompetansemidlar ved embetet. På bakgrunn av dette vert det utarbeidd ein felles opplæringsplan kvart år. Dei tilsette skal sikrast fagleg påfyll og få dekt kompetansebehovet sitt i høve til dei arbeidsoppgåvene dei har. Fylkesmannen er opptatt av at det skal gis lik mulighet til karriereutvikling og personlig utvikling uavhengig av kjøn, alder, funksjonsevne og etnisk bakgrunn.

I 2013 hadde embetet felles opplæringsstiltak innan nynorskkompetanse, retorikk, presentasjonsteknikk og excel. Vi tilbyr og deltaking på seniorkursa som Statens pensjonskasse arrangerer og oppmodar leiarar, tillitsvalde og verneombod om å melde seg på IA-kurs i regi av NAV arbeidslivssenter. Verksemda legg opp til kompetansehevingstiltak gjennom felles kurs og seminar, og kompetansedeling internt. I tillegg til dette kjem individuelle kompetansehevingstiltak som vert avtalt mellom leiar og den enskilde tilsette. Vi ser at det er eit gjennomgåande trekk at fleire under 50 år ønskjer å delta på kompetansehevande tiltak enn det som er tilfelle for aldersgruppa over 50 år

Embetet har ikkje hatt ressursar til å kunne prioritere kompetanseutvikling i tilstrekkeleg og ønska grad. Dette vil Fylkesmannen no gjere noko med og det er for 2014 sett av ein betydeleg sum til kompetanseutvikling.

**Tilsatte med innvanderbakgrunn****Tilsatte med innvanderbakgrunn**

Embete	Antall 2012	% 2012	2013	% 2013
FMHO	6	3	6	3
<b>Sum</b>	<b>6</b>	<b>3</b>	<b>6</b>	<b>3</b>

## 98.2 Risikostyring

Embetet har dei siste åra arbeidd med å implementere risikostyring i det ordinære styringssystemet vårt. Arbeidet har vore forankra i leiar-gruppa. Risikostyring er integrert inn i verksemddplanarbeidet og i styringshjulet. Frå 2013 har avdelingane i samband med verksemddplan-arbeidet gjennomført risikovurderingar av kritiske faktorar knytte til å nå hovudmåla i oppdragene. Risiko på dei ulike områda blir vurdert i samband med gjennomgang av verksemddplanen jf. styrings-hjulet. Leiargruppa har gjennomført ein overordna, samla risikoanalyse på verksemdkritiske område.

Embetet har hatt åtte overordna risikoområde i 2013:

- Verjemål
- Informasjonstryggleik
- Tilskotforvaltning

- Beredskap
- Medarbeidarundersøkinga
- Internt plansamarbeid
- Ombygging i Statens Hus
- Arkivet

Vi har utarbeidd eigne retningsliner for risikostyring som klargjer roller, ansvar og metodikk for risiko-vurdering. Retningslinene skal ligge til grunn for arbeidet med verksemoplanen i avdelingane og i embetet.

Risikovurderingar skal generelt vere eit element i kvalitetssikring av alle arbeidsprosessar med sikte på å unngå feil, og sikre god ressursutnytting. Embetet har nytta ei metodisk tilnærming med utgangspunkt i DFØ sin rettleier for risikostyring.

### 98.3 Medvirkning

Fylkesmannen er oppteken av å sikre medbestemmelse og medverknad frå tilsette og deira fagorganisasjonar og ser at det er viktig å synleggjere medverknad i praksis. Forutan fire faste møte med organisasjonane på nivå 1 (org. med medlemstal over 10 % av dei tilsette + hovudsamanslutningane) inviterer Fylkesmannen alle tillitsvalde til informasjonsmøte om viktige saker. Det vert og halde møte om budsjett og i samband med lokale forhandlingar. Det er nedfelt i lokal tilpasningsavtale at møte skal avhaldast dersom ein av partane finn det naudsynt.

Saker som omfatter heile embetet og som er avdelingsoverskridande skal handsamast på embetsnivå.

Alle organisasjonane vert orientert om ledige stillingar som vert lyst ut, og får uttale seg om lønnsplasering mv. Dette sikrar reell medverknad når det gjeld stillings og lønnspllassering, og gjer at dei tillitsvalde i røynda er med på ein kontinuerleg utviklingsprosess når det gjeld lokal lønspolitikk.

Fylkesmannen tilstreber å sikre deltaking frå organisasjonane i interne råd og arbeidsgrupper. Dette er nedfelt i tilpasningsavtalen.

Avdelingssjef for administrasjons- og verjemålsavdelinga ved embetet er leiar for Nettverksgruppa for vestlandet (samarbeid og medbestemmelse, HTA pkt. 5.6.1). Personalrådgjevar er og medlem av gruppa. Nettverksgruppa har arrangert ein stor konferanse med fokus på varslig og konflikthandtering. Målgruppa for konferansane er leiarar og tillitsvalde i statlege verksemder i Hordaland og Sogn og Fjordane. Hensikten var å auke samarbeidskompetansen og sikre medbestemmelse og samarbeid mellom partane i arbeidslivet. På konferansen i 2013 deltok og Fylkesmannen og tillitsvalde frå eigen verksemd. Vi har nytta høvet til å informere eigne lokale tillitsvalde om samarbeid og medbestemmelse, og har sytt for at leiarar og tillitsvalde har alle fått utlevert heftet "Samarbeidskompetanse og medbestemmelse".

Det har blitt arbeidd med å etablere avdelingsvise samarbeidsfora; såkalla nivå 2 møte - der avdelingsleiinga kan ta med avdelingstillitvalde for å sikre god intern kommunikasjon og informasjonsutveksling. Slik sett får leiinga og fleire kanalar inn med informasjon om kva organisasjonane meiner er viktige saker.

I 2013 har embetet gjennomført ei evaluering av intern omorganisering som vart gjennomført i 2010-2011. Evalueringa retta seg både mot eksterne samhandlingsaktørar og eigne tilsette. Dei tillitsvalde har vore representert i arbeidet med å planlegge evalueringa og definere spørsmål, og dermed kva område som det skulle fokuserast på.

### 98.4 Likestilling og likeverd

Fylkesmannen er oppteken av at alle får same høve til jobbutvikling, tildeling av kompetanseoppbyggjande arbeidsoppgåver, leiaroppgåver og leiarutvikling, lønnsopprykking og avansement, uavhengig av kjønn, alder, etnisk bakgrunn og funksjonsevne. Vi arbeider for å få ein rimeleg balanse mellom kjønna i leiarstillingar på alle nivå. Fylkesmannen i Hordaland arbeider aktivt for å fremme likestilling og hindre diskriminering gjennom ein bevisst personalpolitikk og personalleiing.

Det går fram av tilpasningsavtalen at det ved nedsetting av interne arbeidsgrupper o.l. skal sikrast jammkjønnsfordeling. I tillegg skal avdelingsleiing og embetsleiing alltid vurdere kjønnsrelevans ved tilsettingar, og særleg vurdere kvinnepresentasjon i leiargruppa. Vi ser at kvinneandelen blant dei tilsette er aukande, og ser det difor som viktig å ha fokus på jammkjønnsfordeling i alle stillingsgrupper - innafor handlingsrommet vi har. På leiarnivå har vi dei siste åra ikkje hatt behov for særskilte tiltak knytt til kvinnepresentasjon då vi her oppfyller

krava til kjønsfordeling.

**Lønn**

	Kjønnsbalanse				Lønn	
	m%	k%	Totalt(N)	m (kr/%)	k (kr/%)	
Embetsledelse/direktør	2013	50,0	50,0	100	100	93,0
	2012	50,0	50,0	100	100	93,0
Seksjonssjef/ass. direktør	2013	63,0	37,0	100	100	102,0
	2012	60,0	40,0	100	100	107,0
Saksbehandler I	2013	54,0	46,0	100	100	96,0
	2012	54,0	46,0	100	100	97,0
Saksbeandler II	2013	30,0	70,0	100	100	98,0
	2012	32,0	68,0	100	100	98,0
Kontorstillinger	2013	19,0	81,0	100	100	98,0
	2012	21,0	79,0	100	100	96,0
Fagarbeiderstillinger	2013	0,0	0,0	0	100	0,0
	2012	0,0	0,0	0	100	0,0
Unge arb.takere inkl lærlinger	2013	0,0	0,0	0	100	0,0
	2012	0,0	0,0	0	100	0,0
Totalt i embetet	2013	43,2	56,8	500	100	97,3
	2012	43,4	56,6	500	100	97,7

**Deltid**

	Deltid		Midlertidig		Foreldreperm.		Legemeldt fravær	
	M%	K%	M%	K%	M%	K%	M%	K%
Totalt i virksomheten	2013	36,4	63,6	26,9	73,1	28,6	71,4	40,0
	2012	30,0	70,0	30,0	70,0	33,3	66,7	33,3

**Ansatte**

2013	Ledere med personalansvar		Totalt	Medarbeidere		Totalt	Lønn	
	M%	K%		M%	K%		M%	K/M i %
FMHO	44,0	56,0	100	58,0	42,0	100	100	94,0

**Resultatområde 99 Partistøtteordningen**

Det vart utbetalt kr. 3.038.247,40 til kommuneparti, kr. 1.939.969,20 til fylkesungdomsparti og kr. 6.663.660,30 til fylkesparti i Hordaland i 20123 via den elektroniske løysinga [www.partistotte.fylkesmannen.no](http://www.partistotte.fylkesmannen.no).

**Andre****Ressursrapportering**

Resultatområde	Kapittel 1510	Fagdep.
91 Andre faglige oppg. på oppd. for statlige virk.	kr 207 354,99	kr 0,00
92 Andre faglige oppgaver for ikke-statlige virk.	kr 0,00	kr 0,00
95 Ressursbruk knyttet til adm/felles oppg./drift	kr 28 471 521,00	kr 0,00
Sum:	kr 28 678 875,00	kr 0,00